

L B med artiklar

MÅLSTRID I SAMLAGET MED LEGENDARISK PREGFeil! Bokmerket er ikke definert.

På 1950-talet var det mange målpolitiske stridar innanfor målrørsla ein av desse stridane var knytt til Det Norske Samlaget. Denne striden er lite kjend i dag, og me hev svært sparsame upplysningar å byggja på.

Ei av desse kjeldene er nokre utsegner i 100-årsboki til Samlaget. Her heiter det : " Da Norsk råknemnd vart skipa, fekk Samlaget ein representant der. Det fall naturleg å velje ordbokredaktør Alf Hellevik, men på Samlagsmøtet opponerte dei "konservative" mot dette. Hellevik var ikkje rette innen, meinte dei, d.v.s. han var for "radikal". Det vart faktiske gjort ein freistnad på å velte styret den ngen, og på det neste årsmøtet var opposisjonen mot Skards styre enda sterkare. Årsaka var sjølv sagt ikkje Helleviks person. Striden kom i røynda av den gamle motsetninga mellom "vestmenn" og "austmenn" eller "onservative" og "radikale" målmenn. Denne konflikten har naturlegvis vore merkande i Samlaget òg, frå tid anna. ... Feidane i 1950-åra er vel å rekne for etterdønningar frå ymse samanstøytar på 30-talet, særleg ikring innføringa av 38-rettskrivinga."¹

Dersom me gjeng til den årsmeldingi som Samlaget sjølv let prenta i Syn og Segn finn me endå meir sparsame upplysningar. Grunnane til dette vil det vera rein spekulasjon å leggja seg burt i. Me byrjar med upprit frå årsmøtet i Samlaget 1952.

"Professor Knut Robberstad sa seg samd med Bergwitz og Sørbs i at oppnemninga til Norsk Språknemnd burde ha vori lagd fram for årsmøtet." Knut Robberstad var med i styret for Samlaget på denne tidi. Seinare same året skulde Robberstad verta vald til formann i Noregs Mållag under sterk sjikane avdi han var høgnorskmann.

Uppritet frå årsmøtet i 1953 hev nokre lausrivne sitat :

"I ordskiftet om årsmelding og rekneskap kom det fram ymis kritikk i samband med Norsk Språknemnd ..." "... Forutan formannen var desse med i ordskiftet : stud. jur. Hallvard Bergwits, sekretær Knut Fortun, lektor Hallvard Framnes, dr. Idar Handagard ..." Dessutan var høgnorskvenen Ingolf Kvamen med i ordskiftet. Vidare heiter det : Professor Sigmund Skard vart samråystes attvald til formann, sameleis professor Olav Midttun til styremedlem, ...

På både årsmøti var det fleire høgnorskmen med. Me merkar oss særleg at Hallvard Framnes hev teke turen heilt frå Voss for å vera med på årsmøtet i 1953. At den sokalla i-målsgeneralen fann grunn til å reisa til Oslo verkar noko serskilt påtakelagt, og tyder på meir organisert motstand mot dei samnorskvenlege i Samlaget enn det som hadde vore vanlegt tidlegare. Når me òg veit kva Framnes elles hadde å segja um utnemningi til Norsk

i bokspredningsarbeidet
Mållag / forlag

Språknemnd,² kann me ikkje tru at han hadde serleg høge tankar um at Samlaget peika ut ein av dei aller mest samnorskvenlege, Alf Hellevik, til målsmann for Samlaget.

Av lagsprotokollen til Vestlandske Mållag fær me stadfest mistanken um ein organisert høgnorskopposisjon. Framnes skriv sjølv etter møtet. " Etter sterk uppmoding austfrå møtte formannen på årsmøte i Det Norske Samlaget i juli. Det Norske Samlaget rår no yver store kapitalar som er gjevne til bate for målreisingsarbeidet. Og det er viktig at styreval og anna ikkje vert avgjort berre av dei som tilfelleleg møter frå Oslo og nærmeste grannelaget. Det kom fram sterk kritikk mot styret på fleire punkt, og ei fråsegn til styret um ikkje å avvisa samarbeid med andre nynorske mållag, vart samrøystes vedteke."³

Uppmoding

Når pårennet mot formannen og styret ikkje hev vunne fram på årsmøtet hev Framnes og dei andre gjort kuvending og vald att formannen og styret samrøystes, so at dei ikkje skulde få brukt denne striden mot seg og målrørsla elles. Når ein ser kva m.a. Dagbaldet kunde få seg til å skriva og spekulera i um usemjone i målrørsla fell det naturleg at høgnorskmenne valde denne retrettvegen. Det er vel elles grunn til å understreka Olav Midttuns person. Hans Fredrik Dahl kallar Midttun mild og idealistisk.⁴ I Samlaget 1868-1968⁵ fær Midttun fylgjande skotsmål. " Han har vore ein samlande strateg i målgeriljaens indre konfliktar, og på den ytre fronten har han vore ein verdig diplomat." Midttun var ein mann som kunne tolast av både sidor, men i røyndi studde han Skard-fraksjonen.

Men Samlaget vil vere eit samlande lag, ikkje eit språkpolitisk stridsforum, heiter det elles i Samlagsboki.⁶ Dette er greidt nok å fastslå for dei som hev fenge synet sitt igjenom. Men for dei som var usamde med Samlagsmennene og som stridde fram den nye nynorsken, vert dette meiningslaust og sigersvant hovmod andsynes dei som var usamde i målbrigdelina. Samlaget sjølv hev vore den fyrste til å slå mynt på at høgnorsktilhengjarane vart stoppa. På umslaget til boki Språkrøkt og språkstyring av Alf Hellevik, 1979 stend det :

" Alf Hellevik har i meir enn ein mannsaldar stått i fremste rekke i striden for det nynorske målet. Ingen annan einskildperson har i dei seinare tiåra hatt så mykje å seie for framvoksteren av nynorsken til eit moderne, ledig og tenleg språk."

Høgnorsken som rådde grunnen tidlegare vert fråriba modernitet, ledugskap og eigenskapen av å vera eit tenlegt språk.

Det er elles klårt at samnorskvenlege tankar var sterkt framme i Samlagsstyret. Sigmund Skard skriv i 100 årsboki til Samlaget :

" Det norske Samlaget, og flokken kring det, kom til å spela ei rolle i denne nytenkinga.Og eg siktar då mindre til striden om rettskriving og "samnorsk" enn til prøvinga og gjennomdrøftinga,på ei rekje samrådingsmøte, av dei nye kår for sjølve målreisinga."

Trass i at fleire av Samlagsmennene var knytt til Språknemndi, og var med på å fastsetja i detalj korleis den umbrigda nynorsken skulde sjå ut i so godt som kvar einaste fase,finn dei grunn til å pressisera målpraksisen.⁷ :

" Det er elles normalt for Samlaget og Samlags-styret dette å rette seg **lojalt** (mi uthevjing,LBM) etter gjeldande offisielle normal i alt laget gir ut så sant det ikkje er tvingande grunnar til å gjere avvik. Denne viljen til å rette seg etter det offisielt vedtekne har vore så sjølvsagd at at eg kan ikkje minnast det i styret har komme til orde alvorleg meingingsskilnad om normeringsspørsmål i samband med bokutgjevinga."

Uttrykket å retta seg "lojalt" etter gjeldande rettskriving stend i ein viss kontrast til uttrykk som normalt og sjølvsagd. Dersom det var sjølvsagd og normalt å retta seg etter det offisielt vedtekne. Kvifor skulde det då vera lojalt ? Treng ein å vera lojal mot noko som er sjølvsagd. I ordet ligg det ein viss kritikk mot dei som ikkje vil retta seg etter det offisielt vedtekne. Dei er ikkje lojale. Det er Alf Hellevik som hev skrive dette. Nokre år seinare segjer han noko som ikkje er utypisk for målsynet hans :" Også i nynorsk kan det sporast ein tendens til å tvihalde på ein høgnorsk skriftnormal som stengjer seg av mot utbreidd talemål."⁸ Hellevik meiner at dei som ikkje fylgjer den gjeldande rettskriving som han hev vore ein av frontkjemparane for,ikkje handlar rett. Dei er illojale.

Det hev han meint tidlegare òg. Alf Hellevik var med i den nemndi som skulde fyrebud Norsk Språknemnd,og han var av dei som var samde i tilnærningsparagrafen.⁹ Den nemndi som forma ut dei vedtekene som Hallvard Framnes samanlikna med Nazi-styret. Hellevik hev ikkje berre vore med i språknormeringsarbeid i Norsk Språknemnd og gjeve ut historiske og

andre utgreidingsar til forsvar for dette arbeidet. Han hev i tillegg vore eineutgjevar av den autoritative skuleordlista.

Striden umkring utnemningi av Alf Hellevik til målsmann for Samlaget til Språknemndi fær eit legendarisk språkstridspreg når ein tenkjer på kor mykje Alf Hellevik hev fenge styra med av målrøkt og språknormering.

Samlaget frå ideelt selskap til moderne forlag.

Samlaget er truleg det førande nynorskorganet. Den største sosiale samskipnaden på nynorsksida i dag og det viktigaste organet til å prenta og spreida nynorsk litteratur. Men Samlaget hadde magre år på 1950-talet.

Ein viktig del av bokavlen er knytt til lærebøker for skuleverket. Samlaget var bunden til statsløyvingar. Når det ikkje vart gjeve statsløyvingar til nynorske lærebøker var det ikkje råd å få gjeve ut nok lærebøker. I ein læreplan frå 1959 vart det gjort upptak til niårig obligatorisk skule. Det førde med seg at det laut produserast fleire læremiddel og forlagi vidka ut lærebokdeildene sine.¹⁰

Mangelen på nynorske læremiddel hadde lenge vore ei floka for målfolki. Med den nye skuleskipnaden trongst lærebokrevisjon. I 1960 diskuterte mållaget um det skulde gå inn for eit statsforlag til å fremja utgjeving av lærebøker. Styret la fram ei fråsegn der det vart kravd at styremaktene gjorde noko effektivt for å løysa lærebokstoda. Det vart lagd til eit krav um at nynorske lærebøker må koma til same tid og til same pris som bokmålsbøkene. Fråsegni vart vedteki samrøystes.¹¹

Fridtjov Sørbø vert umtala som hovudtalaren mot framlegget um statsforlag. Han hevda at eit statsforlag vilde vera i strid med åndsfridomen i landet. Det må heller gjevast statsstudnad til private forlag som tek seg av utgjevingi. Det er positiv semja um statsstudnad, og det vil gjeva fleirtal i stortinget, meinte Sørbø. Kvfor gjeng ikkje riksstyret inn for ei løyving til lærebøker, avslutta Sørbø. Statsforlagstanken vart nedrøysta med 96 mot 37 røyster.¹²

Ringdal og Holter Larsen siterar frå fråsegni til Noregs Mållag.

" I brevet hadde Mållaget også hevdet at et statlig drevet forlag burde påta seg lærebokproduksjonen for visse sektorer i de nye skoleslagene som var i ferd med å bli innført rundt om i Norges kommuner. Mållagets formuleringer kunne tolkes som å gi fordeler til Noregs Boklag, Samlaget eller Universitetsforlaget - eller i retning av å opprette lærebokproduksjon i direkte tilknytning til et departementalt kontor." Henrik Groth som på denne tidi var formann for forleggjarforeiningi og aktiv riksmålsmann fekk nyss i fråsegni. Groth beit i seg uviljen mot målmannen Helge Sivertsen. Han vitja kyrkje- og undervisningsminister Helge Sivertsen på kontoret. Grotn var skremd av tanken um eit statsforlag og nemnde på at forleggjarforeiningi vilde samarbeida um utviklingi av nye læremiddel. I 1961 skipa staten ved Kyrkje- og Undervisningsdepartementet og forleggjarforeiningi eit sams lærebokfond. Forleggjarforeiningi skipa ein lærebokseksjon som hadde til uppgåva å gjennomføra dei avtalane som staten og Forleggjarforeiningi hadde kome fram til om godkjenning av lærebøker og økonomisk styring fall inn under lærebokseksjonen. Alle forlagi som dreiv med lærebokutgjeving kom med her. Lærebokseksjonen endra seinare namn til lærebokutvalet. Tidleg på 1960-talet melde Samlaget seg inn i Forleggjarforeiningi. Samlaget kom med i godt lag millom dei store og etablerte forlagi.¹³ Trass i desse framstegi var det langt att å gå fyrr mållagskravet um lærebøker til same tid og pris vann fram. I samband med Stortingsmelding nr. 15 kring årsskiftet 1968/69 gjekk Noregs Mållag trass i ordskiftet og røystingi i 1960 inn for statsforlag.¹⁴

I ei tid då nynorsken var på vikande front i skulen var det umåteleg viktig at det vart sett inn rådbøter mot at ein ikkje fekk lærebøker på nynorsk. Vestlandske Mållag protesterte mykje mot den låke lærebokstoda på 1950-talet, og saki vart haldi varm etter den tid òg. På landsmøte i Noregs Mållag i 1961 kunde riksråd Helge Sivertsen lova at det skulde verta løyvd 600 000 kronor til lærebøker på nynorsk yver ein femårsbolk. Lovnaden vart gjeven på årsmøtet i Noregs Mållag. Løyvingi skulde gå gjennom lærebokutvalet. Noregs Mållag la svært mykje arbeid i å fylgja upp at det kom lærebøker innanfor alle fagumråde. I 1965 var alle dei viktigaste fagi dekte med lærebøker. I dei fleste skuleslagi elles gjekk det tregare.¹⁵

Kva var det som låg bak denne betringi for dei nynorske lærebøkene ? Korleis greidde Helge Sivertsen å få Forleggjarforeinigi ved "riksmålsmannen Henrik Groth" til å godkjenna denne studnaden ? Eg vil setja fram den djerve og kannhenda skamlause hypotesen at Sivertsen,

Skard og Hellevik saman nytta sammorskpolitikken medvite til å pressa fram offentleg studnad til nynorsk bokutgjeving.

På slutten av 1950-talet vart det klårt at sammorskken var ei tapt sak. Fraksjonsstriden i Noregs Mållag var avslutta. Noregs Mållag kunde brukast som ei ryggdekning når det galdt å slutta um sammorskken. Sammorskken ved 1938- og 1959-rettskriving i nynorskken var banka igjenom i Noregs Mållag. Det gav trygd andsynes Arbeidarpartiet. Høgnorskfolki kunde ikkje lengre nytta Noregs Mållag til eit kamporgan mot sammorsk.

Arbeidarpartiet tona ned ordleggjingane i kulturprogrammet, høgst truleg med samtykkje frå Helge Sivertsen. Då mållaget protesterte mest høglydt i 1960 hadde den norskdske sida langt på veg fenge gjenomslag for dei fleste rettskrivingskonsesjonane dei ynskte. Dei norskdske hadde mykje å tena på å samarbeida med departemenentet, Samlaget, språknemndi og mållaget, og i den fyrste femårsbolken av 1960-talet hadde Sivertsen, Hellevik og Skard kontroll yver desse sosiale systemi.

Endå tydelegare kann ein sjå tilknytingi millom stridspartane i norsk kulturpolitikk med mållagsfolki på den eine sida og Henrik Groth og dei norskdske på den andre sida i åri etterpå. I tidbolken frå 1960-1963 vann dei norskdske fleire viktige sigrar i målpolitikken. I opningstalen til årsmøtet i Vestlandske Mållag i 1964 skriv Kåre Kolås at det vekte stor åtgaum at Helge Sivertsen sende ut ei pressemelding der han vilde blåsa av målstriden.

Sivertsen hadde heilt frå han vart riksråd arbeidt mykje med å vinna gjenomslag for at det skulde leggjast ei avgift på vikebladi. Denne avgifti skulde saman med statlege løyvingar nyttast til å kjøpa inn norsk skjønnlitteratur. Dette vilde vera eit stort inngrep, og det var ikkje sagt at dei borgarlege partii som no var i framgang, vilde godtaka det som skulde verta kalla innkjøpsordningi. Gjennom å gjeva dei norskdske og serleg då forleggjarforeiningi Vogtnemndi kunde Sivertsen rekna med å vinna større velvilje. Med sterkt "riksmålsrepresentasjon" vilde dei norskdske vera tryggja å koma vidare mot full atterreising av det tradisjonelle norskdske språket som var mest nytta i samfundet. Med desse konsesjonane til forleggjarforeiningi ved riksmålsmannen Henrik Groth vart det lettare å vinna fram med innkjøpsordningi.

Til å underbyggja ei satsing på norsk litteratur må ein vel gjeva Sigmund Skard og Alf Hellevik eit handslag. Skard var professor i amerikansk litteratur, og han hadde eit umfattande kjennskap til det amerikanske samfundet. Når Skard soleis markerte seg sterkt med å segja at amerikaniseringi var eit trugsmål både mot bokmål og nynorsk, og når Hellevik fylgde upp med å argumentera like eins, gav det temmeleg stor gjenomslagskraft til kravet um meir norsk litteratur. Amerikaniseringi vart bruka til å skyva samnorsken i bakgrunnen. Amerikaniseringi var kanskje eit greidt taktisk argument for studnad til nynorsk bokproduksjon og til å skapa målfred med dei norskdanske. Men målrørsla fekk ikkje nokor framhjelp av dette. Mange målfolk kom på vidauota. Dei peika på at Skard avslørde Riksmåls forbundet, men sjølv um det var so vel hadde ikkje Skard noko anna alternativ enn å berga skansane, med å syga ut meir pengar frå staten.

Er dette for grovt. Ja Nokon røynleg ideologisk

målførtøygt hadde han i hylje

Men til å svara på dei røynlege utbydingane som målrørsla stod uppe i var amerikaniseringi ikkje noko røynleg emne. Meir prosaisk, men viktigare måtte det vera å møta den utbydingi at målsaki hadde vorte skuvt til sides av samnorskpolitikken. Ein må spyrja seg um det ikkje hadde vore råd å driva meir kommersiell bokspreiding.

men p.g.a. av offentleg etablisert

Samlaget var på 1960-talet prega av ein sterk vokster. Johs. Aanderaa yvertok Samlaget på slutten av 1950-talet. Um Johs. Aanderaa heiter det: "Aanderaa hadde overtatt Det Norske Samlaget som et ideelt preget selskap til fremme av nynorskutgivelser og selv drevet det fram til et moderne forlag som utga skjønnlitteratur, lærebøker og debattbøker parallelt med de gamle klassikerseriene. Økonomisk sett hadde både han og Samlaget balansert på randen av konkurs, trass i all statsstøtte. Det fikk Andreas Skartveit erfare da han overtok ledelsen ..."¹⁶

Samlaget var so sterkt drive av idealisme at det ikkje vart registrera som firma fyrr i 1973.¹⁷

¹⁶ Sikre selgere som Audun Hetlands og Jon Leirfalls EEC-bok, soga om det store mannefallet og andre humørerbøker brakte Samlaget over kneika og videre frem i 1970-årenes ekspansive bokmarked.¹⁷

Samlaget kunde veksa utan at uppslutnaden um nynorsken trøng veksa. Skulemålsprosenten vokser ikkje i etterkrigstidi og stabiliserte seg først i 1977.¹⁸ Det var viktigare med målpolitiske alliansar i hovudstaden er det likt til.

" Flere former for statlig bokstøtte som kom disse to forlagene (Samlaget og Universitetsforlaget) til gode i særlig grad. Når lederne for forlagene på samme tid hadde nært forhold både til de ansatte i Kirke- og Undervisningsdepartementet og Arbeiderpartiets kulturpolitiske ledere lot i hvert fall Henrik Groth seg friste til konspirasjonstenking."¹⁹

¹. Samlaget 1868-1968, s.132

². Framnes samanlikna uppnemningsmåten til Språknemndi med Nazi-styret under krigen, Bergens Arbeiderblad 12 desember 1949.

³. s.187 i lagsprotokollen

⁴. Hans Fredrik Dahl, 1975, Hallo, Hallo, Kringkastingen i mellomkrigstiden s.300.

⁵. Samlaget 1868-1968, s.119

⁶. Same stad, s.132.

⁷. Samlaget 1868-1968, s.271.

⁸. Alf Hellevik Språkrøkt og språkstyring, Alf Hellevik, 1979, s.194.

⁹. Jostein Krokvik, 1992, Mål og Vanmåle s.103.

¹⁰. Nils Johan Ringdal og Terje Holter Larsen, 1995, Kardinaler og kremmtere, Norske foleleggere gjennom hundre år, Oslo. Sida, 185.

¹¹. Almenningen m.fl. 1981, Målreising i 75 år, Oslo, Fonna Forlag. S.241.

¹². Frisprog 14 januar 1961.

¹³. Nils Johan Ringdal og Terje Holter Larsen, 1995, Kardinaler og kremmtere, Norske foleleggere gjennom hundre år, Oslo. Sida, 185-187.

¹⁴. Almenningen m.fl. 1981, Målreising i 75 år, Oslo, Fonna Forlag. S.249.

¹⁵. Almenningen m.fl. 1981, Målreising i 75 år, Oslo, Fonna Forlag. S.241-242.

¹⁶. Nils Johan Ringdal og Terje Holter Larsen, 1995, Kardinaler og kremmere, Norske foleleggere gjennom hundre år, Oslo. Sida, 230.

¹⁷. Nils Johan Ringdal og Terje Holter Larsen, 1995, Kardinaler og kremmere, Norske foleleggere gjennom hundre år, Oslo. Sida, 230.

¹⁸. Norsk røtt skriftmåls store fall, 1995, Jostein Krokvik, Norsk Bokreidingslag, Bergen.

¹⁹. Nils Johan Ringdal og Terje Holter Larsen, 1995, Kardinaler og kremmere, Norske foleleggere gjennom hundre år, Oslo. Sida, 182.

Verdfulle bøker

Jostein Krokvik: Ivar Aasen - diktar og granskjar, sosial frigjerar og nasjonal målreisar.
Sersynte bilæte tilskipa av Jo Gjerstad. 272 sidor. Ny 1996.

I prydband kr 250,-.

Sigurd Sandvik: Suldalsmålet II. Ny i samling ord og ordlag frå Suldal. Ny 1996. Hefta kr 100,-.
Suldalsmålet I og II samla for kr 200,-.

Arne Garborg: Ivar Aasen. Fikst miniformat og smakfullt band. Fyreord av Trygve Lande.
i band kr 95,-.

Jostein Krokvik: Norskrøtt skriftmåls store fall. Utgreiding um det nynorske etterkrigstidi. Utgreiding um det nynorske etterkrigstidi. Hefta kr 130,-.

Jostein Krokvik: Ny Hungrvekja og Jan Prahl. Hefta kr 160.

Jostein Krokvik: Mål og vanmæle. Soga um det offentlege norske målet. Hefta kr 160,-.

Sigurd Sandvik: Skriv betre norsk. Rettleiding i målbruk. Hefta kr 115,-.

Ivar Aasen: Norsk Maalbunad. Norske ord etter umgrip og tyding. I band kr 80,-; hefta kr 60,-.

Ivar Aasen: Målsamlingar frå Bergens Stift ved Jarle Bondevik, Oddvar Nes, Terje Aarset. I band kr 250,-; hefta kr 200,-.

Ivar Aasen: Sunnmørsgrammatikkane. Red. Jarle Bondevik, Oddvar Nes, Terje Aarset. I band kr 200,-; hefta kr 180,-.

Severin Eskeland: Framandordbok. Einaste nynorske framandordboki. Frå 1919.

Fotografisk nyprent. 75 sidor. I band kr 115,-.

Gustav Indrebø: Norsk Målsoga. Det grunnleggjande målsogeverket. I band kr 350,-.

Inger Indrebø Eidissen: Gustav Indrebø. Ei livsskildring. Den store målreisaren og vitskapsmannen skildra på nært hald. I band kr 60,-.

Jarle Bondevik og Andreas Bjørkum: Djup fjord og høg himmel. Festskrift til Andreas Ohnstad. Hefta kr 200,-.

Severin Eskeland: Ei minnebok. I band kr 50,-.

Gustav Indrebø: Kva er målreising. Utvalde artiklar. Hefta kr 50,-.

Gustav Indrebø: På norsk grunn. Hefta kr 125,-.

Egil Lehmann: Ordbok for Det nye testamentet. I band kr 200,-.

Egil Lehmann: Reise det som velt er. Hefta kr 115,-.


Egil Lehmann: Færøysk-norsk ordbok. I band kr 150,-.

Hannaas, Clausen, Jerald: Vestmannalaget 110 år. I band kr 200,-.

Norsk bokreidingslag på nettet:

<http://bokhandel.home.ml.org>

Telefon 55 31 66 29 Faks 55 32 03 56



me er der høgnorsken er

LB

Det er berre ei målrørsla

Av Lars Bjarne Marøy

I seinare hev det vorte snakka um å skapa eit sams målpolitisk forum på høgnorskvengen. Det hev kome fleire unge medlemer i styri i Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag. I boki "Vestmannalaget 110 år" er det skrive utførleg um den målpolitiske soga som er knytt til Vestmannalaget. Det er også skrive ein heil del um dei two nemnde samskipnadene. Soga um Ivar Aasen-sambandet og Vestlandske Mållag er merkt av at ho er først knytt til den tidi då ho vart skrivi. Forsattarane hev rekna med at dei som les boki, hev ei rad tilleggsupplysningar som me unge høgnorsktihengjarar i dag ikkje hev.

Lat meg segja med ein gong at dette er eit sers innfløkt emne, men det er ikkje di mindre eit sers viktigt emne. Dersom me målfolk ikkje hev klårt for oss denne delen av målsoga, kann me vera visse på at motstandarane vil nyta det imot oss.

Formannsvalet i Noregs Mållag i 1956 hev vorte sett på som eit vasskilje i nyare målsoga. Det er no smánortalsmennene byrja vinna noko fram i samskipnaden. Etter landsmøtet var det slutt på at mållaget gjekk hardt ut mot den statlege målpolitikken. Det vilde likevel vera å gå for langt å hevda at høgnorskfolket vart ståande utan innverknad i samskipnaden. Mange høgnorskvenner hadde von um at det skulde koma eit målpolitisk umslag, og mange vona at leidangi i mållaget skulde snu um frå sammorskina og venda attende til den radikale målreisingstanken. Det høgnorske målsynet stod langt sterkare på den tidi enn me unge kann tenkja oss. Serleg sterkt stod høgnorsksynet i kjernestroki på Vestlandet.

Målflokkene på høgnorskvengen var naturleg nok utolsam etter å vinna statleg og formell godkjenning for jamstellingstanken (i-mål / a-mål) og for høgnorsksynet i det heila. Etter at Vestmannalaget hadde gjenge ut or Noregs Mållag (1962), byrja det å veksa fram ein tanke um ein ny alternativ samskipnad som kunde arbeida for dei synsmåtane som det ikkje var råd å vinna fram med i Noregs Mållag nett då. Ivar Aasen-sambandet vart skipa i 1965 og var ei landssamanslutning med tyngdepunkt på Vestlandet.

Mangt tyder på at det var den nye samskipnaden som reiste kravet um jamstelling på ein slik måte at det skapte ordskifte på landsmøti i Noregs Mållag. I dei fem åri som fylgde vart det reist mykje strid millom høgnorsk- og smánorskmedhaldsmenn. Aasen-folket markera seg med kravet um jamstelt i-mål. Det var Vestlandske Mållag som var hovudinstrumentet for høgnorskvennene. På Vestlandet stod høgnorsksynet sterkt og hadde jamn og sikker tilslutnad. Vestlandske Mållag var det største einskildlaget i Noregs Mållag, og det vog mykje at leidangi i det laget tala mållagsleidangi midt imot når denne leidangi ikkje vilde blanda seg upp i rettskrivingsspursmål.

Etter kvart byrja det å ytra seg smánortalsendensar i Vestlandske Mållag. Det vert ein langvarande konfrontasjon millom nokre av lokallagi og styret i Vestlandske Mållag. Til slutt uppdagar leidangi i Vestlandske Mållag at det vert drive fraksjonsverksemrd mot leidangi. Striden millom Vestlandske Mållag og sentralleidangi i Noregs Mållag toppar seg opp samstundes med den indre striden i Vestlandske Mållag. Striden i Noregs Mållag let me ligga her. Striden i Vestlandske derimot kulminerar på eit årsmøte der smánorskfolket hev mobilisera tilhengjarar for fullt. *Like fullt taper dei i freistnaden på å taka kontroll yver Vestlandske Mållag,* og dei forlet årsmøtet. Utbrytarane skipar den nye sylkessamskipnaden *Hordaland Mållag* (1970), og ein stor part av lokallagi i Vestlandske Mållag melder seg ut av laget og inn i Hordaland Mållag.

Eit avgjerande spursmål i denne samanhengen er: Kvisor bryt lokallagi ut av Vestlandske Mållag når dei ikkje studde upp um utbrytarane på årsmøtet i laget? Eit anna sentralt spursmål er: Kvisor vart ikkje den målpolitiske usemjø i Vestlandske Mållag større enn ho var lenge tidlegare?

Rollor og sosiale system

Det kann vera ulike tilnærningsmåtar til spursmåli som er reiste. Min hypotese er at lokallagi gjeng ut av Vestlandske Mållag fordi dei sosiale systemi i kjernestroki for det meste vert underlagt den nye rettskrivingi ved tvang. Det er lett å tenkja seg at høgnorskfolk som vert pressa til å nyttia den nye rettskrivingi fordi dei er del i eit system, byrjar å missa trui på høgnorsken. Me må hugsa at smánortalsmenn agitera hardt for for at det var ei ny og banebrytande rettskriving som vart innsord i 1938. Med eit sosialt system tenkjer eg meg eit rollesystem.

Rolleinnhavarane hev visse rettar og plikter, og det er ei klår arbeids- og autoritets-deling millom dei som hev rollone (kven som skal gjera kva, kven som hev rett til å fastsetja kva og for kven): Slike system kann ein finna i avisor, bokforlag, kyrkja, skulestellet, kringkastingi, lagslivet og liknande.

Dei sosiale systemi er dei fremste normleverandørane for den målpolitiske åtferdi. I dei sosiale systemi finn me menneske som gjer krav på å fylla nasjonsberande og kulturberande oppgåvor. Dei som hev underordna postar i eit sosialt system, eller som berre er tilskodarar til den målpolitiske åtferdi innanfor systemet, vil

naturleg nok reagera på det dei observerer. Men i dei fleste tilfelle hev dei sosiale systemi fastlagde reglar for slikt som målbruk. Det fører til at den målpolitiske åtferdi innanfor eit sosialt system vert nokso einskapt. Innanfor kyrkja var Indrebø-bibelen langt på veg mynsterdanande til den nye bibelen kom i 1978. Medan det høgnorsknære målet stod sterkt i kyrkja, var det vel godt som umvendt i skulen. I skulen tok det ikkje stort meir enn eit år å innsøre den nye rettskrivingi. Alf Hellevik fortel i eit intervju i Bergens Tidende 23. august 1993 at den fyrste utgåva av nynorskordlista (les samnorskvarianten) kom i 1938, og det var Einar Breidsvoll og Knut Liestøl som var andsvarlege for den utgåva. Det kunde soleis koma ut ulike målpolitiske signal frå dei sosiale systemi.

Grunnlaget for høgnorskrørsla etter 1938 var heile tidi at det fanst målfolk som evna og hadde vilje til å strida imot den nye rettskrivingi. Det var skulen som var den viktigaste normleverandøren i målspursmålet. Den språksosialiseringi som ber til i skulen, er med på å leggja grunnvollen for målbruken i dei andre sosiale systemi. I lengdi er det kanskje umogeleg å halda att eit rettskrivningsbrigde som vert gjenomførd i skulen, fordi den rettskrivingi som vert innlært vil fylgja elevane gjennom den mest avgjerande språklæringsstidi i livet. Skulen er den klåraste normgjevaren i samfunnet, og han er nøddd til å vera det. Det som det like fullt er grunn til å understreka, det er at det er rom for valfridom og romslege umsyn. I 50-åri kunde den radikale målflokkene enno sjå høve til at deira målform kunde vinna uppreising. Det var ikkje eit stort steg frå læreboknynorsk og yver til høgnorsken. Det var enno råd å få nye åttleder til å skifta yver til høgnorsk. I Bergen heldt store avisor som Bergens Tidende og Dagen fast på høgnorsken. Det var like fullt kamp um dei sosiale systemi. Smånsktihengjarane var nådelause i mange tilfelle. Dei gav knapt noko slag studnad eller rom for høgnorsk i dei sosiale systemi som dei tok eller hadde kontroll med. Smånsktalsmenn førde den same framgangsmåten yver til mållagi, og uppgjerti i Vestlandske Mållag er ein del av den soga som er knytt til den smånske einsettingspolitikken.

Smånskideologi og radikalt bokmål

Smånskideologien kann førast attende til rettskrivningsbrigdet i 1917. Skrivebrigdet då gav støyten til at det sokalla radikale riksmalet vann fram i delar av landet. Dei ulike målflokkane tolka framgang for det radikale riksmalet ulikt. Smånsktihengjarane heldt det for eit teikn på at det høgnorske målet var uhøveleg for dei som valde radikalt riksmalet. Høgnorsktihengjarane heldt derimot framvokster for radikale riksmaalsformer for ei usfullstendig løysing. Høgnorskfolk rekna attendegangen for dei radikale riksmaalsformene for ein reaksjon frå dei som hadde valt desse formene, medan smånskfolk rekna attendegangen for dei radikale riksmaalsformene for ei manipulering frå riksmaishald. Smånsktihengjarane trudde at folk flest som hadde valt radikale riksmaalsformer hadde for lit sjølvkjensla til å halda fast på dei; dei trudde at ei ny målumbot vilde føra til ein varig framgang for dei radikale riksmaalsformene.

Etter kvart som smånsktalsmenn byrja vinna fram i målrørsla, vann dei tilsvarande kontroll med dei ymse sosiale systemi. Dei meinte at målrørsla laut syna seg måtehaldi, og ho måtte freista å vinna nye tilhengjarar gjennom å gjera nynorskens mest mogeleg lik ei radikal utgåva av det norskdanske riksmalet.

Folkeflyttingi

Tidi frå um lag 1950 og fram til um lag 1970 er prega av ei umfattande utflytting frå bygdene og inn til byane. Både høgnorskfolk og smånskfolk er samstende um at utflyttingi var i ferd med å tunna ut grunnlaget for nynorsk. Eit sentralt argument frå styret i det nye sylkesmållaget, Hordaland Mållag, var at no var det ikkje tid til å kjempa for å jamstella høgnorsken og i-endingane. No var det ikkje snakk um å berga i-målet, det var snakk um å berga nynorsk i det heila. Det ser ut til å vera eit argument som hev råka mange av dei lokallagi som studde upp um leiding i Vestlandske Mållag, men som seinare melde seg inn i Hordaland Mållag. Det er no likevel ein tankekross at den store utflyttingi frå bygdene tok slutt so å segja på same tid, og då utan at mållaget kann ha gjort noko, korkje til eller frå. Det før ikkje hjelpa um levande bygdesamfunn vart eit faneord. Det var heilt andre krefter som gav nedgang i utflyttingi frå bygdene. Eg kann nemna at den statlege sosialpolitikkjen jamna ut skilnaden millom dei som budde i fatige og grisgrendte kommunor og dei som budde i rikare kommunor. Når det var staten som tryggja for levevilkåri og ikkje kommunen, vart det lettare for utsette grupper å vera buande i utkantstrok. Etter at dei sosialpolitiske endemåli var nådde ved inngangen til 70-åri, vart det grunnlag for å byggja ut eit meir umfattande velferdstilbod. Det velferdstilbodet semnde um millom anna fleire idrottshallar, eldreheimar og meir. Her fekk mange bygdesamfunn nokolunde det same tilbodet dei fekk i dei sokalla drabantbyane. Endå um avstandane kunde synast lengre på landet, vart dei korta ned av at bilen vart ein bruksting utyver 60-åri og 70-åri. I dei fleste tilfelle var det trivielle og ålmenne utviklingsdrag som skapte meir levande bygdesamfunn. Dersom ein meiner at det var livsavgjerande for målrørsla å halda uppe levande bygdesamfunn, kann me vanskeleg sjå at kampen for å jamstella i-målet kunde meinka målarbeidet. Jamstellingskravet kunde tvert imot vera med å halda liv i bygdesamfunni på lik lina med anna målarbeid, kanskje betre. I alle høve trur eg me lyt innsjå at målrørsla ikkje vilde tena på å leggja ned kravet um jamstelt

i-mål.

Når sume målfolk like fullt må ha kjent det slik, og når mange lag melde seg ut or Vestlandske Mållag, so hev det bakgrunn i den sterke smånorskagitasjonen og i at høgnorskrørsla var i ferd med å tapa, eller hadde tapt, kontrollen med ei rad sosiale system som kunde ha legitimera høgnorsksynet. Dessutan hadde ikkje høgnorsstridsmennene vunne fram andsynes styremaktene, fordi mållagsleidingi hadde bøygd seg for det nye statlege yvergrepet som rettskrivingi av 1959 må kallast. Sume som hadde trudd på høgnorsksynet, gav upp under parolen "me må fylgja ungdomen".

Skuldingar

Det kom upp skuldingar um at styret i Vestlandske Mållag var for autoritært. Styret vart skulda for å vilja gjera laget til eit lag for sermeiningar, heller enn å nytta samskipnaden til ein reidskap i den målpolitiske striden. Det er rett at høgnorsktalsmennene var upptekne av at det skulde vera jamstelling millom i-mål og a-mål og meir slikt, men det vilde vera å gå for langt å segja at dei berre var interesserte i rettskrivingsspursmål. Det vart heller ikkje gjort noko som kann tyda på at Vestlandske Mållag hindra målpolitiske tildriv frå lokallag.

Mange av dei lokallagi som melde seg ut or Vestlandske Mållag, må ha havt tillit til Vestlandske Mållag. Me veit ikkje um at det var noko større strid i Vestlandske Mållag fyrr etter 1965. Det tyder på at høgnorsktihengjarane må ha arbeidd med ein sterk indre disiplin og med yvertydande styrke. Me kann ikkje sjå burt ifrå at den nye rettskrivingi i 1959 kann ha vore til hjelp for høgnorskfolket. Slik den rettskrivingi var, stod ho fram som eit nidingsverk mot største luten av alt norsk mål. E-infinitiv som vart innsførd til hovudform då, byggjer snautd på breidare målføregrunnlag enn i-målet. Det er nokso uteleg å høyra at målfolk frå umråde med a-infinitiv og med upplegg til i-mål fær tuta øyro fulle med at nynorsknormalen er so talmålsnær når den nynorsken dei lærer hev e-infinitiv og a-endingar. Når det gjeld rettskrivingsspursmålet, vart det so vidt eg veit aldri reist noko prinsipielt ordskifte. For det fyrste var det ikkje noko røynleg grunnlag for det, og for det andre sat truleg fagkunnskapen trygt plassera på høgnorskvengen. Når rettskrivingsspursmålet kom upp, var det i dilettantisk form. Det vart reist kritikk mot den rettskrivingi som vart nytta i årsmeldingane. Sume medlemer vilde ikkje ha høgnorskrettskrivingi i årsmeldingane.

Det hev vorte tenkt i nyare tid at endå um det høgnorske/høgnorskvenlege styret ikkje hindra målpolitiske utspel, so fremja det deim ikkje. Det let seg ikkje segja noko bastant. Heilt klårt er det at Vestmannalaget stod fremst millom dei som vilde verna bygdetradisjonar. Medlemene i Vestmannalaget var også leidande innansor Vestlandske Mållag. Ein leidande målmann for høgnorskvengen var Halldor O. Opedal. Med folkelivsgranskingsverket "Makter og menneske" som hev kome i nærmare 20 band, hev han gjort eit storverk både for nynorsken/høgnorsken og til å verna gamal bygdetradisjon. Han hev også skapt grunnlaget for ei rikshistorisk interessa for alle deim som les bøkene hans. Felespeltradisjonen hev lange røter i Vestmannalaget. Vestmannalaget hev dessutan greidd å halda uppe eit levande minne um ei rad nynorske forfattarar og um ei rad nynorske salmediktarar og songdiktarar som andre lag knapt hev ansa på. Det må leggjast til at laget kunde vore hagare til å halda uppe eit levande medvit andsynes nynorsk samtidslitteratur som ligg utanfor den høgnorsknære måltradisjonen. Hadde me greidd å skapa blæst um samtidsforsfattarar for innhaldet i bøkene deira, kunde me kannhenda greidd å påverka rettskrivingssynet etter kvart som dei vann tillit på høgnorskvengen.

Ingen kann hevda at Vestlandske Mållag ikkje arbeidde godt med aktivitetar knytte til klassisk bygdeliv, men til vanleg vert målarbeidet gjerne knytt noko vidare - til ålmement politisk liv, til meir riksfermnannde institusjonar, til endringane i næringslivet og dei sterke internasjonale endringskrefte som er bundne til internasjonal forsking og utvikling av teknologi. Dessutan hev målarbeidet vorte meir knytt til studentmiljøet. Høgnorskrørsla vart ståande som observatørar til den utviklingi. På 50-talet hadde målmenn som vart buande i byane gjenge med i mållags- og norskdomsaktivitetar, av di dei heldt dette for ein måte å uttrykka identiteten sin på. I 70-åri var det vel meir av di folk vilde vinna godkjenning for retten til å vera seg sjølv. Mange vart arge for at det norskdanske daningsidealet stod so sterkt millom studentar. Mange vanakta det dana bymålet som dei kjende var ei underkjungsraft. Dei fekk studnad av fleire som snakka eit breidt bymål. Det breide bymålet hadde høgast prestisje, fordi det låg nærest tonegangen til det norskdanske daningsidealet. Disfor var det dét som vart sigrande og vann mest status millom folk flest, same um det var mindre norsk.

Venta endring til det betre

På 60-talet og 70-talet kom det sterke talsmenn for ei radikal norskdansk normering. Rørsla kann knytast til at det hadde vorte lite forska kring dei austlandske, trøndiske og nordlandske målføri. Det vil segja at det var lite med forsking som slo fast at desse målføri høyrde til innansor høgnorsksystemet. Dei som forska på desse målføri hadde stort sett vore knytte til den norskdanske skuleretningi. Det var dei som hadde klekt ut samnorskideologien. Det nye med dei som forska på målføri no, var at dei byrja å nytta ei radikal målform - sume av deim gjorde det i alle fall. Den radikale norskdansken var ei normering til det norskdanske

måldaningsidelet som studde seg på sume utvalde dialektformer, og som vraka dei sørnorske målformene som fanst i nynorsken. For mange av deim, um ikkje alle, var det det norske måldaningsidelet og den norske måluppsatningi som var fremste rettesnori. Nynorsken hadde snaudt noko å segja for målbruken deira.

Det viktigste for oss er at dei personane som me snakkar um, her må ha fylt spenningsfunksjonar og normfunksjonar som hev påverka håndlingane til målmenn. Nokon avgerande påverknad er det ikkje visst at dei hadde, men dei var eit uttrykk for noko ålement, noko nytt og noko rikssemnande. Når mange mållag melde seg ut or Vestlandske Mållag, var det truleg meir fordi dei trudde at det vilde koma ei endring til det betre, enn fordi dei ikkje var nøgde med arbeidet til styret i Vestlandske Mållag.

Det interessante ved den målpolitiske utviklingi i 70-åri, var at den nasjonale og kulturelle identiteten til folk flest kom i opposisjon til det norske daningsidelet. Det hadde nok vore utbreidd misnøgje med det norske daningsidelet tidlegare, men det var først no at mange tapte respekten for det og byrja nytta dialekt eller ei radikal norsk norm med sume innslag for den høgnorske folkemålsgrunnen.

Eit moment som kann verka søkt, er den sterke vekti som vart lagd på ungdomen. Ungdomen skulde frigjera seg frå feili, vanskane og fordomane som dei vaksne var uppvaksne med. Ungdomen skulde skapa eit nytt og betre samfunn. Dei økonomiske nedgangstidene som byrja ovra seg på 70-talet, gjorde framtidsoptimismen lågare, men tidleg på 70-talet såg mange enno heller ljost på framidi. Trui på ungdomen kann ha gjort det lettare å vinna fram med den smånorske einsrettspolitikken. Me skal heller ikkje gløyma at samnorskrorsla hadde evna å organisera seg og arbeidde andsvarsfullt og ikkje minst svært idealistisk. Samnorskrorsla hadde hovudsete i den mest folkerike landsluten, og ho gav inntrykk av å representera eit ålement og vidfemnande daningsideal.

Grunnlaget for samnorskrorsla

At samnorskrorsla arbeidde so bra, tener sjølv sagt rorsla til ros. So langt som rorsla fremja det levande talemålet gjennom dei breide dialektane, gjorde ho også ein gagnleg innsats. Men samnorskrosaki hev aldri hatt til hovudmål å fremja dei norske dialektane i seg sjølv, og endå mindre hev rorsla sett det som noko mål å fremja dialektane innanfor ei høgnorsk råma. Samnorskrorsla hev teke utgangspunkt i dei to målformene og dei to daningsideali som dei byggjer på, og sagt som so at her hev me to variantar av norsk språk som ikkje samsvarar godt nok med det norske folkemålet. Me må freista å få målformene til å verta likare kvarandre samstundes som dei vert likare det norske folkemålet. Hev dei sagt. Det er mange utgåvor av det norske folkemålet, men samnorsktilhengjarane hev valt å fylgja folkemålet berre i dei tilfelli der folkemålet fører målformene saman. Det finst soleis nokre umråde av landet vårt som hev rein e-infinitiv, medan resten hev a-infinitiv, kløyvd infinitiv eller liknande. For at det samnorske måldaningsidelet skal upp, må so e-infinitiven gjerast til eineform. Då vert det store dialektumråde som ikkje vert representera gjennom det samnorske måldaningsidelet. Me høgnorskfolk hev meint at det bør vera valfridom millom slike formavbrigde som e-infinitiv og a-infinitiv og i-mål og a-mål. Med valfridom millom slike kjensluge former tryggjar ein at fleire dialektumråde vert representera, og dei som er uvisse på kva form dei finn seg best til rettes med, kann velja og prøva seg fram.

Det er grunn til å slå fast at dialektina er eit produkt av at samnorskpolitikken gjekk fallitt. Samnorskfolket kunde skumma fløyten av at smånorsk einsrettspolitikk vann fram, men me skal ikkje gløyma at dei som skipa Hordaland Mållag langt ifrå var samnorsktilhengjarar. Det er grunn til å understreka at det var *ein spursmål um lojalitet mot ulike institusjonar og ulike former for sosiale system som førde til konflikt*. Utbrytarane var oppsotra med den målformi som høgnorskmenne kritisera på det sterkeste. Det vart ein kulturkollisjon millom nokre av dei unge medlemene og nokre av dei eldre. Det førde sist på til at alle laut velja sida. Det var no like fullt mange som heldt fram med å styrja Vestlandske Mållag med gavor etter at dei hadde meldt seg ut.

Ikkje grunnlag for kløyving?

Konklusjonen min lyst verta at det ikkje var noko retteleg grunnlag for at målrørsla skulde kløyva seg i two. Samnorskpolitikken var den ytre årsaki som kløyvde lojalitetsbandi millom målfolket, men det var smånorsktilhengjarane som sådde frøet til brot. Samnorsktalesmennene hev heile tidi hatt til fyresetnad at fanst uppslutnad um den smånorske einsrettspolitikken, for hadde høgnorskrorsla vunne like stor tilslutnad som riksmålsrørsla, so vilde samnorskrosaki, som den reaksjonære saki ho er i dag, stade i fære for å smuldra vekk. Difor er det um å gjera for dei å spela alle høgnorske tankar ut mot den sigeren for dialektane som målrørsla hev kjempa fram. Dei nyttar seg av den nederlagsfylte stemningi som den smånorske einsrettspolitikken skapte.

I dag er det likt til at målrørsla er i ferd med å koma på offensiven att. Det er ikkje grunnlag for strid millom høgnorsk og smånorsk, so framt høgnorskvengen får innsfridd minimale konsesjonar, som m.a. formene *hev* og *millom*, og elles får *jamstellingsrett* for det som er tillatne tradisjonelle sideformer i dag. Då er mykje av framgangsgrunnlaget for den radikale målrørsla tryggja. Då kann målrørsla samarbeida og stridast med

4/11/03

riksmålsrørsla alt det som er påkravt, utan at sammorskpolitikken skal stå midt imillom og vera ein slags uppmann.

Kravet um å avvikla sammorskpolitikken må vera eit krav som alle radikale målfolk må slutta upp um. Det vil vera å setja dialektane i høgsetet og slå attende den norstkanske måluppfatningi som stend yver og kuar alle norske dialektar.

Ivar Aasen-Sambandet

v/ Kolbein Totland, Totlandsvei 370, 5050 Nesttun • Tlf: 55 10 02 48 • Postgiro: 0814 20 27 209 • Epost:
yuko@online.no

TENNHALD

Framsida

Informasjon

Stjorn

Kva hender?

Artiklar og utspel

Innmelding

Lekkjar

Språkdogmi først deretter bokmålsveldet

Av Lars Bjarne Marøy



John Honey hev skrive ei bok som heiter language is power. Boki inneheld mange synsmåtar som hev interessa for målfolk i Noreg. Eg skal syna noko av dette nedanfor. John Honey viser til at dogmet um lingvistikk likskap i boki. Fyrst dette dogmet vart fastslege hadde B. Bernstein utvikla ein språkskortteori. Denne teorien gjekk ut på at ein hadde tvo språklege kodar. Den eine koden var knytt til konkret språkbruk, ein avgrensa kode. Og ein fann denne koden hjå born til lågt utdana menneske. Ein annan kode som ein fann hjå høgt utdana var knytt til abstrakt språkbruk, ein utvida kode. Bernstein meinte at det måtte vera eit mål å få utvikla ein utvida språkkode hjå born med ein avgrensa språkkode. Denne teorien var akseptert, og vist til fram til kring 1972.

I 1972 skulde det skje eit vendepunkt i sosiolingvistikken. Frå då av utvikla dogmet um lingvistisk likskap seg. Dette dogmet er representert ved fleire lingvistar. Eit hovudpunkt for Honey er å retta kritikk mot Labov. Labov gjorde eit arbeid i 1972 som hev vorte klassisk og dogmekonstituerande. Han let ein arbeidarklassegut, ein 15 år gammal gjengleidar få snakka um fritt um eit emne. Han samanliknar dette med ein gut på same alder som snakka standardengelsk.

Labov konkluderar med at arbeidarklasseguten er ein svært glup samtalepartnar som kann brukha det engelske språket til mange ting. Larry som guten heiter er i stand til å føra fram avanserte argument.

Denne guten vert kontrastert med ein millomklassegut som hev skrive ei utgreiding um troldom og hekseri. Labov meiner at Charles, som denne guten heiter, i motsetnad til Larry er ein ordgytar som strevar etter å få fram det han vil segja. Charles nytta eit innvikla språk, medan Larry derimot er kvikk, initiativrik og kann gjera seg opp ei mening.

Konklusjonen til Labov vert at dei arbeidarklasseborni ikkje

lid av språkskort, dei hev berre eit anna språk enn standardformi av amerikansk engelsk. For skulen må uppgåva vera å måta undervisningi til det talemålet elevane hev, ikkje å pressa nedver dei ei språkform som i siste instans er framand for dei, trass i at ho er offisiell og offentleg og yverført gjennom lang skriftleg tradisjon. Labov gjeng jamvel lenger han hevdar at denne formi for engelsk, er betre enn vanleg engelsk og meir tenleg. Dei som snakkar arbeidarklasseengelsk er betre forteljarar, argumenterer betre og er betre til å føra ordskifte.

John Honey er sterkt kritisk til metodane til Labov. Honey peikar på at Larry fekk ei rad spørsmål fram mot argumentførsla. Charles starta å leggja ut utfra eit spørsmål og resonnerte umkring det. Bakgrunnen for dei intervju Labov gjorde er ikkje gjort greida for. Kvifor var desse two gutane valde ut? Var dei representative? Intervju vart gjorde utan at Labov hadde kontrollert utprøvingane. Poenget hans var nett at kontrollerte forsøk vilde ein berre koma til å gjera dei same feili som Bernstein. Ein vilde ikkje få fram det geniale aspektet ved arbeidarklasseengelsk.

Utfallet vart:

1 Labovs konklusjonar vart slukt rått. Ei tekstbok frå 1979 oppsumerte at Labovs arbeid hadde vorte godteke utan mykje kritikk. Peter Trudgill førde resultati yver til England i 1975 med bok Accent, Dialect and the school. Denne bok vart helsa velkommen i Times Educational Supplement: "as a salutary antidote to the obsession with standard English which has been a feature of our educational system". Labov vart sett høgt upp på pensumlistene i England etter dette.

2 Bernsteins teori um dei two kodane vart uglesette og miste all vitskapleg frægd. Bernstein vart stempla som politisk ukorrekt.

Yverføring til Noreg

Det er ein ting å segja at ulike språk er potensielt like gode til å uttrykkja eit eller anna. Det er noko anna å segja at alle dialektar innanfor eit språksamfund som Noreg er like gode. Og endå noko anna å segja at alle dialektar i Noreg fungerar like godt til å verta nytta til skriftmål.

Skriv som du snakkar eller berre snakk. Me skal ikkje ha nokon normal, alle skal få skriva so nært upp til dialekten sin/talemålet sitt som råd. Dette er talemålspedagogikk som hev vorte ført vidare til Noreg. Dei som fylgjer skrifttradisjonen er berre ordgytarar. Medan dei som skriv breid dialekt er frigjorte, intelligente, gode forteljarar og debattantar. I dag syner det seg knapt at nordmenn er serleg

flinkare eller ivrigare etter å uttrykkja seg offentleg. Snarare tvert um er det likt til at svenskar og danskar er like ivrige til å ytra seg.

Kva segjer so folki umkring Språkleg Samling til dette ? Ein vanleg tankegang er at me kann ikkje ha ei fri språkutvikling. Me må ha ei statleg normering. Um ikkje er det bokmålsveldet som fær råda.

Me høgnorsktihengjarar kann verta skulda for å vera for ivrige etter å kritisera samnorskfolk og ty til kritikk som samstavar med det riksmålssida segjer. Det kann hevdast at me meiner spørsmålet for/mot samnorsk er yverordna spørsmålet for/mot bokmål, og då meiner sume målreisingi kjem på ville vegar. Det største trugsmålet mot nynorsken i dag er bokmålsveldet, og ideologiprodusentar (både norske og utanlandske) som styd opp om bokmålsveldet høyrer til millom dei fremste motstandarane våre, kann det hevdast.

Her er eg grunnleggjande usamdi. Eg er samdi i at bokmålsveldet er den største utbydingi. Men skal me koma frametter, meiner eg, at eit viktig delmål på vegen må vera å bryta med rådande dogme innanfor norskfagsmiljøet/sosiolingvistikken. Kritikarane kann meina at eg er for ivrig etter å nå dette delmålet og ikkje greider å halda hovudmålet i sikte.

Generelt sett er eg tvilande til kategoriske framstellingar av kva som er rett/ideelt. Eg meiner at det er viktig å nå fram til sannkjenningar og sanningar på tvers av skjematiske tenkjing. Det som er rett for oss, treng slett ikkje å vera rett for alle andre. Og td. å samanlikna målstoda i Noreg med utlandet kann føra heilt gale av stad. Måltilstanden i USA er vidt forskjellig frå måltilstanden i Noreg.

Labov/Trudgills målpolitiske program hev vore å få fram at dialektane ikkje er dårligare språksystem enn standardtalemålet, men like gode, og difor har det t.d. vore viktig for dei å kalla standardtalemålet for "a dialect" på line med andre dialektar. Dette hev ført med seg ein aksept for at dialektar og standardtalemål er like gode språk. Det er av det gode for då kann dialektane nyttast fullt ut i skrift og tale, kann det hevdast. Det er eg usamdi i.

For det fyrste var dreilingi mot meir dialektbruk på gang ei heil stund fyrr Labov nådde Noreg.

Det hev vore stor variasjon i skriftspråksbruken innanfor nynorsken i alle år. Innanfor skjønnlitteraturen kann det jamvel sjå ut til at dialektformene hev gjenge attende dei siste 30 åri, trass i at dialektane hev vorte stertere framtrekte i målpolitisk agitasjon.

At utviklingi mot meir bruk av dialekt munnlegg gjekk fyre seg uavhengig av framvoksteren av sosiolingvikken vert endåtil slege fast av Språkleg Samling so tidleg som i 1976. Her vert det peika på at det er sosiolingvistikken som er påverka av samfundsutviklingi på den tidi og ikkje umvend.

Eg vil soleis hevda at det er den målpolitiske tenjingi som hev vorte prega av sosiolingvistikken og ikkje framgangen for dialektane. Framgangen for dialektane hev kome uavhengig.

For det andre vil eg hevda at eit normaltalemål lettar kommunikasjon, at med eit normaltalemål vert det lettare å læra språket frå seg til utlendingar, at eit normaltalemål gjev oss ein nasjonal einskap, eit normaltalemål hev ingi sterk lokal tilknyting og let seg tileigna av folk frå ulike stader i landet. I tillegg hev folk den fordomen at normaltalemålsbruk er noko som er knytt til folk med høg utdanning og høg prestisje. Den kjem dei til å ha lenge enno. Bokmålet profiterar på at me målfolk ikkje vil byggja ut eit standardtalemål i sterkare grad enn i dag. Jamvel i Noreg finst det ei tilnærming til eit normaltalemål, og det er bokmålet.

Bokmålet hev eit standardtalemål. Nynorsken skal ikkje ha det. Det er offisiell nynorsk politikk i tilknyting til store delar av målrørsla. I praksis gjer denne tilnærmingi bokmålet til einestandard. Når ein høyrer språk umkring seg tek ein som regel upp ord og vendingar ukritisk eller ein tek dei i bruk avdi ein ikkje finn alternativ. Men ein gjer det utfrå eit mynster. Ein finn språklege mynster og ideal som ein fylgjer. Det er vel fåe eller ingen som hermar etter dialektale på fjernsynet når dei skal visa til noko? Når folk høyrer bokmål derimot då tek dei upp i seg dei språklege utsegnene utfrå det mynsteret dei er vane med. I beste fall knotar folk bokmålet um til dialekt. Når ein vert tvinga til å ha fyrelegg på bokmål og ikkje kann sleppa undan å taka utgangspunkt i bokmålet, kjem bokmålet inn. Det er bokmålsveldet. Når ein ikkje vert drilla i eit levande alternativ til dette, so held ein fram med å knota bokmål, når ein kann sleppa òg, og då kann ein greida å stå i mot bokmålspresset endå lenger enn det ein elles vilde ha gjort. Talemålspedagogikken/alle språk er like gode ideologien hindrar ei uppbyggjing av eit normaltalemål på friviljukt grunnlag. Då fær med ikkje noko nynorsk mynster som kann fremja nynorsken i talemåli.

Gjenom å slå fast at alle språk er like gode hev sosiolingvististane rettferdigjort at nynorsken hev vorte bokmålisert. Me treng ikkje normaltalemål. Bokmålet hev det, men det er me imot: Snakk dialekt skriv nynorsk. Denne tenjingi er rett, dersom me tek bort bokmålveldet. For å uppnå det må me gjera noko: Er de samde so langt? Me vil ha nynorsken inn på alle felt der bokmålet hev domene i dag.

Kann me få det utan eit nynorsk normaltalemål ? Eg meiner nei. Difor meiner eg at kampen for at folk skal få tilgang til eit nynorsk normaltalemål er grunnleggjande. Denne kampen må vinnast fyrr me kann vinna kampen mot bokmålveldet.

Attende til artikkelsamlingi

Godtegrisane bur i Noreg

(NPK): Godtegrisane bur i Noreg, skriv den svenska avisas Dagens Nyheter, og melder at svenskene et 2,8 kilo snop i året, danske 1,3 og finnene 1,2 kilo. Verst i Norden er nordmennene som hiv i seg 4,7 kilo snop i året, medan det i USA går med 9,2 kilo snop for å stille godtegrisane til ein amerikanar.

Elevar kan meir enn lærarane

(NPK): Når det gjeld data, er det ofte læraren som må ha hjelp av eleven – og ikke omvendt. Etterutdanningen av lærarar i data er ei av dei sterste utfordringane i den norske skulen i dag. Dataalderen har skapt ei kunnskapskloft mellom gammal og ung, og denne kjenner godt til syne i skulen.

– Lærarar som har passert fôrti har falle utanfor datarevolusjonen. Difor har norsk skule eit stort behov for etterutdanning, seier EDB-sjef Ove Moe hos skulesjefen i Oslo. Han meiner at norsk skule bør ta eit krafttak for å jamne ut kunnskapsklofta, og opplyser at Oslo-skulanane no vurderer ulike etterutdanningstilbod.

Vurderer aksjonsfond

(NPK): Norges Bondelag vurderer å opprette eit felles solidaritetsfond eller andre utjamningsordningar som kan nytast ved aksjonar i samband med jordbruksoppgrøtet. Bondelaget skal ta kontakt med Norsk Bonde- og Småbrukarlag for å avklare korleis dette skal gjennomførast.

Kvinner og nyetablering

(NPK): Ønsket om å bestemme sjølv er det viktigaste motivet for kvinner når dei vel å starte eiga verksamhet. Dette går fram av ei granskning utført av Länsstyrelsen i Stockholms Län.

Film om lyd

(NPK): Randall Meyers har hatt ansvaret for musikk og lyddesign på eit lang rekke norske spesialfilmar som «Herman», «Telegrafisten», «Secondmannen» og «Høerer du ikke hva jeg sier». No skal komponisten og musikkjennaren regisse sine første kortfilm der lyd som fenomen spelar hovedrolla. Styret i Norsk filminsti-tutt vil støtte «Perception» med 220.000 kroner. Filmen er kostnadsrekna til 326.000 kroner.

Filmen er ein poetisk fabel om menneske som møtest eller ikkje møtest. Ei vandringsfrå det indre øyret til stadig nye rom kor lyd er det førande og overraskande elementet.

Nynorsken er sterkast i kyrkja

– Innanfor den norske statskyrkja står nynorsken sterkare enn på dei fleste andre samfunnsmål, påstår historikar og teologiprofessor Berge Furre.

INGVILD KJØDE

I samband med Det Nynorske Festspela i Ørsta og Volda førte veke heldt Berge Furre Ivar-Aasen minneforelesing om «Nynorsk som Kyrkjespåle». Av totalt 1200 kyrkjelydar innan den norske statskyrkja, er det i dag om lag 500 som nyttar nynorsk. 20 prosent av alle norske biblar som blir selde er nynorske, og det vert sjeldan halde ei gudstjeneste utan nynorske salmar.

Nynorsk bibelbelte

– Kva er årsaka til at nynorsken står så sterkt i den norske statskyrkja?

– Mykje av årsaka ligg nok i at det religiøse livet er sterkest organisert på Vestlandet, på kyststripa frå Nordmøre og nedover. Dette er det såkalla bibelbeltet. Dette er også det området der nynorsken står sterkest, fortel Berge Furre.

Furre framhevar vidare at det er i statskyrkja nynorsken står sterkt.

– Mitt inntrykk er at frikyrkjene er meir medvitslause når det gjeld val av språk. Det vil seie at dei fleste kyrkjene vel bokmål, sjølv om det for mange av dei ville meir naturlig å velje nynorsk. Det same gjeld den katolske kyrkja i Noreg. Når det er sagt, må eg få framheve at den norske statskyrkja var i ein helt annan situasjon enn frikyrkja då det kom på tale å innføre nynorsken som kyrkjespåle. Fordi statskyrkja var ei folkekirkje, kunne grasrotaktivistar som fekk politisk støtte jobbe nynorsken inn i kyrkja, seier Furre.

Seint, men godt

Furre seier at nynorsken kom inn i den norske statskyrkja seinst, men godt. Først i 1908 vart det lovleg å bruke nynorsk liturgi, – eit kvart hundreår etter at Stortinget hadde vedteke at «landsmålet» skulle vere jamstelt mål i riket. Først med liturgiversjonen i 1920 låg det føre ei jamstelt nynorsk alterbok og ikkje før i 1938 syntte Bibelselskapet for to jamstelle bibelutgåver.

– Kvifor tok det så lang tid å få nynorsken inn i kyrkja? – Då reformasjonen nådde Noreg kom det ingen bibel på norsk, trass i at eit av hovudprinsippa til Luther var at den heilage skrifta skulle leggast fram på folkemålet. Rett nok



var det slutt på dei latinske skriftene, men dansken tok over i staden for norsk. Då Ivar Aasen sitt arbeid med eit nytt språk byrja å gi resultat frå 1850 og utover, var ikkje kyrkja umiddelbart klar til å ta inn det nye språket. For her fanst allereie eit gamalt og tradisjonsrikt kyrkjemål som kyrkjegjengarane hadde vent seg til gjennom generasjonar. Innanfor religion vart orda så viktige fordi orda symboliserer det ein ikkje ser, men trur på. Symbolfunksjonen gjer orda heilage, og dermed vansketelege å endre. Det faste og varande symboliserte det trygge, forklarar Furre.

Moderne gjennombrot

Då det moderne gjennombrotet kom i 1870-åra, og Bjørnson forkynte at kristendommen var ded, møtte kyrkja nye utfordringar. Trua var ikkje lenger sjølvstilt for alle, og difor vart det viktig for kyrkja å møte born og unge med eit språk dei forstod. Samstundes byrja målt-

tersla og deira allierte å arbeide for å få nynorsken inn i kyrkja. For dei var det meir ei målsak enn ei kyrkjessak.

– Fordi kyrkja var ei folkeleg demokratisk rørsle brukte politiske vedtak til å hjelpe støttespelarane sine i kyrkja. Eit konsernativt hierarki av embetsverk og kyrkjelalarar kunne ikkje sperre vegn for det nye. Avgjeraende var likevel folkeleg grasrotstøtte, – kombinert med ein elite av dugande teologar og prestar som brann for målsaka. Det nasjonale og helmelege var berande verdiar i striden: å rydde rom for nynorsk i kyrkja, var å føre kyrkja heim, opplyser Furre.

Legitimitet

– Kva konsekvensar fekk det at nynorsken kom inn i kyrkja?

– Å få nynorsken inn i kyrkja, var viktig for å gi språket legitimitet. Kyrkja er normandande. Dei fleste i Noreg nyt-

tar å få nynorsken inn i kyrkja, var viktig for å gi språket legitimitet. Kyrkja er normandande, seier Berge Furre. (Foto: Bernt Eide)

Ivar Aasen

(Ivar Aasen 1946 c Diktning Red av
Knut Liestøl c slor.)

HULDRE-GAAVA (1860)

Vilde de hava Tolmøde til at høyra paa, so kunne dat vera Gaman, at fortelja um nokot, som hende paa Seim eingong, og um dat Bordet, som never stadet dar sidan; for dat var slikt eit makalaust Bord, at alle, som saago dat, maatte undrast paa dat.

Dan gamle Seims-Garden never inkje alltid voret so smaabytt og so folkarik, som no er han; i Staden fyre at dat no er mange Gardar og mange Eigarar med kvar sitt Stykke, var dat eingong berre eit Bruk og ein Mann, som aatte dat altsaman. I Staden fyre at dar no er mange Aakrar paa ymsa Sidor, var dar eingong berre ein einaste Aaker; men dan Aakren var so stor, at dat var so, ein knapt kunne sjaa i Enden paa honom. Daa kunne ein segja, at d t var Gard, som var Mun i, og heppen var dan Mannen, som var Eigar til slik ein Eigarnslut. Men so gildt, som no detta var, so var dat daa ymse Vanskar med; og soleides var no dat ein Vanske, at dat trengdest so myket Folk til at driva Garden; og i dan Tidi var dat inkje so stor Folkahjelp i Bygdom, som no er dat. Dan verste Knipa var dat no alltid um Hausten, naar Aakren vardt skjær, og Kornet skulde i Hus; daa hende dat ofta, at Kornet vardt standande so lenge paa Roti, at dat var myket av dat, som skjemdest burt; og var dat daa so, at dat kom nokra Frost-Næter paa dat, so kunne dat snart verda ein stor Skade. Og soleides gjekk dat daa ofta, at dat var myket, som spilltest; men dat gjorde no inkje nokot stort fyre slik ein

210 Eventyr, Segner og Skildringar

Riking, som Mannen paa Seim; for dat vilde no myket til dess, maa vita.

Men eingong saag dat daa illa ut likavel. Dat var eit Aar, daa dat var inkje annat en Uvedr med Storm og Støyteregn fram etter Sumaren og langt ut paa Hausten, so dat gjekk reint av Lage med Onni, og dat saag ut til dess, at all Avgröda var spilt. Sidan lettade daa Vedret upp, so Folk fingo skjera; men daa var dat alt so seint paa Hausten, at ein kunne inkje annat venta en Frost og Kjeld. No vart dat annsamt fyre Mannen paa Seim; Aakren stod uskoren, og Skurdarfolk var ingenstad at faa, og dat saag ut til ein Skade, som sjølv Seimingen inkje kunne tola.

Men, naar Naudi er størst, er Hjelpi næst, segjer Ordtøket. Dat var ei Kveldstund, at Mannen gjekk og dreiv ut paa Bœn, so sutfull og ottefull, at han var mesta vitlaus; daa slog han Henderna i Hop og ropade med Graat i Maalet: «Kvat skal eg gjera? Kvat Raad skal dat verda? Her er ingi Hjelp at faa!» Daa hørde han eit, som svarade i Bakken ovanfyre. «Jau, her er Hjelp at faa,» sagde dat. «Kvat Hjelp skulde dat vera,» sagde Mannen. «Vil du gjera dat, som me segja deg, so skal du faa so god Hjelp, at du inkje skal angra paa dat,» svarade dat. Daa kunne Mannen skyna, at dat var Haugafolket, som baud seg til at skjera åt honom; han vardt daa baade gild og glad, som ventande var; men so var han daa forviten til at høyra, kvat dei vilde hava, og dat var no dat, at han skulde ganga heim og hengja største Kjetelen sin paa Gruva og bryggja upp alt dat Malt, som han aatte; siden skulde han rydja Storstova si og flytja ut alt, som flyttjande var; dar skulde han setja dat fulle Øls-Kjeret midt inn paa Golvet, og eit annat Kjer, som var tomt og umsnutt, skulde standa jamsides med. «Er dat inkje annat, so stend dat inkje paa,» tenkte Mannen, og darmmed tok han til at bryggja. Men ut paa Aakren vardt dat ei staakande Natt. Dar strøymde saman so myket Smaafolk

or alle Haugar, at dat var inkje Tal paa; og allesaman hadde eit litet blenkjande Jarn i Handi, mesta som ein ørliten Ljaa elder Sigd. Darmed toko dei til at skjera, og medan dei skaaro, so sungo dei alt i eit:

«Alle kann Aakren skjera;
Ingen kann Bendelen gjera.»

For naar ein skal gjera Bendel, so lyt ein slaa ein Knut paa, so dat verder mest som ein Kross; og alt dat som er likt til Kross, dat kann inkje Haugafolket hava nokot med. Men nog er dat: Aakren vardt skoren, og radt gjekk dat og, so dat stod inkje Straa paa Roti, naar Morganen kom. Daa kom Kristfolket ut og gjorde Bendlar og bundo Kornet og sette dat upp til Turking. Og so snøgt som Kornet var turt og innteket, so vardt Storstova upprudd og Ølkjeret sett inn paa Golvet; for daa var dat Von til, at Haugafolket vilde halda Veitsla si etter Dugnaden, som dei hadde gjort. Og daa kann dat vel henda, at dat vardt livande i Storstova, naar Kvelden kom; dat var inkje at undrast paa, at dei vilde hava Stova tom; for dat var so myket folksamt, at dat vardt trøngsett nog endaa; og so mange Gjester hever dar vist inkje voret i Storstova, korkje fyrr elder sidan. Kor dat ellers gjekk til i Laget, fekk inkje nokon sjaa; men lystigt og leikande var dar til Gagns, so ein kunne høyra Staaket paa lang Leid, og soleides heldt dat paa, lika til Dagen lyste.

Daa dat leid fram paa Morganen, gjekk Mannen inn i Storstova og skulde sjaa etter, kor til stod; daa var Ølkjeret burte; for dat hadde dei teket med seg, av di dei visste, at ingen kunne bruka same Kjeraldet som dei. Dat tome Kjeraldet var ogso burte, men i Staden fyre Kjeret stod dar eit Bord, og dat var eit slikt Bord, som ingen hadde set Make til. Dat var so fiint Tre i dat og so kunstig Gjerd og so myki Pryda paa dat, at ingen kunne tenkja slikt, og so fiint utskoret var dat

med Krot og Kransar og med Rosor og Blomar, at ein kunne aldri verda leid av at sjaa paa dat. Detta skulde Mannen hava til Takk fyre Husleiga og til Minne um dei framande Gjesterne, som havde havt slik ei morosam Natt i Husom hans.

Mange lange Aar ero lidne, sidan detta Bordet kom i Garden; dat hever gjenget i Erve med Garden fraa Mann til Mann, til dat vardt so gamalt og mørket og makkasmoget, at dat var inkje lengre nokor Pryda i dat; men endaa fekk dat standa paa sin gamle Stad; for Folket hever tenkt som so, at so lenge som denna Gaava finnst i Garden, so er dat Von til, at dat inkje skal koma nokor Ulukka paa Kornet elder paa Aarsens Avgrøda. Men um slikt skulde henda no i desse Tider, so vil dat no inkje vera Folkaløysa til at skulda paa; for no er dat fulla Folk nog i Bygdom, so dei maa vel kunna skjera Aakren sin sjølv.

*Dativ flertal
Eit stilmiddel*

214 Eventyr, Segner og Skildringar

STORM OG STILLA (1862)

Det er huglegt at ro igjenom eit Sund utved Havet, naar Himmel er blid og Sjoen spak, so ein inkje ser nokot Merke paa Nærleiken av Vesterhavet utan berre den ruggande Tung-alda, som kjem sigande utantil og gjerer eit litet Drag i Tangfjøra og ein liten Skval uppover Fjørrestinarne, medan dei halda paa og turkast av Solskinet. Men det er inkje alle Dagar Solskin, og helder inkje er det alle Folk, som hava det so lagat, at dei kunna berre ro ut i Svartestilla og sidan sitja heima, naar Vedret er litet-vetta ufysset.

Ein Morgan i Vaarfiskja var Harald i Tversund ko-men ned aat Naustet og saag etter alt, som skulde vera medhavt paa Baaten; for han var Styremann og skulde ut sjølvfemte og draga Torskagarni. Ein av Grannom, som heitte Sjurd, kom ogso gangande med Skinnstakken paa Armen og Nistebumba i Handi; dei andre vaaro snart ventande. «Kor likar du Himmelsbragdi i Dag? Eg tenkjer, me faa godt Sjovedr,» sagde Sjurd. Harald saag seg i Kring og kinkade paa Hovudet. «Berre det inkje vendest, lid ut paa Dagen,» sagde han; «der er ein Bakke ut og sud i, som eg inkje likar. Og no ero me inkje so godt mente paa Baaten holder, som me ymist hava voret. Han Paal hever Forfoll, so han inkje kann vera med, og so skal denna Guten vera i Staden hans, og honom hever eg ingi Tru til. Der hever han voret burte i tvau try Aar, og det veit ingen, kvat han hever lært. Sidst han var heima, vilde han inkje gjera annat

en lesa, og so kann ein vita, kvat Sjomann han er. Nei, nei, han Gunnar verd inkje den Mann, som Fader hans.» — Men rett som dei stodo so og rødde, kom han Gunnar gangande med Skinnklæde og Nistebumba, og sidan komo dei andre og, so Laget var fullskipat. Dei flotade Baaten og stemnde til Havs og komo paa Fiskestadens i god Tid; men medan dei drogo Garni, var det alt komet Vending i Vedret. Den myrke Skybakken ut og sud i var komen høgt upp aa Himmel, og ei svart Spong paa Sjoen kom dragande nordetter, Vonom snøggare. «Sjaa Utsynningen, Gutar,» sagde Harald; «han kjem so svart som ein Brand; lat oss skunda oss og hespa Garni inn i Baaten.» Dei skundade seg, mest dei vunno, og vundo Seglet og stemnde aat Land; men det var inkje langt at bida, fyrr Utsynningen havde naatt deim. Heimleidi deira laag nokot sunnarlega, so dei fingo Vind og Baara paa Sida, og endaa luto dei beita kvast, naar dei skulde halda Høgdi si og inkje reka undan or Leidi. Det var ogso Torvi til at hava eit stort Rom til at driva paa, for Vinden voks, og Baara kveste seg med Skavl og Brot, so Styremannen laut gjera mangein Bøyg og styra undan, naar Skavlarne vilde slaa innyver. I verste Rykkjom laut Seglet ned, og dessimillom kom det sjeldan so høgt som midt i Mastr, men uppe laut det daa vera, so lenge som lyda vilde; for der var inkje annat at bergast med; og daa var det inkje fritt, at Baaten hallade og støyte hardt imillom dei bratte Baarom, og at Sjoen fossade inn, so det vardt mesta uvinnelegt fyre deim, som skulde ausa. Sidst paa kjøvde det so til med Driv og Rok, at ein knapt kunde sjaa fram um Stamnen fyre frøsande Skavlar og Drivgardar, og rundt i Kring stod Sjoen som ein rjukande Foss, og mest paa Landsida, der Brimet brakade fyre Bergom og Nesjom, so det duvde fyre Øyrom. «Me naa inkje upp Synstesundet,» sagde Styremannen; «det er inkje tenkjande; me faa ganga undan nord um Øyarne og vera glade dess, um me berga Livet med di.» Ellers

so vardt der inkje mange Ord talade, medan detta stod paa; den einaste Røda, som gjekk, var berre dei stutte Ropi: «Set» og «Vitt», og «Sjaa fram i» og «Halde kvar sitt». Og det var Torvi til, at kvar skulde halda sitt; — ein einaste liten Slepp, eit einaste Mistak med Vol elder Skaut, med Drag elder Handsyfte, kunde lett vera nog til at taka deim av Tofta og leggja deim i laagaste Sengi med eit Tareblad under Hovudet. Men, som dei sagde sidan: dei vaaro inkje feige endaa, dei havde endaa nokot ulivt; og soleides fingo dei daa baska seg inn i eit Sund, so myket dei fingo Logn av Landet og kunde ro seg ..eimatter.

Dei, som heima vaaro, hadde reint syrgt deim av; for dei saago so myket av Vedret, at dei tykte, det aldri kunde ganga vel med deim, som daa vaaro ute. Det vardt inkje liten Fagnad, daa dei sidan saago ein Baat koma strævande nordantil og baskande med Androren, so det stod Drivet fyre honom. Endaa inn i Sundom var Stormen so strid, at det syntest korkje vera roande elder siglande, og i verste Flagom stod Baaten so forsett av Andvedret, at det var knappast so myket, det neit fram; men Kallarne rodde mannlega, for endaa dei vaaro so vel vædde med Skinnklæde, havde dei daa fengt so god Bløyta, at dei tyktest turva eit Handakraft til at halda Varmen i Kroppen. Born og Kvende stodo ventande ned paa Voren i verste Hardvedret og toko imot Baaten, daa han endelega kom i Stødi. Mennerne sette fram Baaten og slengde Garn og Fisk upp aa Land, og sidan gjekk kvar til seg; men fyrr dei skildest, talade Harald til Gunnar og bad honom koma inn, naar han havde voret heim og fengt av seg Vaasklædi. Gurinor sagde, han skulde koma; men ellers so undradest han myket paa, kvat detta skulde hava paa seg. Han havde no voret lenge burte, og daa han skildest fraa Harald sidst, saag det just inkje ut til nokon Vinskap med deim. Harald havde ei Dotter, som heitte Ragnild, og henne havde Gunnar hatt Elskug til; men Gamlen vilde inkje

vita av slika Raader; han vilde inkje hava Gunnar til Maag. «Det er inkje nokot Framtak i honom,» sagde han, «det verd ei Gagnloysa, som inkje hever Hug til annat en berre at lesa og draga i Hop alle dei Slarvebøker, som han kann uppspyrja. Slike Folk er det ingi Von med; fyrst verda dei uduglege til at fylla ein Manns Rom paa Sjo elder Land, og dernæst verda dei fortullade i Hovudet av desse Fillebokom, som er so myki Lygn og so liti Sanning i. Me hava nog med dei Bøker, som er Guds Ord i; men dei andre hever eg liti Tru til, for dei er inkje alle Bispar, som gjera Bøker, maa vita. Eg ser altid det, at naar dei skriva um nokot, som kjem oss ved, og som me sjølvé kunna vita, daa ljuga dei meir en annatkvert Ord; og difyre maa eg tenkja, at dei ljuga lika so myket um dei Ting, som me inkje skyna. Det er ingen, som liver med Lesnad her hjaa oss; den som vil hava slike Goddaggar, han maa fara til Byen og halda seg til dei Folk, som inkje gjera annat en lesa og eta.»

Daa Harald no havde fengt Fiskarusket or Vegen og bytt av seg den vaate Sjohamen, kveikte han Pipa si og sette seg innar aat Bordet. «Gakk ned, Ragnild,» sagde han, «og kjenn etter, um der er nokot atter paa Jolekaggen, og heng so ei Gryta paa Skjerdingen; eg tenkjer, han Gunnar kjem inn, og so vilja me hava oss ei Skaal med heitt Øl attpaa Vaaset.» Ragnild vardt so raud som ei Hjupa og grundade paa, kvat slikt skulde tyda. Sidst han Gunnar var der i Huset, havde Gamlen visat honom ut og sagt so fallne Ord, at han turfte inkje koma der oftare. Men Gamlen havde fengt ei Vending i Hugen. Han hadde gjort den same Røynskapen, som so mange andre hava gjort, at den, som me vyrda minst, kann stundom gjera største Hjelpi. Gunnar kom og vardt vel fagnad; han laut daa fortelja, kvar han havde voret desse sidste Aari; han havde havt største Hugen til Boki og tenkt at læra eitkvart Slag; men daa han kom ut i Verdi, vilde ingen vita av hos

nom; holder var det so, at han vardt hædd og utlædd som ein Heimføding i all si Aatferd; difyre havde han furtat og faret heimatter og tenkt med seg, at naar det skal vera so manga undarlega Viser og Vipror til at læra, so var det best at taka atter det same Handverk, som hans Fosfeder havde drivet. Detta likade Gamlen ovlega vel, og so bad han daa Gunnar um, at han inkje vilde bera Illvilje til honom fyre det, som var imillom deim fyrr. «Eg visste inkje fyrr, kvat Mann du er,» sagde han, «men i Dag fekk eg sjaa det, og eg tyktest endaa sjaa so myket, at havde inkje du.voret med, so havde det kanskje gjenget verr, en det gjekk. Den, som duger mest, naar mest nøyder paa, honom kallar eg ein Fagnas-Mann; og slike Folk er det, som me turva her hjaa oss; han fær inkje vera raadlaus, som her skal bergast, og holder inkje fær han vera brøysk i Bringa, um det ser ruskutt ut. Men no vonar eg, at me skulo vera oftare i Lag og sigla med beinare Byr, en den som me havde i Dag.»

Gunnar er alt no komen paa Styremanns-Tofta etter Harald. Han hever Hug til Boki endaa; men han er komen paa same Vegen, som Verfader hans, at han trur inkje alt, som er prentat.

Magne Rogne:

Ein ny giv for sidemålet i grunnskulen?

Den nye læreplanen, *Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen* (L 97), har skapt mykje debatt, men det har ikkje vore fokusert like sterkt på alle delar av han. Ein har hatt ei særleg sterk fokusering på det at seksåringane no skal inn i skulen, noko som kanskje har overskygd andre viktige endringar. I denne artikkelen vil eg konsentrere meg om eitt felt - sidemålsdelen av norskfaget på ungdomsseget. Etter det eg kan sjå, er endringane frå *Mønsterplan for grunnskulen* (M 87) på dette feltet av ein slik karakter at ein kanskje burde revurdere bruken av omgrepet sidemål.

Mange skulefolk har peika på at det under M 87 (og tidlegare) har vore ein del problem knytt til sidemålsundervisninga. Ein har ofte ikkje fått dei resultata ein kunne ynske seg, noko som avspeglar seg i karakterstatistik-kane.¹ Dette gjeld først og fremst dei som har nynorsk til sidemål. Ut ifrå dette er fokuset i artikkelen lagt på desse, sjølv om endringane i læreplanen sjølv sagt gjeld dei som har bokmål til sidemål òg. Det kan verke som dei därlege resultata i sidemål er signal Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har merka seg. I alle fall har det kome store endringar i L 97 i høve til M 87 når det gjeld denne delen av norskfaget.

I denne artikkelen vil eg peike på dei endringane ein finn i L 97 i høve til M 87. Eg vil òg prøve å peike på kvifor desse endringane har kome i L 97 - altså kva intensjonen bak dette er. Er det politiske eller pedagogiske motiv som ligg bak? Eller begge delar? Eller ingen av delane?

Artikkelen er disponert slik: Først vil eg samanlikne dei innleiande delane i begge planane. Så vil eg gå inn på M 87, slik at det vert lettare å merke seg endringane når eg etterpå tek for meg L 97. Eg vil sjå på målsetjingar, konkrete ting som gjeld undervisninga på dei ulike årstrinna og endringar i språksyn og språkbruk. Etterpå vil eg prøve å seie noko om intensjonane som ligg bak endringane, før eg heilt til slutt vil kome med nokre konklusjonar på det denne gjennomgangen har vist.

Ulik vekt på sidemålet i innleiingane

Strukturen i M 87 og L 97 er bygd opp på litt ulikt vis. I M 87 kjem ein allereie på første sida av norskdelen inn på målsetjingane for faget. I den delen som gjeld sidemålet, heiter det at undervisninga i norsk skal sikte på

å gje elevane gode kunnskapar og dugleik i hovudmålet,

kjennskap til sidemålet og dialektar, og utvikle tolerante haldningar til språk og språkbruk. (M 87:129)

Dette er ei heller vag formulering. Det er vanskeleg å seie kva som eigentleg er meint med omgrepet "kjennskap". Ein kan elles merke seg at denne "kjennskapen" til sidemålet er jamstilt med "kjennskap" til dialektar. L 97 listar ikkje opp slike felles målsetjingar for heile faget i byrjinga av planen (desse målsetjingane kjem lenger ute, og der er ikkje sidemålet nemnt - dei er i det heile svært generelle). Der finn me sidemålet først omtalt under punktet "Arbeidsmåtar i faget" på den tredje sida:

Elevane møter sidemålet tidleg og får høve til å prøve det ut gjennom lesing og skriving over lengre tid utan at dei skal vurderast. Dei får røysnle med sidemålet som eit bruksspråk, ikkje berre som eit oppgåvespråk og prøvespråk. (L 97:113f)

Dette er ikkje direkte samanliknbart med målformuleringa frå M 87 (som òg har eit underkapittel om "Arbeidsmåtar" - utan at sidemålet vert nemnt), men det er viktig å legge merke til at L 97 legg vekt på at sidemålet skal vere eit bruksspråk. Dei byrjar altså med meir offensive formuleringar i L 97 enn i M 87 når det gjeld ambisjonane for sidemålsopplæringa.

M 87 - krav om kjennskap til sidemålet

M 87 er delt i hovudemne, med nokre råd om progresjon knytte til treårsbolkar. Den neste staden me møter sidemålet, er under hovudemnet litteratur. Der heiter det slik:

Litterære tekstar på sidemålet vil gje kjennskap til fleire språklege og geografiske miljø i landet vårt, og vil skape forståing og respekt for bokmål, nynorsk og dialektar. (M 87:136f)

Planen tilrår denne fordelinga mellom hovudmål og sidemål i litteraturlesinga på ungdomsseget: Elevane les to tredjedelar av tekstane på hovudmålet og ein tredjedel på sidemålet. Denne lesinga skal først og fremst vere ein reiskap til å gje kjennskap til ulike miljø og skape forståing og respekt. Planen trekker altså ikkje inn argumentet om at litteraturen skal vere til hjelp for arbeidet med det skriftlege sidemålet. I det neste punktet der sidemålet er nemnt, viser ein derimot større vilje til å sjå samanheng mellom dei ulike delane i norskfaget. Det gjeld hovudemnet språklære, under punktet om talemål:

På ungdomsseget ser ein nærmare på trekk ved lydverk, bøyingsverk og ordtilfang i det lokale målføret. Dette kan vere

nyttig kunnskap i mange distrikt når ein tek til med skriftleg sidemålsopplæring. (M 87:142)

Her er det ein tydeleg tendens til at planen ser nytta av ei sterkare integrering av norskfaget. Ein kjem så vidt inn på dette i punktet om grammatikk på side 142 òg, der det står at elevane "bør etter kvart lære å legge merke til skilnader mellom bokmål og nynorsk". Denne formuleringa vert likevel hengande noko meir i 'lause lufta'.

Resten av det stoffet som gjeld sidemålet, er omtalt under eit eige hovudemne, som rett og slett vert kalla *sidemålet*. Dei spesifikke målsetjingane for dette hovudemnet vert lista opp slik:

Gjennom undervisninga i sidemålet skal elevane få kunnskap om den andre av dei to jamstelte målformene i norsk. Dei skal få

- kjennskap til litteratur på sidemålet
- lære meir om variasjonsbreidda i norsk språk
- kjennskap til talemålet i høve til dei to skriftspråka
- større forståing for og akseptering av tale- og skriftmålet til andre

- lære å uttrykkje seg skriftleg på sidemålet (M 87:144)

Her får me nærmere spesifisert kva dei meinte med "kjennskap" til sidemålet i dei generelle målsetjingane for faget som norskdelen av M 87 byrja med. Men særleg det siste punktet må vel kunne seiast å krevje noko meir enn berre kjennskap. Det er vel òg dette punktet som har vorte lagt mest vekt på, kanskje særleg på grunn av at ein har hatt krav til vurdering med karakterar i sidemålet. Og i den samanhengen har praksis vorte at elevane alltid har kome opp i både hovudmål og sidemål når dei først har kome opp til skriftleg eksamen i norsk².

Små ambisjonar

M 87 kjem òg med råd om kva som kan vere grunnlaget for arbeidet med skriftleg sidemål, og her legg planen vekt på at ein kan nytte tekstar som utgangspunkt:

Tekstane må vere interessante og vise eit levande skriftspråk. Elevane skriv korte svar på spørsmål til tekst, tekstar, teikneseriar o.l. Læraren rettar lite i byrjinga. (M 87:145)

Igjen får ein inntrykk av at ambisjonane ikkje er særleg store, og at sidemålsundervisninga står isolert i norskfaget. Rett nok nemner planen seinare at elevar med nynorsk til sidemål som har ein dialekt som ligg nært nynorsk, bør kunne dra nytte av dialektens sin. Men det er òg det einaste som kan likne på ei integrering av dei ulike delane av norskfaget. Ei viktig formulering for progresjonen i denne undervisninga er dette: "Elevane bør seinast ta til å skrive på sidemålet frå 8. klasse" (M 87:145). I praksis har vel dette "seinast" gjerne vorte til "tidlegast" ute i ungdomsskulane, slik at elevane nok har fått litt for knapp tid til å lære seg skriftleg sidemål grundig.

I underpunktet om "Ordbruk, formverk, tekstar" stig ambisjonane noko: Elevane skal få "grunnleggjande

kunnskap om ordbruk, setningar (verbal uttrykksmåte på nynorsk) rettskriving og hovudreglar i formverket, slik at dei etter kvart kan skrive samanhengande tekstar på sidemålet." (M 87:145) Men igjen saknar eg relasjonar til andre delar av norskfaget; ein kunne vel gjerne tenke seg at dette med "samanhengande tekstar" vart nytta i ein samanheng utover det å skrive på sidemålet. Kva med omgrepet sjanger, som resten av læreplanen i norskfaget er gjennomsyra av? Den spesielle oversikta over emne og aktivitetar for ungdomssteget ber preg av det same:

Meir grunnleggjande kunnskap om ordbruk, formverk, setningsforming og rettskriving. Språkhistorisk og språksosial bakgrunn. Dialektære former og skrivemåte. Skrive ulike slag tekstar sjølv. (M 87:146)

Her seier planen rett nok at elevane skal skrive ulike slag tekstar. På den måten vert det ei opning for at læraren kan prøve å få elevane til å skrive i ulike sjangrar, men det er ein lang veg frå det til å integrere sidemålsundervisninga på ein konstruktiv måte. Alt i alt kan ein nok seie at M 87 inviterer til at ein kan gjøre sidemålet til eit oppgåve- og prøvespråk - nett det ein vil prøve å unngå i L 97. Mykje tyder på at denne invitasjonen har vorte nytta av mange lærarar i den tida M 87 har eksistert.

Men elles synes eg M 87 har nokre grep som kan vere svært nyttige for sidemålsundervisninga. Dette gjeld særleg dei delane der ein tek opp emne som har med forståing og respekt for ulike talemål og skriftmål å gjøre. Tanken bak dette er nok å prøve å få bukt med ein del fordommar mot sidemålet, og då særleg nynorsk. Det er vel sannsynleg at ein del slike fordommar har skapt problem for sidemålsundervisninga. Men spørsmålet er om desse små tilløpa i læreplanen har fått nok utslag i konkret undervisning.

Ekskurs: Litt om eksamen

I samanheng med denne læreplananlysen kan det vere interessant å sjå litt på kva som er praksis ved eksamen, fordi eksamen nok ofte kan verke like styrande på undervisninga som læreplanen. Ved innføringa av M 87 byrja ein med ein ny praksis ved norskeksamen. Ein gjekk over til ei oppgåve i sidemålet, og det var ingen reell forskjell på denne oppgåva og oppgåva i hovudmålet. Dette var ei skjerping i høve til tidlegare, då ein nytta ein lettare variant. Eit blikk på sensorrettleilinga for avgangsprøva våren 1998 syner korleis forskjellen på hovudmål og sidemål er tenkt praktisert:

Når det gjelder vurdering av sidemålstekstene, ber vi sensorene være oppmerksom på dette:

1 Innhold. På dette området er det ingen forskjell på hovedmål og sidemål.

2 Oppbygging av teksten. Heller ikke her er det forskjell på de to målformene.

3 Språklig formuleringsevne. I nynorsk sidemål har elevene ofte mer begrenset ordtilfang og problem med syntaks og språkføring. Dette er årsaken til at elever med nynorsk

som sidemål oftere får dårligere karakterer enn elever med bokmål som sidemål. (Avgangsprøva 1998:44)

Ut ifrå dette kan me sjå at sensorrettleininga for eksamen legg opp til langt strengare krav enn det ein kan lese ut ifrå M 87. På kravsida er altså dei reelle forskjellane mellom hovudmål og sidemål langt på veg utviska.

L 97 - sidemålet som arbeidsspråk

L 97 nyttar eitt tekstromgrep der ein tekst er både prosess og produkt. Norskfaget vert delt inn i tre breie område - lytte og tale, lese og skrive og kunnskap om språk og kultur. Planen set opp målsetjingar for dei ulike årsstega. I måla for ungdomssteget står dette under bolken 'lese og skrive':

Dei skal kunne lese og skrive på nynorsk og bokmål for aktivt å kunne vere med i ein nasjonal skrifkultur og erfare at lesing og skriving utfyller kvarandre i fagleg arbeid og i all skriveopplæring. (L 97:124)

Her ser ein tydeleg idealeit bak L 97, med heilskapstenging og integrering av dei ulike delane av norskfaget. Det er særleg viktig å merke seg at planen talar om nynorsk og bokmål, ikkje hovudmål og sidemål. Eg tolkar denne språkbruken slik at ein med dette vil tone ned skiljet mellom hovudmål og sidemål, noko som må sjåast på som eit ynskje om å styrke sidemålsopplæringa i norskfaget.

Men dette er ei målsetjing for heile ungdomssteget. Ser ein på delmåla for dei ulike årsstega, kan ein sjå at det er ein progresjon i krava. I 'hovudmoment' for 8. klasse heiter det at elevane *skal* "byrje å bruke sidemål som arbeidsspråk" (L 97:126). Dette ser eg på som ei klar styrking av sidemålet i høve til M 87. For det første gjeld det starttidspunktet: Etter M 87 burde elevane starte å skrive frå det som før var 8. klasse, medan dei no skal byrje å nyte sidemålet som arbeidsspråk frå den nye 8. klassen - altså eitt år tidlegare. Dessutan er *skal* eit mykke sterkare uttrykk enn *bør*. For det andre gjeld det uttrykka å *skrive* i høve til *arbeidsspråk*. At det er tale om skriving i L 97 òg, ser ein av at punktet er lista blant moment som gjeld skriving - dei som gjeld lesinga, står tidlegare (men det at dei skal bruke sidemålet gjeld sjølv sagt lesinga òg!). Det er stor forskjell på å skrive korrekte svar på spørsmål til tekstar og å nyte sidemålet til arbeidsspråk. Med uttrykket *arbeidsspråk* forstår eg at dei skal nyte det *til noko* i samband med dei andre delane av norskfaget. Altså til å skrive til dømes utgreiingar, debattinnlegg og artiklar, som er nokre av dei andre momenta åttandeklassingane skal lære seg. Her kjem heilskaps- og integreringstanken inn i biletet.

Under hovudmoment for 9. klasse vert desse tankane vidareførte, for der står det at elevane skal "bruke sidemål som arbeidsspråk for skriftleg arbeid i periodar". Progresjonen ligg her særleg i uttrykket *periodar*. Det tolkar eg slik at dei skal bruke sidemålet som arbeidsspråk samanhengande over tid. Her kan mellom anna tema- og prosjektarbeid vere aktuelt. Slike arbeid skal utgjere minst

20% av all undervisning på ungdomssteget. Ein del av dette arbeidet vil vere tverrfagleg, men det er vanskeleg å seie om meiningera er at ein skal nyte sidemålet i slike sammenhengar. Då vil ein nok kunne kome inn på delar av undervisninga som er styrt av lovverket, nemleg at elevane sjølv skal kunne velje opplæringsmål.

Sidemålet er òg nemnt under 'kunnskap om språk og kultur'. Der heiter det at elevane skal "arbeide med formverket i sidemålet i tilknyting til tekstar" (L 97:128). Først i det andre året med skriftleg sidemålsopplæring skal altså elevane arbeide spesielt med grammatikken i sidemålet. Det kan ein vel sjå på som ei vidareføring av prinsippet om at "Læraren rettar lite i byrjinga" frå M 87. Tanken er nok at elevane skal få bruke sidemålet utan å verte skremt av alle dei raude strekane. Ein kan òg lese noko av fagsynet i planen ut frå dette - elevane skal lære i språket i staden for *om* språket.

Vekk ifrå hovudmål og sidemål

I 10. klasse tek dei så steget heilt ut når det gjeld tilhøvet mellom dei to målformene. Eitt av momenta der seier at elevane skal

arbeide med god språkføring og formell dugleik i bokmål og nynorsk knytt til arbeidet med eigne tekstar (L 97:128) Her skil altså læreplanen ikkje mellom hovudmål og sidemål, men stiller dei same krava til dugleik i både bokmål og nynorsk. Dette gjev klare signal om kor mykke elevane bør kunne i sidemålet det året dei går ut av grunnskulen og skal opp til eksamen. Eg meiner dette er ein milepål i norsk språkhistorie, der ein for første gong heilt ut tek konsekvensen av jamstillinga av dei to skriftformene i landet vårt i grunnskulen. Denne jamstillinga har sjølv sagt vore gjennomført før på den måten at ein har hatt to forskjellige karakterar for hovudmål og sidemål, men det nye er no at ein stiller dei samme krava til dugleik i både hovudmålet og sidemålet. Etter dette kan ein tenke seg at omigrepa *hovudmål* og *sidemål* etter kvart vil forsvinne ut av skulesystemet, og at ein vil nyte *nynorsk* og *bokmål* i staden - slik ein gjer både under målsetjingane for ungdomssteget og i momenta for 10. klasse i L 97.

Intensjonane bak L 97

Etter å ha sett dei store endringane ein finn i læreplanen, kan det vere interessant å sjå på kva krefter som ligg bak desse endringane. Det er mange ulike interessegrupper som gjerne vil ha eit ord med i laget når det gjeld utforminga av ein læreplan - dei politiske partia, lærarprofesjonen, foreldreprupperingar, næringslivet og fleire. Kor stor innverknad dei ulike interessegruppene får varierer ein del. Men generelt verkar det som dei norske lærerplanane har vore prega av kompromiss, slik at ein ikkje har fått ekstreme einsrettingar på ideplanet. På denne måten har ein òg oppnådd ein viss politisk konsensus bak vedtaka av læreplanane.

Men det er klart at det politiske partiet som sit med makt under utforminga av læreplanen, kan leggje ein del føringar for arbeidet gjennom departementet. Dette har òg vore gjort under arbeidet med L 97 (med generell del frå 1993). Arbeidarpartistarsråden Gudmund Hernes har fått mykje av æra (eller skulda?) for utforminga av denne planen. Dette gjeld særleg det ‘instrumentelle’ synet som ligg til grunn for planen, med måltermar for mykje felles, obligatorisk lærestoff.³ Denne vektlegginga av at alle barn i Noreg skal igjennom det same lærestoffet, viser at ein av hovudintensionane bak læreplanen er eit nasjonsbyggings/konsolideringsprosjekt. Formuleringer som “Oppføstringen [...] skal bære videre og bygge ut kulturarven” (L 97:17) peikar i den same retninga. Dette er ting ein må rekne med har spela inn under utforminga av norskdelen av planen òg. Men i den delen har andre ting kanskje vore vel så viktige, særleg gjeld det sidemålsdelen.

Heilskapstenking for norskfaget

Eg har prøvd å skaffe dokumentasjon av prosessane fram til den endelige utforminga av norskdelen av L 97, for å kunne seie noko om korleis dei som har arbeidd med dette har tenkt - særleg for å finne intensjonane bak dei endringane eg har vist i sidemålsdelen. Men det har eg ikkje greidd (eksisterer det?). Det har òg vore skrive svært lite om dette i ettertid. Eg tok difor kontakt med to av personane som var med i plangruppa for norskfaget (læreplan-komiteen). Denne gruppa var utnemnd av departementet, og ho stod for det konkrete arbeidet med å formulere norskdelen av læreplanen. Ho var samansett av røynde lærarar, fagekspertar og pedagogiske ekspertar.

Først tok eg kontakt med leiaren for gruppa, Ingrid Rygg Haanæs, som arbeider ved Trondheim lærarhøgskole og har lang røysle frå arbeid i grunnskulen.⁴ Ho kunne fortelje at departementet kom med ein del føringar for arbeidet deira, men ingen av dei galdt arbeidet med sidemålet. Gruppa tok utgangspunkt i at elevane hadde hovud- og sidemål med eksamenskrav, og at vanskane låg på nynorsken som sidemål. I arbeidet vart sidemålet sett i samanheng med ei *heilskapstenking* for norskfaget - dei ynskte ikkje båsar. Målet med arbeidet var ikkje å få til ei skjerping av krava i sidemålsundervisninga, men å freiste å gjøre noko med organiseringa av arbeidet - elevane skulle få ein sjanse til å greie krava. Samstundes var det viktig at alt språkarbeid skal ha ei meinig; det skulle vere relatert til tekstar, ikkje vere isolert grammatikkundervisning. Eit auka mål med omorganiseringa var å spare tid for læraren.

Problemet med sidemålsundervisninga var at mangelen på språklege modellar var påtrengande for elevane, og det har dei freista å rette på. Særleg viktig i den samanhengen er det at elevane skal få møte sidemålet i bruk. Denne tankegangen er motivert ut ifrå synet deira på læring og språkutvikling: Elevane må til dømes få arbeide

med sakprosa på nynorsk for å kunne utvikle eit vokabular. Skal elevane kunne skrive ein reklameanalyse på nynorsk til eksamen, må dei på førehand ha utvikla eit sett omgrep knytt til dette.

Resultatet av arbeidet med sidemålsdelen av L 97 ser ho ikkje på som ei skjerping av krava, fordi eksamen skal gjennomførast på den same måten. Elevane bestemmer sjølv kva dei vil skrive til hovudmål og sidemål.

Dei fekk gode tilbakemeldingar på sidemålsdelen av L 97 både av elevgrupper og lærarar under høyringsrundane. Gudmund Hernes var òg positiv til det arbeidet dei hadde gjort.

Styrking av sidemålet

Eg tok òg kontakt med ein annan medlem av fagplangruppa - Bjarne Øygarden, som er tilsett ved avdeling for lærarutdanning ved Høgskolen i Hedmark.⁵ Han var samd i at heilskapen i faget var viktig for utforminga av sidemålsdelen, og han understreka at det var full semje om dette i gruppa. Men han meinte òg at sidemålsdelen i L 97 var ei klar skjerping - eller styrking - i høve til M 87. Her tenkjer han då spesielt på nynorsk som sidemål, som har fått eit løft med den nye læreplanen. For å underbyggje dette, peikar han på det at elevane no skal byrje å skrive sidemål frå 8. klasse, og det at ein no har gått meir over til å tale om *nynorsk* og *bokmål* i staden for *hovudmål* og *sidemål*. Formålet med dette var å kome bort frå desse siste termane, der *sidemål* kan verke nedsetjande, og på den måten prøve å skape meir likeverd mellom målformene. Det auka fokuset på dialektlære og språkhistorie meiner han vil verke i same retning.

Han peika òg på, som Haanæs, at det ikkje var direkte føringar for arbeidet med sidemålet frå departementet si side. Men han meinte at dei føringane som departementet gav når det galdt kulturell tilhørsle, gav støtte til arbeidet med sidemålet, dialektlære og språkhistoria. Han peika òg på at den veka ein har hatt på kulturell sjølvforståing i kulturpolitikken, gjer at sidemålet står tryggare i dag enn på lenge. Dessutan meiner han at det er viktig å sjå det som no er gjort med sidemålet i L 97 i ein større samanheng. Dette er resultatet av ei utvikling som har gått føre seg i grunnskulen heilt sidan byrjinga av 1960-åra.

Lærarane har kjent kvar skoen trykkjer

Ut ifrå dette kan me sjå at lærarprofesjonen har hatt ein særleg sterkt innverknad på endringane i sidemålsdelen av L 97. Det har vore det fagdidaktiske som har vore mest vektlagt, noko dei to medlemene av fagplangruppa og oppbygginga av læreplanen stadfestar. Målet har først og fremst vore at elevane betre skal kunne meistre dei faglege krava ein stiller i sidemålet, og ein vil integrere sidemålet sterkare i norskfaget for å oppnå dette. Omgrep som *bruksspråk* og *arbeidsspråk* er sentrale her, i lag med det at ein vil vekk frå omgrepa *hovudmål* og *sidemål*.

Men sjølv om departementet ikkje har kome med politiske føringar som går på sidemålet direkte, kan nok nasjonsbyggingskonseptet til Hernes ha spela ei viss rolle gjennom dei meir generelle kulturelle føringane som Øygarden er inne på. Og så lenge desse verkar i den same retninga som dei fagdidaktiske vala, er det lett å oversjå dei. Ei nedtoning av motsetningane mellom målformene vil i alle fall styrke den nasjonale integrasjonen. Likevel trur eg ein må leggje klart mest vekt på det fagdidaktiske, blant anna ut ifrå mangelen på direkte politiske føringar. Det var trass alt eit verkemiddel som vart nytta mot andre aspekt ved planen.

Mot reell jamstilling i grunnskulen?

Endringane i sidemålsdelen av L 97 i høve til M 87 er omfattande. Tidsbruken er viktig i denne samanhengen - elevane skal no byrje med skriftleg sidemålsopplæring når dei byrjar på ungdomsskulen. Det vil seie minst eitt år før det som har vore praksis etter M 87. Men vel så viktig er endringane i arbeidsmåten som vert skissert i L 97: Elevane skal få røynsle med å nytte sidemålet som *bruks-språk* og *arbeidsspråk* - det skal vere noko meir enn eit prøvespråk. Skal ein oppnå dette, tvingar nye arbeidsmåtar seg fram. Ein må integrere sidemålet slik at ein nyttar det i samband med læring av andre tema i norskundervisninga, til dømes i litteraturhistorie, reklameanalyse og skriving av ymse artiklar. På den måten får elevane ein kompetanse som gjer at sidemålet kan *brukast til noko*.

I tillegg til dette kjem dei meir formelle sidene: Bruken av *bokmål* og *nynorsk* i staden for *hovedmål* og *sidemål* i L 97 (særleg for 10. klasse) markerer ein milepæl i norsk språkhistorie når det gjeld jamstillinga mellom dei to målformene våre i grunnskulen, fordi ein stiller dei same formelle krava til dugleik i begge to (at dette har vorte praktisert under eksamenssensuren, er ei anna sak).

Å finne ut noko om intensjonane bak desse endringane, var inga enkel sak, truleg fordi prosessen fram til den endelige læreplanteksten var etter måten lukka. Men ut ifrå dei kjeldene eg har, kan det verke som om det er dei fagdidaktiske prinsippa som har vore viktigast. Represen-

tantane for lærarprofesjonen i komiteen har sett at undervisninga i sidemål ikkje har fungert godt nok, og dei har ut ifrå det freista å få til endringar i læreplanen. I og med at det ikkje var direkte politiske føringar på dette, kan det verke som dei har hatt nokså fritt spelrom i arbeidet. Målet deira har vore å få eit heilskapleg norskfag, utan slike båsar som til dømes sidemålet vart putta inn i før. Eg vil seie at dei langt på veg har lykkast med dette. At dette arbeidet drog i same retning som det overordna nasjonsbyggingsprosjektet ein kan lese ut av den generelle delen av L 97, var nok heller inga ulempe når planen skulle igjennom den politiske kverna.

Læreplanen er altså endra med tanke på å få til ei betre sidemålsundervisning. Det som gjenstår, er å sjå om lærarar og elevar er viljuge til å følgje dette opp ute i klasseromma. Først då vil ein verkeleg få ein ny giv for sidemålet i grunnskulen.

LITTERATUR OG KJELDER

Avgangsprøva 1998 med forhåndssensur. Eksamenssekretariatet. Skoletjenester 1998.

Hellesnes, Jon 1998. "Skulen og den teknokratiske freisitinga". I *Syn og segn*, hefte 3 1998, side 210-215.

Læreplanverket for den 10-årige grunnskulen (L 97). Det kongelege kyrkje, utdannings- og forskingsdepartement 1996.

Mønsterplan for grunnskulen (M 87). Det kongelege kyrkje- og undervisningsdepartement og H. Aschehoug & Co 1987.

¹ Sjå t.d. Avgangsprøva 1998:44

² Jf. ekskurs

³ Jf. Hellesnes 1998, særleg s. 211.

⁴ Det som følgjer, er bygd på telefonsamtale med Ingrid Rygg Haanæs den 29.10.1998.

⁵ Avsnittet er bygd på telefonsamtale med Bjarne Øygarden den 10.11.1998.

Arbeidarreising og målspørsmål

Avg Halvdan Koht (1921)

Hentla få
"Målsbidel
klassekamp"

Ei Pax - bok
Som han fengast
hja NMC

Har arbeidarane noko med målspørsmålet?

Det er mange som seier: Arbeidarreisinga er berre ein strid for nye økonomiske vilkår; ho kann ikkje hefte seg bort med slikt som målspørsmålet. Dei seier: Det kann gjøre det same for arbeidaren anten ein skriv «gryten» eller «gryta», når han berre kann få noko i gryta. Eller: det skil ikkje arbeidaren anten det skal heite «grøt» eller «graute», når berre han kann få graut nok.

Men det er no ikkje sant, dette, at arbeidaren berre har tanke for maten. Og i det minste arbeidarpolitikken kann ikkje være berre eit matspørsmål. Det var just det som ein hadde å laste den gamle fagforeiningspolitikken for, at han hadde ikkje syn for anna enn løn og mat. Når arbeidarklassen reiser seg og vil lage om samfundet etter sine livskrav, då får ho av seg sjølv ein politikk som rekk mykje lengre. Sosialismen og kommunismen er ikkje ferdig før arbeidarane har forma *allting* i samfundet etter som det høver for deitas krav og vilje. Og dette gjeld åndslivet likså vel som næringslivet. I skole og kyrkje, i rett og moral har arbeidarpolitikken nye tankar å bære fram. Difor fins det ikkje eit einaste spørsmål i samtida som kann stå framandt for arbeidaren. Han må ta standpunkt, — for si eiga skyld må han ta standpunkt i alt som er med og formar framtidlivet.

Det gjeld berre om å ta standpunkt såleis som det svarar til god arbeidarpolitikk.

All samfundsstrid er ein klassestrid, — det hører til den sosialistiske barnelærdomen vår. Og målspørsmålet er med i

klassestriden. For her og står det klassekrav mot klassekrav.

Vil ein lese stridsskrifter i målsaka, gamle eller nye, så skal ein fort sjå at noko av det som har reist målstriden, det er kravet om å gjøre opplysningsvegen lettare og greiare for underklassene. Til lenger bokmålet og skolemålet ligg borte ifrå vanleg folketales, til vandare er det for det breie folket å eigne til seg bok- og skolekunnskap. Verst var det den tid lærdomen berre fans på latin. Men om så morsmålet blir teke i bruk, så kann det bli gjort så stivt og kunstigt, så ålmugesmannen snaut får tid til å gjøre seg til herre over det. Alltid når underklassene reiser strid for betre opplysning og meir skole, så må dei då straks med det same stri for meir folkeleg mål i skrift og i tale. Og den som studerer litteraturhistorie, han skal nok merke at kvar ei ny underklassereising i samfundslivet fører inn i bokmålet ein ny frisk straum med folke-mål. Men overklassene strevar alltid med å binde bokmålet til sitt eige lærdomsmønster; dei gjør det til eit merke på rett «daning», om ein mann kann tale og skrive likså «sint» som dei sjølve. Dermed held dei oppe klasseskilnaden og stemplar underklassemannen.

Det er eit vitnemål om ei ny samfunds-ånd, eit utslag av den maktige underklasse-reisinga i nytida, at sjølve dei lærde målgranskaranane i det siste hundreåret meir og meir har dregje fram det levande folkemålet og skuva bokmålet til sides. Dei tykkjer snart-sagt at det er berre folkemålet som i sanning er *mål*. Ikkje i bøkerne, men på folketunga sinn dei det livet og dei lovene som styrer målvoksteren. Dermed har dei skapt ein heilt ny vyrnad for folketalen. Før vat boka det store mønstret; det gildaste av alt var å kunne «tale som ei bok.» Folkemålet — det var «vulgert», «simpelt». No kjem dei lærde i alle land og vil bygge bokmålet på dette folkemålet. Og såleis styrker dei på nytt underklassene i ånds-reisinga deiras, i striden for rom og rett for deiras eige mål.

Det er i alt dette eit skiftande spel av samfundsmakt og åndsmakt, og målet er både våpen og vinning i klassestriden.

Det er likevel ikkje mange stader at målspørsmålet har så stort eit rom i klassestriden som her i vårt land. Og det er rimleg nok. For her vart det ikkje sjølve heimemålet, men målet frå eit framandt land, som overklassene tok i bruk i bok og skrift.

Det var ikkje noko rart i at det gjekk såleis her hjå oss.

For vi hadde den ulukka med landet vårt at det miste sjølvstendet sitt, d.v.s. vi kom under styring av ei framand overklasse. Dei hundreåra som vi kallar «dansketida», då Noreg var dansk lydrike eller provins, kom nett til å gjøre slik skade for folket vårt for di vi ikkje berre var politisk usjølvstendige, men dessutan fekk inn i landet ei overklasse som sosialt og åndeleg stødde seg på eit anna land. Anten ho var innflutt eller innfødd, så tok ho difor kultur- og mål-mønstret sitt ifrå Danmark. Som all overklasse tenkte ho fyrt og fremst på sin eigen bate, ikkje på folkebaten, og målet hennas var dansk, ikkje norsk. Det var ein gong dei tretta om det var med eller utan «tvang» at det danske bok- og riksmalet var innført i Noreg. Det var ei tarvlaus trette. Den endeframme sanninga er at det danske målet kom inn i fylge med danske makthavarar: dei hadde *makta*, og sjølvsagt tok dei sitt mål med seg.

Regjeringa gjekk i brodden. All regjering er ei form for klassemakt, og midt i 15de hundreåret kann vi sjå at dansk adel hadde avløyst norsk adel i norsk samsund og styring. Så er det då mest sjølvsagt at frå 1450 nyttar regjeringa ikkje anna enn dansk i forordningane sine.

På 1500-talet auka danskeveldet i Noreg, og så breiddet det danske målet seg endå meir ut. Den lutherske reformasjonen kom i andre land i fylge med eit nasjonalt kongedøme og ei nyreist borgarklasse. Men her i landet rådde eit framandt kongedøme, og noka heimleg borgarklasse hadde endå ikkje vaks fram. Så vart reformasjonen her berre ny vinning for det danske styret. Her vart bibelen *ikkje* sett om på folkemålet; det vart berre skrive ut skatt på dei norske kyrkjelydane til å få sendt skipslastar med danske biblar opp til landet. Prestane var tilhaldne å preike på dansk i kyrkjene, og greidde dei *ikkje* det, skulde dei i det minste lese opp av ei dansk postille. Danske salmar skulde bli sungne til gudstenestene, og folk skulde lære kristendom etter danske katekismer. Til større trygd for det danske kyrkjelivet fekk prestane hundre år etter pålegg om at dei skulde studere på universitetet i Kjøbenhavn, om dei vilde ha embete i Noreg.

Endå galldt dei gamle norske lovene i landet. Men frå 1572 kom det kongebrev på kongebrev om at lagmennene (domarane) måtte sjå til å få lovene omsett på dansk. Og i breva står det greitt kvifor det skulde bli gjort: lagmennene skjonte ikkje

lenger det norske målet fullgodt, så dei dømte ofte vrangt. Og i 1604 kunde kongen godkjenne ei ny norsk lovbook, d.v.s. den norske lova omsett på dansk. Det greidde seg no ikkje med dette heller; for i 1687 fekk vi ei ny norsk lovbook (og den syrgde regjeringa for å få så lik den danske lovbooka som råd berre var, — dansk lov og dansk mål måtte fylgjes).

Då så regjeringa på 1700-talet tok til å få sans for folkeopplysning, helst likevel kristendoms-kunnskap, så sende ho ut forordningar om å få i stand «danske skolar» i by og bygd i Noreg, og det vart tukthusstraff for den som ikkje kunde lære den danske Pontoppidan rett. No hadde det endeleg under danskestyret, vakse fram ei sterk handelsklasse, eit borgarstand, her i landet òg, og det var dette borgarstanden som hadde vunne makt over statsstyringa. Men just for di den nye handelsklassa hadde kome opp i dansketida, var ho frå fyrste stund bunden i hop med danskestyret, så med denne nye overklassa i landet kunde det ikkje bli noko nasjonalt skifte. Ho òg hadde kultur- og mål-mønstret sitt i Danmark. Når då regjeringa no sette opp skolar i Noreg, kravde dei norske «borgarane» sjølv sagt dansk skole i byen. Og sidan ho ikkje kunne tenke seg anna slag daning enn den ho rekna for den beste for seg sjølv, så måtte ho likså sjølv sagt krevje dansk skole for underklassene, for bondefolket ute på landsbygda.

I den fyrste dansketida var det danske adelsmennar som mest hadde hatt styringa i landet. Sidan kom styringa under borgarlege embetsfolk, tenarar for den nye overklassa. Men dei nye embetsmennene var likså danske i kulturen sin som dei gamle. Dei fekk opplæringa si frå universitetet i Kjøbenhavn, amtmenner, futar og skrivarar liksåvel som prestane, og dei kjente ikkje anna riksmål enn dansk. Difor vart namna på byar og bygder, på øyar og elvar og på alle bondegardane i landet omskrivne i dansk form så langt som råd var: Kråkerøy vart til Kragerø, Øygarden til Ødegård, Tveit til Tved, Iluoya til Hovedøen, og såleis frametter i det endelause. Så når ein ser på eit landkart frå den tida eller les i embetsbøkerne, så må ein tru at Noreg var reint dansk land. Og slår ein opp i dei gamle kyrkjebøkerne, så skal ein finne at prestane skreiv inn folk med berre danske navn: Håkå har vorte til Hagen, Steinar til Stener, Ola til Ole o. s. fr. Det var som om det berre budde danskar her. Eg vil no ikkje tale om all den vankunna som titt og ofte synte seg når dei norske namna såleis vart om-

skrivne; meininga var i alle tilfelle klar nok: alt skulde være dansk i denne danske provinsen.

Men dette danske målet, det som såleis vart riksmål og bokmål i Noreg, det vart aldri meir enn berre overklassemål her i landet. Ja, dei lærde er endå ikkje visse på kor mykje dansk sjølv overklassefolket tala i dagleg lag; some av dei hadde kanskje dansk berre til finare bruk, men tala norsk i kvardagslag og dei som danska til kvardags òg, braut nok mykje på norsk likevel. Dansk kunde difor aldri rett bli eit levande mål for fødde normenuer; dei måtte alltid ta den danske boka til læremønster. Men just difor var då òg det danske målet i sanning det *fine* målet i Noreg.

Underklassene rakk aldri opp i dette fine målet. Dei kunde nok lære nokre få danske ord, og dei kunde ramse opp katekisma og Pontoppidan såleis som skrive var. Men dei dreiv på og tala norsk, ingen ting anna, og når dei freista knote dansk, skriftleg eller munnleg, så vart det just berre — knot.

Overklassene kom slett ikkje på at underklassemålet i Noreg kunde være eit sjølvstendig mål. Dei meinte det var berre utskjempt bokmål. Målkøyvinga gjorde klufta mellom overklassa og underklassa endå vidare enn ho elles vilde ha vorte. Og det var dette som gjorde klassestriden til målstrid.

Bondemålet i reising.

I slutten på 18de hundreåret var det at bønderne tok til å reise seg imot borgar- og embetsveldet i landet. Dei hadde då lenge vore den store underklassa i landet. Dei hadde mått slite og træle for overklassene, vinningen av arbeidet deiras gjekk mykje til handelsfolket i byane eller dei privilegerte sagbruks-cigarane, og sjølv hadde dei inga makt: dei måtte greie tunge skattar, og dei fekk være åleine om den æra å tene i hæren. Men dei økonomiske vilkåra hadde på det siste snudd seg såleis at bønderne heldt på å kome seg opp; serskilt fekk dei lagt meir og meir av jorda inn under eiga si, dei skapte ein sermerkt og rik bondekultur, aller mest i prydkunst og tonekunst, og dei steig i sjølvverdnad og sjølvstilling.

Då kom både klassestrid og målstrid. Vi ser at ein og annan tok til å skjonne at bondemålet var noko anna enn bokmålet, — ein rest av det gamle norske, utforma på folketunga etter ser-

lege mållover. Og bonderne måtte uvilkårlig kome til å ta målet sitt med seg i reisinga si.

Det er så sermerkt ein ting at det fyrste stridsskriftet som kom på prent imot embetsstyret her i landet — «Samtale mellom Einar Jermonson og Reiar Randulvson paa Opland i Agger-hus Stift i Norge» (Kjøbenhavn 1771) — det er skrive på norsk folkemål, på romeriksmål frå Høland. Det hadde nok hendt før, at diktatarat hadde nytta folkemålet vårt i vers; men det var no helst for moro. Dette var fyrste gongen på mange hundre år at det kom eit vanleg prosaskrift på norsk mål. Og at det just var eit politisk skrift, det vitnar om at eit nytt målkrav heldt på å stige fram.

Nå, ei svale gjør ingen sumar, og dette skriftet frå 1771 vart lenge berre som ei einsleg svale. Kultur-reising er alltid noko av det siste i klassereisinga. Men fleire og fleire tok til å skjonne at bønderne, den gamle underklassa, no måtte vinne fram til større og større makt i samfund og stat.

Vi ser det i politikken kringom 1814. Det var ikkje så få den gongen som rekna det for eit hovudformål å styrke bondestandet, økonomisk og åndeleg. Den som hadde dette klarast for seg, var vel president Christie; han var heint fram som ein bondelørar på dei fyrste stortinga. Og han tok opp måltanken og, vilde reise bondemålet. Same tanken møter vi hjå slike folk som Jacob Aall, Johan Storm Munch og bygdemålsdiktaren Hans Hanson.

Men sjølv sagt kunde ikkje målstriden bli ein led i klassestriden før sjølve klassestriden for álvor vart reist. Men så ser vi då òg, at med det same den store bondereisinga kom, frå 1830, var målspørsmålet med. No kom bygdemåla retteleg inn i politikken. I agitasjons-skriftene for bondopolitikken dukka det fram bondemål frå alle kantar, — frå Trøndelag, Telemark, Romerike. Reint av seg sjølv kom ymse folk på den tanken, at liksom bønderne hadde samla bygdemålen sin til ein landsstrid, såleis skulde ein freiste samle bygdemåla til eit landsmål, — det er ein tanke som stig fram på ein gong hjå Jonas Anton Hielm, Henrik Wergeland, S. O. Wolff.

Samstundes sprengde bondemålet seg inn i det danske bokmålet, — det var just demokratane som tok det med seg her. Og dette var det verste av alt for overklassefolket. Då var det det vart målstrid i landet. Talsmennene for overklassedaninga kalla alt det norske for «plat» og «pøbelaktigt»; bondemåls-

orda, sa dei, gjorde «intet godt Indtryk på dannede Læsere» sidan slike ord var «mest almindelige hos den laveste Pøbel»; og slike former som «myra», «heia» og «barna» vart avvist med redsel for di dei hørte heime «hos den laveste Pøbel i de mære fordærvede Egne». Ingen ting syner betre enn dette motstanden, at den norske målreisinga hørte med i klassestriden. Men det eggja berre reisinga endå sterke fram. Dei vanvørslege talemåtane om pøbelmålet kveikte slik harm hjå bondeguten Ivar Aasen, så han sette seg til livsgjerning å reise bygdemåla til samla strid, — det var i 30-åra han la planen til det «lands-målet» som han endeleg fekk vitskapleg form på i 50-åra.

Det varte no endå ei god stund før bønderne mannjamt skjønte at dei måtte føre fram klassestriden sin i kulturlivet likså vel som i politikk. Men til meir bondereisinga vann fram, til sterke tok ho opp målsaka, — aller sterkest etter det hadde lukkas for Johan Sverdrup (kringom 1870) å gjøre bonde-politikken til *vinstre*-politikk med álment demokratisk program.

Fram-etter 60- og 70-åra, då kravet på gode folkeskolar lyfte seg med større og større makt, kom målspørsmålet av seg sjølv med i striden om skolen, og dermed fekk det endeleg rom i sjølve politikken. Høgre, overklassepartiet, vilde ikkje ha landet styrt av berre «raabarkede Gaardbrugere»; det vilde ikkje gje valrett til heile den «sjøsopdrættede» bonde-ungdomen, og det vilde naudleg gje rom i skolen for det simple bondemålet, — ein høgre-prest skreiv om at bygdemåla måtte døy likså vel som «den spedalske Sygdom og Skabben». Men Vinstre stridde målsaka fram.

Kva det var for motsetningar som her stod imot einannan, det kom så klart fram straks fyrste gongen målspørsmålet var fyre i Stortinget. Det var i 1874 at ein radikal tingmann frå Trøndelag kom med framlegg om at folkeskolelærarane på seminaren skulde få kunnskap i norsk mål, både gamalnorsk og nynorsk, — endå vart dei opplært berre etter det danske målmønstret. Då svarte dei konservative, at dei kunde nok gå med på å ta inn gamalnorsk; men nynorsk folkemål vilde dei på ingen måte vete av. Johan Sverdrup vart harm, og slengte ut eit bittert ord om at det gamle og døde kunde nok gå an for Høgre, men når det spurdes om det som hadde liv og vokstermakt i seg, då var det straks for demokratisk til å kome med i det gode selskapet, — det fekk «vedbli å være det råbarkede sprog som det hittil har vært».

Det vart ikkje fleirtal for nynorsk den gongen; berre det gamalnorske gjekk igjenom. Men då vedtaket så kom til Regeringa, sa ho at seminararen kunde greie seg utan gamalnorsk òg, og så vart det ikkje noko slag norsk av.

Fire år etter, i 1878, kom Sverdrup sjølv med målsaka på nytt, og denne gongen var kravet sterkare. I lag med 35 andre tingmenner kravde han at det no skulde være slutt på den gamle skikken med å nøyde bondebarna til å tale etter boka; dei vilde ha lovfest at i landsskolen skulde både lærarane og barna nytte det heimlege bygdemålet. Det var så gode pedagogiske grunnar for dette kravet, så ikkje ein i Stortinget kunde mæle imot, — det vart samrøstes vedteke. Men den gamle Adam, vanvyrndaden for folkemålet, sat no endå lenge i, så endå måtte nok bondebarna mange stader lære seg til å «tale fint». Og vilde dei opp i høgare skolar, så var det ikkje spørsmål om anna enn at dei måtte tale bokmål. For det er ikkje lover, men makta som avgjor slike ting.

Disfor hadde det endå lite å segje, — men det var eit naturleg utslag av partistriden, — at med det same Vinstre hadde vunne styringa i landet, gjorde det (i 1885) eit vedtak om at folkemålet skulde være fullt jamstelt med det gamle bokmålet til alt riksens bruk. Dette vart no lenge berre eit papir-vedtak. Det som var mykje viktigare, det var at Stortinget i 1892 sette inn i folkeskolelova for landet ei forskrift om at skolestyret i kvart herad for seg kunde få avgjøre om dei ville ha kreibøker og skriftleg opplæring på folkemålet eller på det gamle bokmålet, og dette spørsmålet skulde veljarane i kvar skolekrins få uttale seg om på fyrhand.

Dermed fekk folket sjølv makt over saka, og det var fyrste gongen at beinveges folkerøysting fekk rom i statslivet vårt. Det vart liksom slegje fast at folkestyre og folkemål alltid skal fylgjes. Det var i kraft av lova fra 1892 at folket i krins etter krins gjorde folkemålet til opplæringsmål i skolane sine. Serskilt i dei siste 12—15 åra har dette gått fram, så av dei 6000 skolekrinsar på landet er det i dag meir enn 2000 som har gått over til folkemålet, —dei fleste på Vestlandet, men mange dessutan i Agder og Trøndelag, i det aller siste some i Hålogaland og på Austlandet. Det har mange stader vore hard strid om dette skole-spørsmålet; men mest allstad er det så at der folkemålet først har kome inn, der har det ikkje lukkas å få det ut att.

Endå er denne framgangen for det norske landsmålet ikkje det einaste vitnemålet om korleis folkemålet har vunne fram i skolen. Det er mest vel så merkeleg koss folkemålet har tvinga seg inn i sjølv det danske bokmålet. Og her og kan vi tydeleg sjå samanhengen mellom folkereisinga og den norske framgangen. I mange tilfelle er det just dei som ein bruker kalle «målfolk», som har hjelpt til å få norskare, folkelegare form på det gamle bokmålet. Såleis gjekk det ut i 1887 departementsbrev til skolane om at barna no alltid skulde lære å lese bokmålet etter norsk uttale, d.v.s. først og fremst med dei harde konsonantane p, t, k der som dei endå etter dansk regel skreiv b, d, g. I 1907 vart desse harde konsonantane sett inn i skoleretttskrivinga, og i 1917 kom mykje anna norskt med, både tvilyd (au, ei, øi), böygjingsformer (eika, kua) og mykje anna, — så mykje så mange tykkjer det er reint *for* mykje. På nytt har dei vakna dei sinte overklasse-orda frå 30-åra om «pøbelmål», «forsimpling» og anna slikt. Motstandet mot folkemålet har reist seg argare enn nokonsinne, og målstriden brenn på alle kantar. Ingen kann halde seg utafor.

Det er slett ikkje meiningsa her å fortelje i det einskilde om korleis det norske folkemålet har brøytt seg fram i åndsliv og samfundsliv. Eg har berre vilt synge at striden for folkemålet i sanning har hørt med i den norske klassestriden. Eg seier ikkje at det er *berre* klassestrid som har skapt målstriden; det er andre ting òg som har hjelpt til. Men klassereisinga er ei hovudmakt i målreisinga, og i sjølv striden møter vi jamt overklasse mot underklasse. Målreisinga har, stort sét, vore freistnaden på å lyfte sjølv det breie folket i landet fram til åndsmakt i samfundet vårt.

Arbeidar og bonde.

Fram-etter 19de hundreåret var det no mest heile tida bonderne som bar folkereisinga. Og målreisinga har difor først og fremst vore ein strid for bondemålet.

Men smått om senn, serskilt ifrå slutten av hundreåret, har det vakse fram ei ny underklasse, arbeidarklassa. Og spørsmålet må då bli koss denne nye underklassa naturleg kjem til å stå i målstriden.

Det spørrs då i grunnen mykje om korleis arbeidaren i det heile skal stå til bonden.

For sosialismen har bondespørsmålet alltid vore noko av det vandaste. Som rimeleg kann være, sidan det var kapitalismen i verksdrifta som fyrst fødde sosialismen. Det var arbeidatkrava i verksdrifta som måtte kome i fyrste rekka, og det varte ei god stund før bondespørsmåla for ålvor trengde seg fram. Bondesamfundet vart på ei vis liggande utafor både den kapitalistiske overklassa og den proletariske underklassa, men gnikka seg likevel jamt innpå både desse klassene, og til meir både kapitalismen og sosialismen voks, vart det naudsynt å finne ei loysning som skipa bonderne inn i det nye samsfendet. Her var no både teoretiske og praktiske vanskar, og sosialistane har mange stader slett ikkje endå vunne på dei, — vi ser at i sjølve Sovjet-Russland har dei no nyleg mått ta opp heile bondespørsmålet til ny prøving.

Vi torer vel segje at det Norske Arbeidarpartiet har kome lengre med bonde-sosialismen enn dei fleste andre arbeidarpartia, og det har sett opp eit bondeprogram som løyer dei fleste vanskane. Men vi lyt vedgå, at endå har ikkje dei norske bonderne mannjamt fått syn for at sosialismen kjem med fri gjøring til dei og likså vel som til arbeidarane. Mang ein gong stig det fram sterke motsetningar mellom arbeidar og bonde, og vi kann ikkje legge dølsmål på at arbeidarane har sin part av skulda for dette, — dei to parta har ikkje alltid skjønt einannan rett.

Det er ofte rart å legge merke til, at endå bonderne har vunne så langt fram i stats- og samsfundsmauet som dei har gjort, så møter dei endå ikkje så sjeldan vanvyrdnad hjå byfolk, og arbeidarane, som slett ikkje har slik ei velmakt, et mang ein gong med i denne vanvyrdnaden, — det har eg sjølv sét, og eg tenker dei fleste må sanne det. Sjølve ordet «bone» kan ein titt høre uttala med vanvorsleg klang, og det kan bli nytta til skjellsord som «grautbone» eller «potetbone».

Slik kjem seg av at bymannen med sitt rappare, meir om-skiftelege liv kjenner seg gjævare enn den konservative bonden. For bondesamfundet er alltid konservativt; jordbruken kann ikkje såleis la seg revolusjonere som handverk og verksdrift. Og dette kann då for bymannen té seg som skort på framtak og på evne til framgang.

Men i roynda er det ein stor styrke og rikdom i bondekonservatismen. Kjærleiken til jorda, den seige ætte- og odelskjensla, er makter som ikkje berre har hjelpt til å halde oppe

sjølve bondesamfundet, men som er til vinning for alt samfundsliv; her er eit *heimkrav* som reiser ei hard klage imot det moderne industrisamfundet. Og ånds-arven i bondekulturen, — nett fordi han held så fast på samanhengen med førtida, er han alltid eit viktig livs-ømne i framvoksteren; han har just i våre dagar sett ny makt inn i kunstlivet på mange område.

Vi skal då ikkje vanvære bonden for konservatismen hans; men vi skal ta i vår teneste dei grunnmaktene som lever i bondesamfundet. All framgang, ja all revolusjon går djupast sét ikkje ut på å tyne og øydeleggje det gamle, men på å gjøre seg nytte av det til ny-bygging, — sjølve dei kapitalistiske driftsformene skal kome til nytte i det sosialistiske samsfendet. Og klassestriden til arbeidarane bygger i mange måtar på klassestriden til bonderne.

Kva er det bonderne har utretta i politikken vår? Dei har bore fram demokratiet i den norske staten, d.v.s. dei har brote ned makta til dei gamle overklassene, dei har gjort Regjeringa til ein reidskap for fleirtalsviljen, dei har gjeve valtrett til kvar mann i landet, og dei har teke bort alle økonomiske serrettar. Alt dette er ein veldig samsfundsveining, det har skapt nye framgangsvilkår. Vi andre skal ikkje gløyme kor mykje vi skylder bonderne av takk for dette, og minnet om heile denne striden kann ikkje anna enn være ei makt i tankelivet hjå bonderne sjølve: dei kann ikkje så lett slå lag med overklassene.

Bonderne stridde i si tid for fridom i næringslivet; dei vilde ikkje være bundne av dei serrettane overklassene sat med. Men med det same dei hadde sigra i striden, kom den nye kapitalismen veltande og gjorde næringsfridomen til ein reidskap for seg, — det vart ikkje bonderne som fekk vinningen av han. Men just for di bondesamfundet var konservativt, vende det seg uvilkårlig til strid imot den nye kapitalismen. I den fyrste arbeidatreisinga. Thrannerørsla frå 1848, gjekk husmenner og småbonder i lag med arbeidarane. Og i den ålvorlegaste freistnaden som er gjort her i landet på å tøyme storkapitalismen, — i striden for konsesjonslovene frå 1906 og ut-etter, — har bonderne på nyt stått i hop med arbeidarane.

Endå har ikkje dei norske bonderne kome så langt som bonderne i North Dakota; der har dei i dei seinste åra gått i gang med ein sosialisering-politikk som et til vinning for både bonde og arbeidar. Men i Noreg òg har vi fyresetningar for

samarbeidet mellom dei to klassene, og frå både sidene gjeld det om å rydde bort det som står i vegen.

Her melder målspørsmålet seg òg. Skal arbeidaren her gå med eller mot bonden?

Har arbeidaren eit målkrav?

Det var ein gong i Stortinget for noko mange år sidan, at ein av tingmennene for Arbeidarpartiet (Magnus Nilssen) hermede eit ord som Bjørnsjerne Bjørnson skulde ha sagt, — at målstriden er ikkje anna enn ein geip frå drengestua opp imot storstua. Og tingmannen la til: er dette sant, då er det sjølv sagt at arbeidaren må være med på den geipen.

Det er no ikkje sant at målstriden er slik ein geip. Det som han er, det er sjølvhevdinga, ein strid for full åndsrett for drengestua likså vel som for storstua. Og spørsmålet blir då om arbeidaren har noko å hevde for seg i målvegen.

Den fyrste som heldt fram eit målkrav for arbeidarane, det var ein av dei fyrste sosialistane her i landet, — det var O. J. Fjørtoft i 1870-åra. Han var eit klart radikalt hovud som fylgte tankane ut i alle konsekvensar; han vilde heile folket skulde reise seg i målstriden, og han sa: arbeidaren på gata har eit mål likså vel som bonden, det må vi alle ta omsyn til. Disfor brydde han seg ikkje det minste om å skrive nynorsk så likt gammelnorsk som råd var, såleis som Ivar Aasen og andre hadde freista. Det var sjølve det levande folkemålet han vilde reise, utan krusedullar.

Hat då arbeidaren på gata i sanning eit mål? — Ja, i det sine Christiania har dei noko som dei kallar «vikamålet»; det er det namnet overklassa bruker på arbeidarmålet, og dei har fått arbeidarane sjølve til å skjemmes av vikamålet, «pebelsmålet». Men eg har ifrå ungdomen min ei lita røynsle som herte meg å sjå annleis på vikamålet.

Det var i fyrstninga av 90-åra. Eg var med i ein samskipnad som heitte «Kristiania Venstres hovedstyre». Der var den gongen med både fagforeiningar og arbeidarsamfund i hovudstaden, så eg jamt hadde høve til å høre arbeidarane med i ordskeiftet. Eg hugser eg måtte mang ein gong smile med meg sjølv når arbeidarane tala; dei streva med å tala bokmålet så godt dei kunde, men det gjekk ofte reint på skeive for dei, og det hende dei sa beint fram det motsette av det dei meinte, for di dei ikkje rådde med bokmålet fullt og fritt. Men så

kunde det hende i ordskeiftet at dei vart sinna, for dei hadde gjerne nokre radikale krav dei vilde ha fram, og då gløymte dei av at dei skulde tale bokmålet, — då slo dei med ein gong over i det simple «vikamålet», og då var det ei lyst å høre kor greitt og fyldigt dei kunne få sagt meininga si. Då lærté eg at arbeidarane òg trang til ei frigjøring for målet sitt.

Overklassene har lenge rekna vikamålet og andre underklassemål i byane for berre utskjempt bokmål, liksom dei før gjorde med bygdemåla. Men no i dei allersiste åra har vitskapsmennene teke til å granske alle desse bymåla, d.v.s. underklassemål i byane, og dei har funne at det er inderleg samanheng mellom bymål og bygdemål. Det er berre i Bergen dei har eit bymål som i visse måtar skil seg ut, endå det òg står på den norske grunnen. Men elles talar arbeidarane i byane same målet som ein kann høre i bygdene rundt ikring. Eg hugsar ein gong eg gjekk oppetter ei gate på Grynerløkka, så horte eg ein gut som song ei vise for nokre andre gutungar, og i farten fekk eg tak i dette verset:

Det var så seint en lørdagskveld
je gikk på gata og rangla,
så kom en kar som fløy så fort
at hele tanngar'n sjangla.

Diktinga er just ikke fyrste-rangs; men målet er slett ikkje utskjempt bokmål, — det har nett dei same norske formene som vi kjenner frå bondemålet. Og slik er det naturlege talemålet mellom arbeidsfolk i hovudstaden. Dei seier brua og kua, ikkje broen og koen; dei seier bein og stein, ikkje ben og sten; dei seier han kasta og han har rivi, ikkje han kastet og han har revet. Det er dei same grunnreglane som vi kjenner elles i landet. Og det vil seie: det målet arbeidarane i byane nyttar, det er vanleg norsk folkemål; det bygger ikkje på det danske bokmålet.

Då har arbeidaren full grunn til å spørje: skal ikkje hans barn ha likså god rett som bondebarnet til å nytte sitt morsmål i skolen? Og det var dette som vart sett inn i byskolelova i 1917, at bybarna òg skal få lov til å tala heimemålet sitt i skolen. «Frøkna» skal ikkje lenger ha lov til å rette på gutungen som talar det målet han har hørt heime hjå far og mor, — utan han sjølv talar det rangt: Han skal ikkje lenger bli opp-

lært til å synes at far og mor talar «simpelt»; han skal ikkje få vanvore sin eigen arv; han skal ikkje bli gjort utrygg på seg sjølv, så han ikkje veit om han torer slepe seg til.

Men arbeidaren må krevje meir. Han må krevje å få eit bokmål som gjør han fri, ikkje legg han i lenker. Han kann ikkje la seg hefste korkje med gammalnorsk eller med dansk; han må stile fram imot greitt folkemål. Difor var det ein siger just for arbeidaren med dei «valfrie» formene som i 1917 fekk slepe inn både i landsmål og riksmål. Desse valfrie formene — det var folketalen som fekk breiare rom i dei skrivne bokmåla. Og det får ikkje hjelpe om overklassesfolk kallar dei «simple» og «stygge» eller talar om «sorpobling», — for arbeidarane er det no frigjoring i det. Dei må høste smått om senn endå lengre fram på same vegen.

Het syner det seg då at arbeidaren får same striden som bonden, — at han kjem til å stå jamsides med bonden i striden mot overklassa. I målspørsmålet blir av seg sjølv hans klassestrid eit frahald ifrå bondereisinga; for arbeidar og bonde står på same målgrunnen, og møter motstand ifrå same kanten.

Endå har vel ikkje arbeidarane mannjamt fått syn for denne samanhengen. Det gjeld om dei, liksom det galdt om bondene, at kultur-reisinga kjem seinare enn den andre sosiale striden. Men vil arbeidarane nå fram til åndsmakt likså vel som til samfundsmakt, så må dei ta opp målstriden, dei òg.

Kjem dei då til her å slå lag med bønderne, så kann det bli ei hjelp for dei til å vinne bønderne over til seg i samfundsstriden. Når bønderne merkar at arbeidarane har vyrndad for åndsarven deira, då skal dei lettare skjonne at sosialismen har eit kall til dei òg. Ingen kann vente at bonden skal bli sosialist utan han ser seg vinning i det, og i målspørsmålet har vi just eit krav der arbeidarane for si eiga skuld både kann og bør hjelpe bonden.

Mål-politikken.

I den sosialistiske nasjonal-politikken hører den norske målreisinga naturleg med, både for di ho er ei reising imot dei gamle overklassene, og endå meir for di ho stiler imot brei folkesamling, aller først ei samling mellom arbeidar og bonde. Og samlinga om folkemålet kann gje styrke til folkereisinga. Både liv og vitskap syner at folkemålet er ei sameige for bonde

og arbeidsmann, i by og i bygd, og striden for denne sameige må skape samhug mellom dei to store folkeklassene.

I denne stund er det så at landet vårt er målkøyvt, og det er inga von om å få ende på denne målkloyvinga såleis at folke-målet blir kasta ut der det no har vunne fram. Men målkloyvinga er ikkje fullt så färleg som ho ser ut til. For, om «landsmålet» har vunne fotfeste på Vestlandet, Agder og some andre stader, så har bygdene austsjells og nordasjells no i stor mon samla seg om dei «valfrie» d.v.s. folkenorske formene i det gamle riksmålet. På alle kantar er det såleis folkemålet som meir og meir tar makta, og når arbeidatane i byane får syn for at dette folkemålet er deiras mål òg, då kjem snart byane òg med i reisinga.

Det kann i fyrste augneblinken sjå ut som eit rot og eit usore med alle desse skriftformene, ikkje berre landsmål og riksmål, men fullt med valtrie former attåt. Men ser ein djupare inn i det, skal ein snart finne at her er ikkje rot, men ei fast framstemme etter ei klar line: i alle former er det folkemålet som sprenger seg fram.

Arbeidarane treng slett ikkje binde seg til ei viss skrift-form. Dei lyt heller gå ut ifrå at dei sjølv skal være med og lage skriftforma når dei vinn makt i samfendet, — skrift-forma er ikkje ferdig endå.

Men det som dei må stri for, det er *rett for folkemålet* på alle kantar. Rett for folketalen i munnleg bruk, ikkje berre heime og på arbeidsplassen, men likså vel i skolen og på talarstolen. Rett for folketalen til å sette stempelen sin på alt skriftmål, anten det kallar seg landsmål eller riksmål. Rett for det skrivne folkemålet til fritt bruk i alle landsens styrings-greiner, såleis at embetsverket lagar seg etter folket og ikkje omvendt. Rett og rom for det skrivne folkemålet i all offentleg oppklering likså vel som i lovgjeving og alt anna riksstell, så folkemålet ein gong kann bli det einaste som rår i landet.

Tar arbeidatane opp slikt eit program, så fører dei striden imot det gamle klasse-samfunnet fram på ein ny kant. Dei styrkes i sjolvillit og byrgskap for di dei reiser noko av sitt eige. Dei lettar opplysnings-arbeidet for seg sjølv. Og dei fester åndeleg grunn under den samskipings-tanken som sosialismen bær i seg.

Striden for folkemålet er kultur-sida av arbeidar-reisinga.

Talemålet er det primære og skriftmålet kjem i andre rekke. Om målet er at skriveevna skal vere allemannseige, må utforminga av skriftmålet bygge på denne hovudtanken, skriv Olav Randen

Olav Randen er bonde og leiar i Noregs Mållag.



PA TEPPET



Konkurranse

El-markedet ble liberalisert noe før siden. Som kjent t man i dag strengt tatt ingen grunnelse for liberalisering det eneste naturlige. Likever vi bestemt å huske at konkurransen var et nøkkelord i an-

ning. Derfor gleder det oss å informasjonsjef Morten S Oslo Energi sier etter at ha skapet har økt prisene med 4 sent i løpet av et halvår:

«Når vi øker prisene 1. tember, kommer sikkert d de kraftselskapene til å g det samme.»

Med andre ord: Konkurrense overhander oppover rat som i høydehopp.

Mobil-sirkus

Mens man på 80-tallet ikke gikk forbi en bank uten å få tilbud om lån etter seg, så er nå klart for en ny runde med grep fra mobiltelefon-forha-

Dette overoppheta mark har som kjent hatt en rekke tiv og dynamiske ringvirksom som trafikksskader, spekulans om diverse sykdommer, og minst en haug inkassonskaker strakt svindler.

Men nå er noen svindler kan vi lese i Aftenposten.

Da svindlernes samlel belastet Horten-politiets m telefon, ringte klokkeno fra svindler-ligaen, forteller av som opplyser at Telenor tap en 12 millioner kroner på svindel i fjor.

Vi formoder at ikke belas av politiets telefoner er en førsning for at svindler blir

Miss

Årets Miss Universe, Alicia chado fra Venezuela, er iføllett blitt for tjukk til å beholde titelen.

Hun skal ha lagt på seg siden hun vant titelen og har nå fått en frist på to uker til å gå ned 12 kilo. Hvis ikke vil Taryn Mansell, som ble nummer to i finalen overta titelen.

Vi ser på denne bakgrunnen til neste gang arrangørene a norske kvalifiseringa fortelle skeptisk hjemmekunstpublikum: konkurranser handler on sonlighet og utstråling.

Massasje

Mobbing og slåssing er son en utsing som brer om seg i hager og skoler, i hvert fall skal tre Dagbladets langtek junior-sider.

Men nå kommer svensk unnsæting:

Axelsons Body Work St arrangerer informasjonskv der parolen:

Barn som masserer hve dre, slår ikke!

Sikkert et utmerket tiltal men hva med klyping?

Frå tale til skrift

IKLASSEKAMPEN 30. og 31.7 inn vender Harald Størten mot ting eg tildegar har skrive om språk. Eg lever meg med å ta opp tre av sporsmåla, tilhøvet mellom tale og skrift, utforminga av skriftmålet og det tale-målet bokmålet.

Kanskje er det noreiske språket 1500 år gammalt, altså frå tida for dei første runearkifrene. Kanskje er det 10.000 år gammalt, altså frå første busettadenes tidspråk. Men same om det er 1500 eller 10.000 år, har språket det mange viktige leveverk på folkemunne og formelle. Med unntak av dette hundre åra har ikke skrivinga vere noko eit stort har vore i stand til i snittare periodar.

Fråmora er språket først og fremst tale. Dei fleste av oss snakkar og tenker hundre gonger meir enn vi skriv.

Me lært å snakke først. Tre- og firefråringane har språket inne. Dei kan ikkje skilnaden på subjekt og predikat og omstilling, fleirtal og notid og fortid, men dei kan bruke alt dette.

Ikke berre i vårt språk, men i stordelen av verdas 6000-7000 språk er talen primær og skriften sekundær. Mange språk er først skriftestre dei siste ti-tyue




Kvitor skriv Klassekampen ei langt meir konservativt bokmål no enn ferat i sittåra? Foto: Helvor Fjernero

Me kan – med ein upresist ord – skrive om primitive samfunn. Men ikke om primitive språk. Urfolk i Sør-amerika og Ny-Guinea har like priser og nyanserte språk som dei sakkala europeiske kulturspråka. Språk endrar seg ustanseligt, men det er – til dess me veit meir – korkje rett å snakke om utvikling eller forfall. Altså er det heller ikke grunnlag for å hevde at skriftestring og omfattande skriftribuk er til vinning for språka. Skriften er berre til vinning for kommunikasjonen mellom menneske.

Men ikkje likt for alle. For i alle samfunn med skriftradisjon finst skriftlærde og skrifflanuse. Og dei skriftlærde tener ofta dei med makt, dei «likjest kalka graver», utanpå ei del venne å sjå til; men innan er dei fulle av daudingsbein og alltid ureiaikapa. Om eg er meir moderat i ordbruken enn den siterte tommermannen fra Nasaret, tykkjer eg omkring (Matteus 23,27) seier noko også om dagens informasjonsjefar og statstjenstsjefar og hoff-forskriftarar.

Når det regnar på presten, eller i dette høvet borgaren, dryp det på klokken eller dei skriftlærde. For å nytte godt av dette dropet ønsker dei kontroll med skriftribukken. Det har altså interesse av å gjere skrifspråket til eit laugsamferd og bruker raudbilyant og rettskrivningsreglar og akademie og utheving for å verne laugen mot aliumgen.



For oss andre er det motsett. Om me ønsker at folk skal kaste lekkjene, må me arbeide for at skrifspråket skal bli allemannseige. Slik at me kan spreie eigne tankar og utvikle eigen kultur i skriften.

Om me jamfører skriftmålet, ser me tre hovudtypar:

a) Folk må lære seg skriftmålet som eit separat mål. Dette er stoda til domes for dialektbrukande franskmenn. Svært mange blir aldri skrifvere.

b) Skriftmålet blir til talemålg også. Dette er stoda til domes for franskskular flest i Paris og Brussel var stoda for dei fleste innflyttarar til Oslo dei første tiåra etter krigen. Stordelen av mine sambyggdar og slektningar som flytte til hovedstaden denne tida og gjekk over til å snakke bokmål, vart språkleg nokså hjelpelaus.

c) Skriftmålet bygger på folks talemål på eit slik måte at folk kan ta utgangspunkt i talen når dei skal skrive. Eit døme er Statarskolan i svensk litteratur, der folk som Ivar Lo, Jan Friedegaard, Harry og Moa Martinson og mange andre utan utdanning, men med nære rynsler frå forb og fabrikkgolv og skipsdørkar var i stand til å skape litteratur i vêrsklassen. Gjennom talemål og kamaratar hadde dei forteljetradisjonen, og det svenske skriftmålet hadde ei slik form at dei

kunne gjøre om denne til bokmål.

Korleis så utforme skriftmålet ut frå målsetjinga om at det mest råd skal bli allemannseige, altså hovudtype c)?

Spørsmålet krev at me har mange tankar i hovudet samstundes. Når eg skrevit at kvar lyd i talemålet bør ha ein bokstav i skriftmålet, reagerer Størten med at med manglags talemål blir resultatet skriftkaos. Sant nok, dermed dette var einaste omsetnet. Men det er eit problem til domes at fransk manglar ein bokstav for lyden ø og difor lyt veksle mellom œ, œ, ue og eu. Vuk Stefanovic Karadžić, grunnleggjaren av det serbokroatiske språket, gjorde rett då han gjekk så radikalt til verk av han starta med alfabetteikn som dekte lydane i folks talemål.

La oss prøve å utforme nokre hovudreglar, i prioritert rekkefølge:

1) Ordar bør sâ langt, såd at skrivast som dei blir sagde. I språk a) kan brukaren skrive 95 prosent av ordla slik han snakkar dei. Han må altså lære spesielt skrivemåten av fem prosent av ordla. I

språk b) kan brukaren skrive 90 prosent av ordla slik han snakkar dei. Han må altså lære spesielt skrivemåten av ti prosent av ordla eller dobbelt så mange. Fransk er eit språk av typen b), der skrivemåten ikkje går fram av uttalen, og brukaren må lære skriftilrettelset av ei uhorveleg mengd ord.

2) Skriftmålet bør sâ langt så spesielt at mangfaldet i talemåla. Altså hove til lokals former og variasjon og eksperimentering, og endringar når talemålet endrar seg. For talemålet er mange ting og ikkje eit ting. Difor bør me, utanom lærerbøker og offentleg målbruk, avvise tankar om korrekt og feil skriftmål. For språk kan vere «ravgalt intill kunst», som Hamsun sa om Hamarøy-målet.

3) Skriftmålet bør ha ein etablert praksis. Det er lettare å lære når ein møter ei form enn når ein møter ei mengd former av same ordet eller uttrykksmåten. Dette striot mot målsetjingane over, men me må finne eit skjæringspunkt mellom dei.

4) Det bør vere indre samanheng i skrivemåten. Til meir som gjev seg logisk, til lettare blir skrivinga. Likevel

blir dette ofte overdrive, for logikken er ofte synligare for rettskrivingseksperiane, laugen, enn for elevane. Det er til demes uilogisk, men neppe noko problem, at det både på bokmål og nynorsk heiter tid etter dansk skrivemåte og li etter norsk uttalemåte (fordi det ikkje fanst her i Danmark).

Dømet veg/vei på bokmål illustrerer dette med mange omsyn. Mange bokmålsbrukarar reagerer litert på veg, for i deira tale heiter det vei. Men dei seier også jei og nei, men ville reagert med endå større ilses om, orda hadde vorte skrivne slik.

At folk ikkje gjev slepp på talemålsfomer viser at det på ein eller annan måte er bygd upp sperror mot norskdansken. Norskdansken er so systematisk i utakt med dei norske talemålsprinsippi, som Indrebø tala um, at han vert oppfatta som antinasjonal. Trass i at nordmenn flest reknar norskdansken for norsk, vert han unasjonal når han kjem i strid med serdragi i dialektane.

Dette er ei moderne oppfatning. Fyrre norsken hadde arbeidt seg fram som eit alternativ til norskdansken såg ikkje folk flest noko prinsipielt gale i å nytta norskdansken i tale jmf. t.d. klokardansk. Det må soleis vera noko med sannkjennings- og daningsprosessen gjennom norskdansken som sperrar for at norskdansken kann verta godteken som eit nasjonalmål på lina med svensk i Sverige og dansk i Danmark. Språket gjev oss ikkje den same ærekjensla og den same samlande identiteten. Norskdansken sløver oss rett og slett i sannkjennings- og daningsprosessen. Skal ein vera kreativ gjennom språket må ein kanskje fyrst av alt taka til med kjenslone og kjærleiken til språket. Målet må vekkja draumar som kann mana ein fram til personleg innsats og slit i arbeidet med å tileigna seg målet.

Norskdansken vekkjer ikkje kjenslor, kjærleik og draumar. Desse dimensjonane er det vel som fær mange av oss til å verta glad i høgnorsken. Når fleirtalet i fagnemndi i Norsk Språkråd ikkje ser dette, meiner eg at det er min og vår skyldnad å segja frå.

Eg meiner at me skal breida ut språket i kraft av det nasjonale, sermerkt norske, i kraft at språket skal vera grunnlag for moderne og kreativ meiningsproduksjon. Skyldnaden til å breida ut og få folk til å velja og taka i bruk høgnorsken er knytt til dei dimensjonane som språket vekkjer i danings- og sannkjenningsprosessar. Skal språket berre vera ein bodskapsformidlar kjem ein ikkje langt. Me konsumerar språk, og me nyttar språk. Me er språklege aktørar både munnleg og skriftleg. For at me skal henta inspirasjon til å gjeva språket vårt serhått må me knyta språket vårt upp til kjenslor, kjærleik og draumar. Me må kunna yverføra språk frå tale til

skrift på ein måte som gjev oss ein heilskapleg identitet,slik at me ikkje møter språklege sperror som hemmar den kreative uttrykksevna.

Med å gjera nynorsken til eit underbruk av norskdansken,og med å gjera seg upp ei meinинг um kva som er tenleg for folk flest undergrev ein den retten folk flest må ha til å utvikla språket sitt på sjølvstendig grunnlag,so fær språknormerarane um me treng slike,systematisera det som vinn fram. Når språknormeringi hev brote med høgnorsken og einskapen og samanhengslovi i målet,so er stoda

kaotisk og uyversynleg. Og ho vert det endå meir når ein legg upp til at ei rad former som samsvarar med norskdansken skal førast inn. Og ikkje minst undergrev fagnemndi den retten målrørsla må ha til å møta folk til å organisera seg og til å samla seg um å utvikla meininger um språk. Det er på tide at me fær ein diskusjon um samanhengen i norskfaget og um korleis me målfolk vil at faget skal vera for at det skal fremja utbreidingsi av det norske målet.

Lars Bjarne Marøy

Benthe Kolberg Jansson:

Skriveopplæring og vide skriftnormalar

Hossen blir valfridommen i skriftnormalane forvalta i skolen?

Dei siste tiåra har respekten for talemålsvariasjon auka, og det er blitt heilt vanleg å bruke dialekt i radio, fjernsyn og andre offisielle samanhengar. Ein skulle tru at ein naturleg konsekvens av ei slik utvikling ville vera at den talemålsbaserte valfridommen vi har i dei norske skriftnormalane ville bli meir synleg, og at Språkrådet ville sjå på talemålsutviklinga som ei mulegheit til å «marknadsføre» denne valfridommen. Det motsette ser dessverre ut til å vera tilfelle. Både bokmålsseksjonen og nynorskseksjonen i Språkrådet arbeider for trøngare normer med mindre valfridom. «Den særnorske valfridommen har hatt sin sjanse,» hevdar enkelte — underforstått at denne sjansen nå er brukt opp, og at den norske rettskrivinga må følge same prinsipp som i siviliserte land vi kan samanlikne oss med.

Ja, kanskje kan måten valfridommen har blitt forvalta på, samanliknas med eit sjansespel, der dei språkbrukarane som har hatt råd til å kjøpe flest lodd, har vunne. Den særlege skoleringa og språkplanlegginga som ei særleg språknormering fordrar, kan i alle fall sjå ut til å ha vore fråverande. Frå min synsstad som norskklærar i den vidaregåande skolen kan det i alle fall verke slik. Svært mange av elevane mine har lite kunnskap om dei muleheitene rettskrivinga gir dei til å velje talemålsnære former, og sjølv har eg i løpet av lærarkarrieren min, som strekker seg over meir enn 20 år, bare møtt rettskrivingsvariasjon som kurstema i samband med metodikk for sidemålopsplæringa (les nynorskopplæringa).

Spørsmålet blir da om lese- og skriveopplæringa i grunnskolen tar omsyn til at rettskrivinga opnar for former som ligg nærmare talemålet til elevane enn «dei mest brukte formene». Det er mange måtar å nærme seg svaret på eit slikt spørsmål på, men da eg starta hovudfagsarbeidet mitt for eit par år sia, kom eg til at det var formufig å stille spørsmålet til dei institusjonane som utdanner allmennlærarar. Desse institusjonane står jo heilt sentralt i å formidle kunnskapar om og holdningar til skriftspråksnormene.

Er rettskrivingsvariasjon eit tema innanfor norskfaget i lærarutdanninga? Hossen blir det i så fall behandla? Får studentane råd om hossen dei kan forvalte skriftspråksnormene i klasserommet? Dette var spørsmåla eg stilte i utgangspunktet, og som eg meiner medlemmane i Norsk språkråd òg har plikt til å stille seg. Stortingsmeldinga som kom i samband med rettskrivingsreforma i 1981, gir jo

retningslinjer for framtidig arbeid med rettskrivingsnormene, og der heiter det blant anna: «Departementet forutsetter at Språkrådet i dette arbeidet legger vekt på praktisk-pedagogiske erfaringer bl.a. i skolen ...» Så langt er det lite i dokumenta frå Språkrådet som tyder på at dei har tatt denne formuleringa inn over seg.

Sjølv har eg prøvd å få svar på spørsmåla mine gjennom å undersøke læreplanar for grunnskolen og for den obligatoriske delen av norskfaget i allmennlærarutdanninga. Eg har også undersøkt lokale fagplanar og undervisningsplanar ved alle dei 18 høgskolane som gir allmennlærarutdanning, eg har studert sentral pensum litteratur for norskfaget i allmennlærarutdanninga, og eg har gjennomført ei spørjeundersøking blant norskklærarane i den same utdanninga.

Læreplanane for grunnskolen

Mönsterplanen som kom i 1974, markerte eit brott med rettskrivingsformalisme. Det vil seia at raudblyanten ikkje skulle få dempe skrivegleda dei første skoleåra. På mellomtrinnet skulle ein ha rettskrivingsøvingar, men valfridommen i rettskrivinga blir ikkje nemnt i samband med desse øvingane. Det er bare i avsnittet om sidemålet, og bare for dei som har nynorsk som sidemål, at planen nemner at elevane kan velje former «i tilknytning til talemålet på stedet». Denne formuleringa i M74 har nok vore med på å avgrense ein metodikk for rettskrivingsvariasjon til nynorskopplæringa for bokmåselever. Men i denne samanhengen har det å kunne velje talemålsnære former blitt sett på som ein motivasjonsfaktor. At ein tilsvarende metodikk ikkje blir tilrådd i den første lese- og skriveopplæringa, eller for dei som har bokmål som sidemål, kan synas merkeleg, samtidig som «sidemålsstrategien» har vore ein måte å marginalisere valfridommen i ein didaktisk samanheng på.

I 1987 fikk grunnskolen ein ny mónsterplan, og planen for norskfaget legg stor vekt på sambandet mellom tale og skrift i lese- og skriveopplæringa, dessutan på at skolen skal vise respekt for det talemålet elevane kjem til skolen med. På ungdomstrinnet skal elevane få kunnskap om valfrie former i rettskrivinga. Dette er første gongen planen nemner valfridommen i rettskrivinga, men han blir i alle fall ikkje avgrensa til å gjelde bare nynorsk som sidemål. Likevel er det opplagt at mange val allereie er gjort når elevane kjem til ungdomstrinnet. Og gjennom den individuelle reitleiinga i rettskriving som blir tilrådd dei første åra, og dei meir formaliserte øvingane som blir nemnt

for mellomtrinnet (blant anna diktat), er det først og fremst læraren som gjør val for elevane. Med den klare tendensen elles i planen til å legge vekt på respekt for talemålet, at talemålet skal vera grunnlaget for lese- og skriveopplæringa og at opplæringa skal gi språkleg sjølvtiltillit, ville det vera naturleg for læraren å velje dei mest talemålsnære formene i den første lese- og skriveopplæringa. Derfor er det rimeleg å tolke formuleringa om «valfrie skrivemåtar» på ungdomstrinnet som at elevane skal få kunnskap om andre måtar å stave og bøye ord på enn dei som ligg nærmast talemålet. Men dette er eit tolkings-spørsmål slik det er formulert i planen. Det er også eit spørsmål om kor bevisst læraren er i forhold til valfridommen i rettskrivinga, og, ikkje minst, kva holdningar ho eller han har til ulike valfrie former. Svært ofte har nok lærebøkene styrt vala innafor rettskrivinga. Valfrie skrivemåtar, blir, som før, også nemnt i samband med side-målsopplæringa.

Den noe unnvikande holdninga til rettskrivningsvariasjon i M87 blir avløyst av tagnad i L97. Den nye norskplanen for grunnskolen understrekar skiljet mellom skrift og tale, og at ein lærer skrift av skrift — det vil seia av å lesa. Sett på spissen kan vi seia at planen overlet rettskrivningsopplæringa til dei skriftelege forbilda. Sjølv om denne planen, som M87, avviser rettskrivningsformalisme, blir ikkje rettskrivningsvariasjon nemnt i planen, heller ikkje i samband med sidemålsundervisninga. Men også denne planen, som dei tidlegare planane, har med formuleringar om at elevane skal lære å skrive korrekt, utan å nemne at «korrekt norsk» fins i fleire variantar.

I den grad valfridommen i skriftnormalane har vore gjenstand for didaktisk og metodisk refleksjon innafor norskfaget, er det såleis lite å spore av denne refleksjonen i dei dokumenta som legg premissane og rammene for lese- og skriveopplæringa. Ein kunne kanskje tenke seg at planane ikkje legg opp til detaljstyring av undervisninga. Da er det likevel grunn til å spørje korfor valfridommen har vore nemnt i samband med sidemålsopplæringa, og ikkje i samband med skriveopplæringa dei første åra. Ein måte å tolke dette på, er at det ikkje fins systematisk didaktisk og metodisk refleksjon knytt til rettskrivningsvariasjon og lese- og skriveopplæringa dei første åra.

Fagplananar og undervisningsplanar ved høgskolane
Som eg har vore inne på tidlegare, vil kunnskapane og språkbevissttheita til lærarane vera avgjørande for hossen dei forvaltar skriftspråksnormene i klasserommet. Så langt er det ingen som har kartlagt kompetansen til lærarar på dette feltet, og sjølv nærma eg meg som nemnt problemstillinga ved å prøve å kartlegge hossen rettskrivningsvariasjon blir tematisert i allmennlærarutdanninga.

Norsk er eit obligatorisk fag i allmennlærarutdanninga. Denne obligatoriske delen av faget utgjør ti vekttal, det vil seia eit halvt års fulltidsstudium. Det er lett å vera ei-

nig med dei som hevdar at dette er for lite. På denne tida skal studentane tilegne seg kunnskapar om språk og litteratur som skal kvalifisere dei til å vera lærarar i grunnskolen — også norsklærarar. I tillegg til kunnskapar om språk og litteratur skal dei utvikle sine eigne skriveferdigheiter og lære om metodar i lese- og skriveopplæringa i grunnskolen. Vil dei kommande lærarane vera i stand til å forvalte skriftnormalane på ein reflektert og fornuftig måte i klasserommet etter å ha gjennomført den obligatoriske delen av norskfaget ved høgskolen? Det kan godt stillas spørsmål ved begrepa «reflektert» og «fornuftig» i denne samanhengen, men at ein reflektert praksis føresett grammatikkunnskapar, kunnskap om talemålsvariasjon, om språkhistorie, om skriftspråksnormene og om metodar i lese- og skriveopplæringa, vil det vera lite kontroversielt å hevde. Eg starta derfor med å studere lokale fagplanar og undervisningsplanar for å få oversikt over kor stor vekt det blir lagt på desse emna i lærarutdanninga. Siden det er slik at den sentrale planen for norskfaget er ein rammeplan, kan kvar høgskole skape ein fagleg profil i samsvar med for eksempel behov i regionen, fagdidaktiske overlegningar og ressursar blant undervisningspersonalet. Det var derfor å vente at høgskolane ville ha noe ulik prioritering av emna, sjølv om alle dei emna eg har nemnt ovafor, var obligatoriske emne i den rammeplanen som gjaldt fram til hausten 1998.

Undersøkinga mi viser at skolane i ulik grad – i alle fall i fagplanane – tematiserer forholdet mellom tale og skrift og skriftspråksvariasjon i samband med lese- og skriveopplæring. Men kanskje er talet på undervisningstimar som er sett av til enkeltemne, eit tydelegare signal til studentane om kor viktig høgskolen meiner eit emne er. I gjennomsnitt har den obligatoriske delen av norskfaget om lag 190 undervisningstimar. Talet på undervisningstimar i dei emna eg har nemnt ovafor, varierte studieåret 1996/97 frå 88 timar ved den høgskolen som hadde sett av flest undervisningstimar til desse emna, til 20 timar ved den høgskolen som hadde sett av færrest. Gjennomsnittet var 44 timar. Alle dei 14 høgskolane eg har informasjon om undervisning frå, hadde undervisning i grammatiske emne og den første lese- og skriveopplæringa, og dei aller fleste hadde undervisning i talemålkunnskap, men bare tre høgskolar hadde sett av eigne timar til språkplanlegging og -normering. Halvparten av høgskolane gav ikkje undervisning i språkhistorie dette studieåret. Det vil seia at svært mange kommande norsklærarar gikk dette studieåret gjennom den obligatoriske delen av norskfaget utan å få undervisning i det emnet som meir enn noe anna emne sett studentane i stand til å forstå bakgrunnen for valfridommen i skriftnormalane våre.

Undersøkinga mi gir ikkje noe eintydig svar på om høgskolane prioriterer litterære emne framfor språklege, men eg meiner resultata gir grunn til å hevde at det fins ein slik tendens i lærarutdanninga, og den nye planen for norsk-

faget i allmennlærarutdanninga stadfester ein slik tendens. Språkhistorie er for eksempel ikkje eit emne lenger i den obligatoriske tivekttalseininga i norsk.

Lærarar i grunnskolen skal kunne undervise i både bokmål og nynorsk, og valet og vekslinga mellom dei to målformene er ein del av valfridommen innafor norsk skriftkultur. Fleire har peika på at studentane skriv for lite og for dårlig nynorsk, og at dette er ein av grunnane til den høge strykprosenten ved noen av høgskolane. Likevel ser det ut til at høgskolane gjør lite for — eller har små muligheter til — å gi studentane undervisning i nynorsk. Så langt eg kan sjå av dei undervisningsplanane eg har fått, hadde bare to av høgskolane sett av timer til nynorskopp-læring for studentane studieåret 1996/97.

Gir pensumlitteraturen råd om valfridommen?

Kartlegginga av undervisningsemne, slik dei kjem til uttrykk i fagplanane og i undervisningsplanane, fortel noe om hossen høgskolane prioriterer emne som er relevante for å setta studentane i stand til å forvalte skriftspråksnormene på ein kompetent måte i klasserommet. Denne kartlegginga seier ikkje noe om innhaldet i undervisninga. For å komma nærmare dette innhaldet, har eg gått gjennom sentral pensumlitteratur, spesielt innafor emneområdet lese- og skriveopplæring. Sjølv om lærebøker i grammatiske, språkhistorie og talemålskunnskap gir kunnskapar om skriftspråksnormene, må ein eventuell didaktisk og metodisk refleksjon omkring valfridom og rettskriving, om han skal finnas noen stad i pensumlitteraturen, først og fremst vera å finne her.

Så å seia alle høgskolane lar studentane lesa heile eller delar av *Mening i tekst* (Ingolv Austad red.) og *Elevens tekst* av Dagrun Skjelbred. Desse bøkene er derfor det vi kan kalle «sentral pensumlitteratur». Den første boka er ei artikkelsamling som fokuserer på den første leseopplæringa, mens den andre tar for seg skriveopplæringa dei første åra i grunnskolen. Artikkelforfattarane i *Mening i tekst* har i utgangspunktet heilt tydeleg ulike språkholdningar og ulike synspunkt på forholdet mellom skrift og tale. Representative i så måte er Turid Fosby Elsness, som legg vekt på at skrift og tale er to parallelle system, og som derfor blir lært uavhengig av kvarandre, og Rutt Trøite Lorentzen, som legg vekt på at elevane skal forstå sambandet mellom skrift og tale. Lorentzen understrekar òg at språkvariasjon er ein ressurs for språkbevisstheit, språknysgjerrigkeit og språkleg toleranse. Men dei to forfattarane har ein ting felles: valfridommen blir ikkje tematisert, og «korrekt ortografi» blir ikkje problematisert.

Ein etter kvart vanleg metode i den første lese- og skriveopplæringa går ut på at læraren skriv ned små forteljingar eller utsegner som elevane kjem med, på ei tavle. Desse tekstene er utgangspunkt for vidare arbeid i klassen — dei blir «lesetekster». Ein slik framgangsmåte blir kalla LTG-metoden eller «lesing på talens grunn». Men

hossen skal læraren skrive ned det elevane seier? Kva slags «rettskriving» skal læraren kle orda til ungane i? Det får studentane ikkje eintydige råd om i læreboka:

LTG-lærere vil helst velge å skrive ordene *ortografisk* riktig i en diktering (og distanserer seg derved fra en leseopp-læring på dialekt). Når det gjelder *språkfeil*, for eksempel gale bøyningssendelser, er praksis mer varierende. [...] De fleste lærere vil nok prøve å få bevirket at den *korrekte* formen blir brukt — uten at elevene opplever det som en utdig innblanding fra læreren — ikke minst fordi teksten gjerne overføres til et A4-ark og brukes som lesestoff på skolen og hjemme (Elsness 1991:24).

Som vi ser, overlet Elsness til dei kommande lærarane å velje kva skrivemåtar dei vil bruke, men ho argumenterer for at lærarane bør bruke korrekte former, utan at ho kjem inn på at dei i mange tilfelle kan velje mellom fleire korrekte former. Også Rutt Trøite Lorentzen overlet valet til lærarane, men gir uttrykk for ei mye meir positiv holdning til talemålet til elevane, og til språkvariasjon i det heile:

Den språksituasjonen vi har her i landet, med tre offisielle språk (nynorsk, bokmål og samisk), eit utal dialektar og der til med dei mange språka til innvandrarar frå stadig fleire delar av verda, er ein stor ressurs når det gjeld å stimulere barnas språklege medvit. Når den same tinga blir sagt på ulike måtar, vil barna nemleg etter kvart bite seg merke i forskjellane i uttalen av orda, og det vil seia i formsida av språket (Lorentzen 1991:76).

I boka til Dagrun Skjelbred om skriveopplæring blir hel-ler ikkje valfridommen i skriftnormalane nemnt, sjølv om ho oppfordrar lærarane til å drøfte forholdet mellom skriftnorm og talemål i klassen:

De aller fleste barn har et talemål som på avgjørende måte bryter med skriftspråksnormalen, enten den er bokmål eller nynorsk. Kanskje vil de oppleve det som en indirekte kritikk av talemålet når de må lære seg å normere i skrift — talemålet er ikke bra nok å skrive? Spørsmålet må ikke forstås slik at en skal la være å lære barn normert skriftspråk i skolen. Men jeg trur det er viktig at læreren tar seg tid til å forklare eleven *hvorfor* vi ikke kan skrive som vi snakker: Vi har mange varianter av talemålet, mens det er hen-siktsmessig med en felles norm når vi skriver (Skjelbred 1996:25).

Den «felles norma» blir ikkje problematisert, og dermed blir den talemålsbaserte valfridommen gjort til eit ikkje-tema for lærarstudentane i denne samanhengen.

Enkelte nyare lærebøker formidlar ei positiv holdning til rettskrivingsvariasjon og seier at læraren må akseptere «vakling» hos elevane, men i den mest brukte pensumlitteraturen har eg ikkje funne råd om eller drøfting av hossen læraren kan *forvalte* rettskrivingsvariasjonen i lese- og skriveopplæringa. Heller ikkje den relativt ferske boka av Helge Omdal og Lars Vikør, *Språknormer i Norge*, som blant anna er tenkt for norskstudentar ved høgskolane, formidlar metodiske råd til kommande norsklærarar. Når sentrale teoretikarar innafor norsk språknormering og lese- og skriveopplæring ikkje kan gi råd, kva kan vi vente at ferske norsklærarar i grunnskolen skal gjøra?

Kva gjør høgskolelærarane?

Gjennom undervisninga si supplerer høgskolelærarane pensumlitteraturen, dei kan opne nye og andre perspektiv og problematisere undervisningsemna på ein annan måte enn lærebøkene. Dei står dessutan i direkte dialog med studentane. For å få veta meir om hossen skriftspråksnormene blir tematisert i norskfaget i lærarutdanninga, gjennomførete eg derfor ei spørjeundersøking blant alle som underviser i norsk i allmennlærarutdanninga. Eg laga eit relativt omfattande spørjeskjema der eg prøvde å fange opp i kva samanhengar skriftspråksnormene blir tematisert, og kva råd studentane får om hossen dei kan forvalte skriftspråksnormene i klasserommet. I tillegg undersøkte eg kva holdningar norsklærarutdannarane har til valfridommen i skriftnormalane. Eit spørjeskjema skrapar som kjent bare i overflata, men det kan likevel fange opp tendensar når det gjeld holdningar og praksis. Av totalt 114 aktuelle lærarar svarte 73 på skjemaet mitt.

Det ser ut til at det først og fremst er dei som underviser i språklege emne, som formidlar kunnskap om og drøftar skriftspråksnormene med studentane. Svært mange høgskolelærarar underviser i både språklege og litterære emne, men av dei som underviser i bare språklege emne, svarar 100% at dei meiner det er viktig å drøfte skriftspråksnormene. Blant dei som underviser i bare litterære emne, er talet 15,4%. At skriftspråksnormene blir drøfta først og fremst i språklege emne, er naturleg, men resultatet viser samtidig at rettskrivinga i litterære tekster sjeldan blir inkludert i teksttolkinga, trass i at rettskriving, som vi veit, kan vera ladd med meinings.

Om lag halvparten av høgskolelærarane meiner at studentane har dårlege kunnskapar om skriftspråksnormene når dei begynner studia på høgskolen. Det kan vera grunnen til at mange legg vekt på å formidle kunnskap om dei formelle sidene ved valfridommen, for eksempel skiljet mellom læreboknormalen og resten av rettskrivinga, i tillegg til kunnskap om språkrettar, til studentane. Noen fortel at dei har undervisningsopplegg der studentane skal skrive om dialekttekster til normert skriftspråk, for på denne måten å gjøra dei medvitne om at valfridommen gir høve til å velje talemålsnære former. Fleire av desse opplegga er knytt til sidemålsundervisninga (nynorsk som sidemål) i grunnskolen.

Resultata mine viser elles at det er vanleg å nemne valfridommen i rettskrivinga i samband med at studentane får øving i å gi tilbakemelding på tekster som elevar i grunnskolen har skrive, blant anna for å hindre at framtidige lærarar skal bruke raudblyanten i utide og dermed gjøra elevane urett. Mange svarar òg at dei drøftar valfridommen i samband med sidemålsundervisninga i grunnskolen, i samband med lese- og skriveopplæring, ordlistebruk i grunnskolen og at norsklæraren er skriftspråkleg forbilde for elevane sine. Desse resultata fortel at skriftspråksnormene blir drøfta i desse samanhengane,

men dei fortel ikkje noe om innhaldet i drøftingane, eller kor omfattande dei er.

Ein ting er å gi studentane kunnskapar om valfridommen i rettskrivinga, noe anna, og meir forpliktande, er det å gi konkrete råd om hossen lærarane dei første åra i grunnskolen kan vise elevane veg i rettskrivinga. I spørjeundersøkinga er det 38 av i alt 66 lærarar som underviser på Norsk1, som fortel kva råd dei gir studentane om hossen dei kan forvalte skriftspråksnormene i klasserommet.

Av dei 38 som gir råd, oppgir 20 at dei gir råd om å velje talemålsnære former i lese- og skriveopplæringa. Spørsmålet er om slike råd blir knytt til metodar i lese- og skriveopplæringa, det vil seia om studentane får råd om når og hossen dei kan tilpasse rettskrivinga etter talemålet til elevane. Ingen av respondentane har knytt råd om talemålsnære former til bestemte metodar i lese- og skriveopplæringa eller skrive meir konkret om dette. Eit spørjeskjema inviterer ikkje til dei lange utgreiingane, så det kan vera noe av forklaringa på at svara ikkje er meir utførlege, men alternativet er sjølvsgåt at dette blir det ikkje sagt så mye om. Dermed har dei kommande lærarane eit metodisk problem.

22 høgskolelærarar meiner at dei kommande grunnskolelærarane må gjøra eigne val på grunnlag av språkleg medvit, kunnskapar om normene og om språklege rettar. Det vil seia at det er mest vanleg å overlate valet til studentane, trass i at bare 15,4% av høgskolelærarane meiner at studentar som har gjennomført Norsk1, har tilfredsstillande kompetanse når det gjeld skriftspråkleg variasjon på rettskrivningsnivået. På spørsmål om kva kompetanse studentane manglar, har mange svart «kunnskapar om skriftspråksnormene», men det kan vel hende at ein av respondentane mine treffer spikaren på hovudet når han svarar slik på dette spørsmålet: «De lider selvsagt av den allmenne mangelen på didaktisk kompetanse for å forvalte skriftspråkssituasjonen vår i morsmålsopplæringa. Feltet er jo brakmark.»

Om det er uttrykk for frustrasjon over situasjonen, veit eg ikkje, men heile 84,8% av høgskolelærarane svarar at dei ønskjer at temaet skal få større plass i lærebøkene.

Kva meiner høgskolelærarane?

Eg var òg interessert i å finne ut noe om holdninga til forholdet mellom tale og skrift i skriveopplæringa og synet på rettskrivningsvariasjon. Eg hadde derfor formulert ein del utsegner som høgskolelærarane skulle ta stilling til.

Fleirtalet av lærarane i undersøkinga mi meiner at det må leggas stor vekt på samanhengen mellom skrift og tale i den første skriveopplæringa — 69 av 73 meiner dette. «Å knekke lesekoden» vil jo seia å oppdage samanhengen mellom lyd og bokstav, og å lære kva for bokstavar, eller grafem, som samsvarar med dei ulike lydane. Dette resultatet seier derfor ikkje så mye om synet på valfri-

dommen, men meir om synet på metode i den første leseopplæringa. «Lydmetoden» ser ut til å stå sterkt blant norsklærarutdannarane, sjølv om ein alltid skal vera varsam med å trekke for vide konklusjonar av enkle avkryssingar på eit spørjeskjema. I den aller første leseopplæringa står heller ikkje rettskriving i fokus, men – som eg har vore inne på ovafor – må læraren ofte ta stilling til rettskrivinga i dei første lesetekstene som ho eller han brukar i undervisninga. Slik blir valfridommen eit tema i den første leseopplæringa òg.

Ei anna av utsegnene som eg bad respondentane ta stilling til, fokuserer meir eksplisitt på valfridommen. Eg spør om dei meiner det er ein fordel at elevane i grunnskolen har høve til å velje talemålsnære former i skrift, og 55 av dei 73 respondentane seier seg einig eller delvis einig i denne utsegna.

Dei to utsegnene eg har nemnt ovafor, gir i stor grad uttrykk for holdninga til forholdet mellom talespråk og skriftnorm. I to andre utsegner som respondentane har tatt stilling til, fokuserer eg meir på verdien av talemålsnære skriftnormalar og rettskrivingsvariasjon — eller på pedagogiske konsekvensar av valfridommen, om ein vil. Av dei 73 høgskolelærarane meiner 50 at å legge skriftspråket nær talemålet, aukar den språklege sjølvkjensla, eller sagt på ein annan måte: Når elevane kan velje talemålsnære former, kjenner dei seg verdsette i skriftnorma. Eg var òg interessert i å veta om norsklærarutdannarane meiner at rettskrivingsvariasjon aukar respekt og toleranse for talemålsvariasjon. Samtidig som denne utsegna peikar på samanhengen mellom skriftnorm og talemål, peikar ho på verdiar og pedagogiske mål i skolen — her handlar det om å sjå litt vidare enn skriveferdigheitene til den enkelte eleven. 48 har sagt seg einig eller delvis einig i denne utsegna.

Eit klart fleirtal av dei som har deltatt i undersøkinga mi, ser det altså som positivt at elevar i grunnskolen har høve til å velje talemålsnære former, og mange av desse meiner dette fremjar konkrete, pedagogiske mål i skolen.

For stor, for liten eller passe?

Sjølv om fleirtalet er positive til å utnytte valfridommen i ein pedagogisk samanheng, er det ikkje opplagt at dei er nøgde med valfridommen i skriftnormalane slik han er nå. Det har ofte blitt hevdat at valfridommen har vore til frusrasjon for lærarar, men få systematiske undersøkingar er blitt gjort. Meiner så norsklærarautdannarar at valfridommen i skriftnormalane er for stor? Ja, ein del meiner det, men fleirtalet meiner at valfridommen er passe. Resultata er litt forskjellige for bokmål og nynorsk, spesielt når dei vurderer den skriftnorma som dei brukar minst. Bokmålsbrukarane er langt meir negative til valfridommen i nynorsk enn nynorskbrukarane er til valfridommen i bokmål. Ja, nynorskbrukarane er faktisk meir positive til valfridommen i bokmål enn bokmålsbrukarane er sjølv.

Men resultata er ganske like når nynorskbrukarar vurderer nynorsknorma, og når bokmålsbrukarar vurderer bokmålsnorma. Halvparten av nynorskbrukarane meiner at valfridommen er passe i nynorsk, mens 53,8% av bokmålsbrukarane meiner at valfridommen i bokmål er passe. I overkant av 40% meiner at valfridomen er for stor. Eg bad respondentane om å gjøra greie for årsakene til at dei meiner at valfridommen er for stor. Mange av svara her nemner at valfridommen fører til forvirring, usikkerheit og ustø stavning blant skoleelevane, og at det er «vanskeleg å ha oversyn».

I mye av argumentasjonen omkring valfridommen i skriftnormalane har det jo blitt hevdat at han skaper forvirring for dei som skriv, og fører til at vi aldri kan vera sikre på kva som er rett stave- eller bøyingsmåte av eit ord. Nå er eg ikkje så sikker på om engelskmenn eller fransk-menn alltid er så sikre på stave- og bøyingsmåtar heller, trass i at dei ikkje har valfrie former i skriftnormalane sine. Så eg er i utgangspunktet skeptisk til at skriftnormalar utan valfridom vil gi større rettskriving med færre skrivefeil. Ingen rettskrivingsstudiar har kunna ståfest «rettskrivingsforvirring» på grunn av valfridommen, og da Trude Hoel samanlikna svenske, danske og norske rettskrivingsundersøkingar i 1996, fann ho at hovudproblemet i alle dei tre landa er avstanden mellom uttale og stavemåte. Det var ingen ting som tydde på at norske skrivarar er meir forvirra enn svenske og danske.

I seg sjølv legg rettskrivningsnormer opp til at noe er rett og noe anna er feil, og ein skribent vil alltid komma til å fundere på om han skriv «rett» eller «galent», spesielt fordi det å stave feil blir assosiert med det å vera dum — vi kan jo ikkje ha tillit til eit menneske som ikkje ein gong meistrar rettskriving. Det er rimeleg åtru at stigmatiseringa av dei som ikkje meistrar rettskrivinga, vil vera sterkare i skriftkulturar som ikkje aksepterer rettskrivingsvariasjon innanfor skriftspråksnormalane sine. Og om vi må bruke litt ekstra tid til å fundere på rettskrivinga (dette veit vi eigentleg ikkje noe om), er dette kanskje ikkje mindre fruktbart enn å fundere på om ein har funne det rette ordet eller den rette formuleringa for å uttrykke meiningsa si. Poenget er kva denne refleksjonen kan dreie seg om, kva som er innhaldet i den vesle indre dialogen som kan oppstå før ein rekker handa ut etter ordlista eller spør noen som måtte vera i nærlieken. Dersom tankane kan sneie innom forholdet mellom skrifta og eige talemål, inneber det at ein veit at det talemålet ein sjølv har, blir verdsett i skrifta — og at ein er klar over at ei skriftnorm ikkje er underlagt naturloyan — men er resultatet av menneskelege val. Synet på rettskrivingsvariasjon og ulike varietetar av bokmålogn-norsk er, slik eg ser det, djupast sett eit spørsmål om språkholdningar, og ikkje eit spørsmål om kva som er lett eller vanskeleg å lære.

Ulike høgskolar og ulike lærarar

Eg har tidlegare vore inne på at undersøkinga mi viser at det er forskjell på i kva grad høgskolane tematiserer rettskrivingsvariasjon. Ved enkelte høgskolar ser dette temaet ut til å vera lite framme i undervisninga. Sidan undersøkinga mi først og fremst hadde som siktemål å beskrive situasjonen, har eg ikkje gått så mye inn på å forklare forskjellane. Her vil det vera spørsmål om faglege prioriteringar med utgangspunkt i drøftingar i kollegiet, og naturlegvis vil knappe ressursar ha noe å seia for kva ein har mulegheit for å arbeide med. Men da eg analyserte resultata i lys av ulike opplysningar eg hadde fått om lærarane ved dei ulike skolane, var det enkelte forhold som var interessante: Ved dei skolane som i størst grad arbeider med og drøftar skriftspråksnormene med studentane og gir dei råd om hossen dei kan forvalte normene i klasserommet, hadde mange av lærarane tidlegare lærarpraksis frå grunnskolen eller vidaregåande skole. Dessutan hadde desse høgskolane relativt færre heilt unge norsklararar, og relativt fleire lærarar mellom 40 og 49 år. Det kan tyde på at dei som opplevde språkdebattane i 70-åra og debatten i forkant av M87, har ei anna holdning til valfridommen enn dei som er yngre. At enkelte opplevde noen av problemstillingane mine som «gammaldagse», kan også tyde på at nye vindar blæs på dette området, og at nye holdningar er på veg inn. Det var også ein viss forskjell mellom kvinner og menn i denne samanhengen. Ved dei skolane som ikkje legg så stor vekt på å drøfte skriftnormalane i undervisninga, var det relativt sett langt fleire menn enn kvinner. Noen vettig forklaring på dette forholdet har eg ikkje, men at innstilling, holdningar og undervisningspraksis kan variere mellom kvinner og menn, er jo ikkje ukjent frå andre studiar i skolen.

Sluttord

Resultata av studien min kan altså tyde på at kommande grunnskolelærarar har eit lite reflektert forhold til valfridommen i skriftnormalane og dei mulegheitene han gir i lese- og skriveopplæringa. På den andre sida er eit fleirtal av høgskolelærarane positive til taletmålsbasert valfridom og meiner det er ein fordel at elevane har høve til å velje taletmålsnære former. Slik situasjonen er i dag, har neppe skoleelevar reell mulegheit til å bruke dei valfrie formene som ligg nærmast taletmålet deira. Når eg skriv «neppe», er det fordi vi trass i den lange, særnorske normeringstradisjonen ikkje har noe forsking som har skaffa fram kunnskap om hossen skriftspråksnormene blir forvalta i klasserommet, og vi har inga forsking som seier noe om hossen elevar handterer rettskrivingsvariasjon. Blir dei forvirra når læraren skriv «gjøra» når Mari får setninga si skrive på tavla, men «gjere» når setninga til Per blir skrive ned? Kanskje seier den forvirringa vi ofte til-

legg elevane meir om våre eigne fordommar enn om kva som faktisk er vanskeleg for elevar. «Lett» og «vanskeleg» er dessutan i ein pedagogisk samanheng sterkt knytt til motivasjon for å lære, at vi opplever lærestoffet som meiningsfullt.

Vi har heller ikkje i løpet av alle åra med valfridom greidd å etablere ein metodikk i lese- og skriveopplæringa som sikrar dei språklege rettane elevane faktisk har hatt og har til å velje innafor rettskrivinga. Har dei norskfaglege miljøa vore feige? Har vi i stor grad akseptert at valfridommen er eit område for språknormerarane og språkpolitikarane og dermed medverka til at «lite brukte former» blir ein sjølvoppfyllande profeti?

Etter mi mening er derfor tida komme — ikkje til å evaluere valfridommen i seg sjølv — men til å undersøke om skriveopplæringa tar i bruk valfridommen på ein bevisst og fornuftig måte, og Språkrådet må ta formuleringa i Stortingsmelding 100:1980/81 om å legge praktisk-pedagogiske erfaringar til grunn for vidare normeringsarbeid på alvor når dei arbeider med å revidere normene. Språkrådet trur og synes, og makta ser ut til å ráde. Men ønskjer vi at norske skribentar skal ha reell mulegheit til å velje former som er i samsvar med taletmålet deires, og synes vi det er verdifullt at språket kan varierere på rettskrivningsnivået òg, bør vi legge til rette for at vi får ei skriveopplæring i skolen som utnyttar dei mulegheitene valfridommen gir, og som viser respekt for det taletmålet elevane kjem til skolen med. Det vil krevje morsmålsdialektisk og metodisk refleksjon og arbeid. Det er på høg tid.

Litteratur:

- Elsness, Turid Fosby 1996 (1991): «Meningsfylte tekster» og den grunnleggende lese- og skriveopplæringen. I Austad, Ingolv (red.): *Mening i tekst*, 15-51. Oslo: LNU/Cappelen.
- Hoel, Trude 1995: *Rettskrivingsnormaler – til hjelp eller til besver?* En vurdering av «vide» og «snevre» rettskrivingssystem i skandinaviske språk. Hovudfagsavhandling. Kristiansand/Oslo: Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Høgskolen i Agder/Universitetet i Oslo.
- Jansson, Benthe Kolberg 1999: *Fri til å velje?* Ei undersøking av hossen valfridommen i skriftnormalane blir tematisert i den obligatoriske delen av norskfaget i allmennlærarutdanninga. Oslo: Universitetet i Oslo, Institutt for lærarutdanning og skoleutvikling.
- Lorentzen, Rutt Trøite 1996 (1991): Skriftspråkstimulering i førskolealder. I Austad, Ingolv (red.): *Mening i tekst*, 52-93. Oslo: LNU/Cappelen.
- Skjelbred, Dagrun 1996 (1992): *Elevens tekst*. Oslo: LNU/Cappelen fakta.

ORDSKIFTE

va vil du?

*Forresten sa
Jens
noko på
TV.
debatten
eg beit
meg
merke i;
ein treng
ikkje ha
så mykje
vatn på
potetene,
skriv
Kjersti
Juveth.
(Foto:
Audun
Skjervøy)*

er gamal og treg, og brukar utruleg lang tid på å bli varm i forhold til dei nye, moderne komfyrane. Hadde eg hatt råd, ville eg reist og kjøpt ny komfyri på flekken, men nå som straumen blir dyrare, har eg ikkje ei krone å spare til ny komfyri.

Eg veit i alle fall kva eg kan gjera; kjøpe tetningslister. Vindauga i huset her er gamle og skulle vore skifta, men så er det dessa pengane ein ikkje har... Så vindauga får vera førebels, men det var lurt av Jens å nemne dette med tetningslister, for det er ikkje så store investeringa, og dessutan vil det sikkert hjelpe utruleg å få tetningslister på alle vindauga. Lurer på kor mykje straum eg kan spare på det?

Nokre forståsegpåarar

kinga frå omnen, ikkje få sjå flammane logar – det må vera forferdeleg. Og nå vil Jens at dei skal spare på straumen. Jens, kvar er medkjensla di? Du kunne i det minste ordna med ullmakko (kanskje gammalt og avgild frå militærret), og dela gratis ut til dei hardast råka. Lært folk meir om naturalhushald, kunne òg vore ein idé. Til dømes oppfordre folk til å ha sau i staden for hund. Organiserte kurs i klypping av sau, handsaming av ulla og strikking. Då kunne vi få varme, gode uliklede for ein billegr penge.

I grunnen så veit eg ikkje kva meir eg kan gjera. Jau, eg kan hive ut støvsugaren, og heller banke teppa. Dei er store og tunge, men er gode å ha på kalde golv. Eg er litt plaga med vondt i ryggen, så det kan ikkje bli så ofte. Uff, gruar meg til våren, då har bikkja røyteperiode, og det er ikkje grenser for kor mykje hår ho legg frå seg inne. Men det er klart, eg får gjera meg hard og ha ho ute i all slags vær.

CD-spelaren skal få stå i fred utover. Eg får heller tralle og synge litt sjølv. TV-en er jo til å unnvera, det er ikkje så mykje å sjå på likevel. Brukar radioen mindre straum enn TV-en, tru? Ja, det må han vel gjera – utan bilde. Får heller høyre litt på radioen innimellom, for å få med meg nyheitene. Elles får eg bli flinkare til å bruke stearinlys og parafinlampa – det er jo kjempe-

Nynorsk – tilsidesett eller privilegert?

Fanden spare, skriv norsk-professor Finn-Erik Vinje i Programbladet nr. 35 som kommentar til at Noregs Mållag vil ha meir nynorsk frå det offentlege. Milde himmel, vil ikkje folket ha nynorsk, så skal det, skriv han i neste avsnitt. Han påkallar heile arsenalet av overjordiske krefter fordi han meiner minoritetsmålet nynorsk har altfor stor plass.

La oss halde både fanden og himmelen utanfor og heller sjå på landet me lever i. La oss sjå på Finn-Erik Vinje. Han er professor ved vårt største universitet og altså lønna av oss alle. Universitetet og samfunnet let mannen bruke tittelen og statusen yrket gir til å kjempe mot nynorsk. For meg er det å favorisere bokmålet.

La oss sjå på Programbladet, som Vinje skrev i denne gongen. Programbladet er delvis eidd av statsinstitusjonen NRK. Bladet bruker ikkje eitt ord nynorsk. Aksjeeigar NRK og styresmaktene godtek dette utan å mukke. For meg er det å favorisere bokmålet.

La oss sjå på dei skoleungdommene som vil bruke nynorsk. Lovverket seier at lærebøker skal kome ut på begge skriftmål samtidig og til same pris. Men dette året var det over 200 bøker i vidaregå-

YTRING

ande skole som ikkje kom på nynorsk til skolestart. Når eleven kjem i bokhandelen med pensumlista si, får han altså berre bokmålsbøker. Slik vel forлага språk for elevar.

Norsk offisiell politikk er at me har to jamstelte skriftmål. Men fordi me i Noreg har professorar som Vinje, blad som Programbladet, forlag som ikkje respekterer lovpåbodet om at lærebøker skal kome samstundes og til same pris og styresmakten som let alt dette skure, får ikkje nynorsken sin rettkomne plass. Skrive med Vinje sine ord, litt omsnudd: Vil ikkje folket ha bokmål, så skal det!

Det interessante spørsmålet er kor mange brukar nynorsken hadde hatt dersom språkjamstellinga hadde vore reell. Eg trur språket då etter ei stund ville bli skriftmålet til fleirtalet av det norske folket. Rett og slett fordi nynorsken er eit meir nyansert, betre og meir naturleg skriftmål for norske dialektbrukarar frå alle landsdelar. Men så lenge samfunnet favoriserer bokmålet, hindrar det at folk får velje skriftmål på fritt grunnlag.

Olav Randen,
leiar i Noregs Mållag

Kjære Lars Aarønæs,

YTRING

– hverken forfattere eller anmeldere er uskyldige. I hvertfall ikke når det gjel-

Foto: Klassekampen

Hjemmet skal være et skatteobjekt for staten, mener Venstre.

Nynorsk og bokmål i same lærebok

BØKER

I EIN artikkel i avisas drøftar Bjørn Brænd bruken av fellesspråklege bøker i den vidaregåande skulen. Brænd stil-ler spørsmål om bruken av desse bøke-ne gjev dålegare eksamensresultat og ekstra læreproblem for elevar med lese- og skrivevanskar.

Ordninga med fellesspråklige lærebøker (bokmål og nynorsk i same bok) er ei gammal ordning. Heilt frå 70-talet har elevar i små faggrupper brukt slike bøker. I dag er alle elevkull med mindre enn 300 elevar omfatta av ordninga. I tillegg går det føre seg eit toårig forsøksprosjekt i faga samfunnslære og kosthald. Dette forsøket omfatter alle elevar i den vidaregåande skulen.

Til vanleg skal alle lærebøker kome både på nynorsk og bokmål. Men for fag med mindre enn 300 elevar er det tale om eit så lite elevgrunnlag at ingen

forlag ynskjer å gje ut bøker. Det er ikkje økonomisk lønsamt. Staten yter difor årleg store tilskot til lærebokproduksjon. For at dei språklege rettane skal vere sikra, vart det sett i gong ei ordning med språkblanda lærebøker.

Ordninga er ikkje særleg populær blandt elevane. Elevane ynskjer primært lærebøker på eiga målform. Det gjer også Noregs Mållag, men vi godtek likevel ordninga med fellesspråklege lærebøker for fag under 300 elevar, fordi dette ser ut til å vere einaste måten ein kan sikre at både fagbøker kjem og dei språklege rettane vert tekne vare på.

Fellesspråklege lærebøker kan verke positivt for språkforståinga hjå elevane. Elevar med bokmål som hovudmål får større kjennskap til det nynorske skriftspråket, noko som i sin tur lettar side-målsopplæringa.

Mange ser ut til å tru at elevar med lese og skrivevanskar ville få det lettare med berre ei målform. Dette er feil. Det

er ikkje påvist elevar med lese- og skrivevanskar får det lettare med ei slik undervisning. Problema deira skriv seg frå heilt andre årsaker og ein lyt finne andre måtar å løyse desse på. Ei løysing er å utvikle fleire spesialhjelpemiddel.

Dårlege eksamsresultat i norsk skriv seg frå manglande kunnskapar og forståing for norskfaget. Dei som meis-trar hovudmålet godt gjer det godt også i sidemålet. Dei som gjer det dårlig, får dårlig karakter både i hovudmål og sidemål. Men frå karakterstatistikken i norsk veit vi også at elevar med norsk til hovudmål får betre karakter enn ele-var med bokmål. Gjerne opp mot ein heil karakter høgare både i hovudmål og sidemål. For dei som er opptekne av gode karakterar kan det såleis vere ein ide å bruke nynorsk til hovudmål.

ATLE FAYE
dagleg leiar i Noregs Mållag

Sårbar bjørnestamme

ROVDYR

I KLASSEKAMPEN 2/8.96 skrev en sauebonde et motinnlegg til Steinar Lem under tittelen «Tull om bjørn». Han skriver at bl.a. bjørnestammen er i vekst, og at den derfor bør jaktes på. Slik unngår man rovdyreneres herjinger med sau, mener bonden.

Det er godt mulig at bjørnestamme-

vi vet alle at den er svært sårbar, og at den fortsatt er liten. Derfor bør de forvaltningsansvarlige gå svært varsomt fram.

Bjørnen blir spesielt sett på som det store udyret i forhold til sauedrap. Det forunderer med at sauebøndene ikke legger merke til sine egne herjinger med sau. Er det f.eks. forsvarlig overfor sauene at de økonomiske interessene ivaretas før dyre. For bøndene har jo full mulighet til å sette gjeterne ut til å næ på sauene sine. Men det ser ut til

at det lønner seg mer med statlige erstatninger for sauedrapene.

Sammenlignet med mennesket driver bjørnen slett ingen rovdrift på naturen. Bjørnen dreper kun det som er nødvendig for dens eksistens. Men siden vi mennesker ønsker å ha muligheten til å spise så mye saukjøtt, og brukarøve bjørnen dens leveområder.

NATALIE KRISTIN DAHL
Noah for dyrs rettigheter

Gro og Glad

YTRING

Statministeren og NHO-sjefen deler tilsyn – de tror begge på vekst og venn. «Jeg tror ikke økonomisk vekst står i motsetning til et triveligere miljø rundt oss. Jeg mener neller tvert i mot», sier Kari Glad i sommernummere til bladet «Miljø Strategi».

Star denne troen på trygg grunn? Nei, norsk økonomi utvikler seg påfallende uokologisk:

1. Vi forbruker klart mer av de varer og tjenester som direkte eller indirekte belaster miljø og ressurser mest: biler, flyreiser, kjøtt og elektrisk strøm. Forbruket av de mindre miljøbelastende tjenestene øker lite.

